



Universitetet i Bergen

Institutt for lingvistiske, literære og estetiske studiar

Mastergradsoppgåve i nordisk litteratur

Kulturelt eigarskap gjennom undergang og gullalder

*Ei studie i bruken av litteraturen i det nazistiske tidsskriftet
Ragnarok*

Knut Matias Berg

2022

Forord

Først og fremst vil eg takke min rettleiar Eirik Vassenden for ikkje berre å ha peila meg inn på studieobjektet i denne masteroppgåva, men også for utrolig god og fruktbar rettleiing, samt nokre fantastiske og givande år som ein av hovudforelesarane på Nordisk litteratur.

Eg vil også takke min elskede kjæreste og beste venn Regine for korrekturlesing, støtte, givande samtalar, råd, og ikkje minst all latteren.

Takk til sjåpa-gjengen og mine beste venar: Ingrid, Siri, Saher, Ina og Iben.

Eg vil også takke den fantastiske gjengen som utgjer kantina på Sydneshaugen og kaféen på HF-Biblioteket, og då særleg Lise og Nihat som alltid er med på å gjere dagen og studiane betre gjennom samtalar, smil og humør!

Takk til administrasjonen på LLE og særleg Signe som i desperate stunder har redda studiane mine. Takk også til gjengen i arkivet på HF som under nedstenging pga. korona skanna og sendte materiale.

Ein særleg stor takk går til min elskede mor og søster. Utan mamma hadde det ikkje gått, og eg er evig takksam for all støtte og kjærleik. Takk også til min familie.

Takk til farmor og bestefar som gikk bort under produksjonen. Takk for alt dokker har lært meg! Dokker var begge tenåringer under krigen, og måtte høgreekstemismen aldri nå dei høgdene som dokker opplevde!

Til sist vil eg takke meg sjølv for å ha haldt ut gjennom denne produksjonen som har vore prega av sorg, kronisk migrrene og vanskelege tider.

Innhald

| | |
|--|-----------|
| Samandrag..... | iv |
| Innleiing | 1 |
| Metode | 2 |
| Kunst i kamp | 6 |
| Avgrensing av problemstilling..... | 11 |
| Teori | 12 |
| Litteraturhistorie | 12 |
| Mellomkrigstida som litteraturhistorisk laboratorium | 13 |
| Groth sin litteraturhistorie..... | 14 |
| Kritisk teori og Frankfurterskolen | 17 |
| Mot ein ragnaroksk kanon | 21 |
| Kapittel 1..... | 23 |
| Kort om bakgrunnen for tidsskriftet | 23 |
| Ei tett samansveisa gruppe | 25 |
| Det ariske Ragnarok..... | 26 |
| Verdikampen på 1930 | 28 |
| Undergangen | 30 |
| Ragnarok og litteraturen | 31 |
| Fienden til den stoiske mannsfiguren | 36 |
| Rasespesifikk imperialisme | 37 |
| Den store teoretikaren | 42 |
| Generelle trekk frå mellomkrigstida | 48 |
| Kapittel 2..... | 52 |
| Eit skisma med Tyskland? | 52 |
| Folkets framtid | 55 |
| Forsøk på forsoning | 61 |
| Det ekte i litteraturen | 64 |
| Nasjonal splid..... | 66 |
| Den germanske kampånda | 69 |
| Imerslund som forbilde og martyr | 74 |
| Minneord til Per | 75 |

| | |
|--|------------|
| Det norrøne idol | 79 |
| Kapittel 3..... | 81 |
| Ragnarok si klagesong | 81 |
| Sluttens radikale motsetningar..... | 81 |
| Sjølvkritikk?..... | 84 |
| Eit skifte i narrativet..... | 86 |
| Ragnarok og årets Nobelprisvinnar i litteratur 1944..... | 88 |
| Ragnarok og ungdommen..... | 91 |
| Konklusjon og funn..... | 93 |
| Korleis eige kulturen? | 93 |
| Ekkokammeret Ragnarok..... | 94 |
| Ein ragnaroksk kanon? Tema for vidare forsking..... | 96 |
| Profesjonsrelevans | 100 |
| Litteratur | 102 |
| Digitale kjelder..... | 104 |
| Ragnarok | 106 |

Samandrag

Denne masteroppgåva er ei litterær studie i det nazistiske tidsskriftet *Ragnarok* som kom ut i perioden 1935 til 1945. Fleire av bidragsytarane bak tidsskriftet hadde vore medlem av Nasjonal Samling, men meldte seg ut i protest mot at partiet ikkje hadde nok fokus på blant anna rase. Tidsskriftet oppstod som ein protest mot leiinga og den ideologiske retninga i Nasjonal Samling, men mest av alt var *Ragnarok* eit talerøyr for norske og internasjonale nazistar. Som med nazismen generelt var *Ragnarok* djupt rasistisk, kvinnefiendtleg, homofobisk, konspiratorisk, antidemokratisk, antisemittisk og imperialistisk. *Ragnarok* kan karakteriserast som eit allmennkulturelt tidsskrift. I *Ragnarok* blei det drøfta kulturelle, sosiale, økonomiske, politiske, religiøse og vitskaplege saker, både aktuelle og eldre. Tidsskriftet trykka artiklar, lesarinnlegg, kåseri, brev frå fronten (under krigen), biografiar og karikaturar (ofte rasistiske). I tillegg hadde tidsskriftet ei fast spalte som omtalte bøker, samt at det ofte blei trykka analysar av litteratur og andre kunstnariske uttrykk – både av faste spaltistar og eingongsinnsendarar. Artiklane og innlegga kunne handle om det aller meste, og spegla ofte samtidia rundt seg. Det som karakteriserer tidsskriftet er den store og utstrekke brukten av litteraturen – både samtidig og eldre. Litteraturen blei bevisst brukt for å skape eit narrativ omkring det autentiske norske, ta eigarskap over kulturen, peike ut fiendar, hindre sjølverklært undergang og skildre gullalderen som skulle kome.

This master's thesis is a literary study of the Nazi journal *Ragnarok*, which was published between 1935 and 1945. Several the contributors behind the journal had been members of the Norwegian fascist party "Nasjonal Samling", but resigned from the party on the grounds of it not having sufficient focus on race, amongst other things. The journal was founded as a protest against the party's leadership and ideological direction, but mainly it was, and became, a mouthpiece for Norwegian and international Nazis. *Ragnarok* followed the prevailing Nazi views, and was deeply racist, misogynistic, homophobic, conspiratorial, anti-democratic, anti-Semitic, and imperialistic. Furthermore, *Ragnarok* can be characterized as a general cultural journal. Within its pages, cultural, social, economic, politic, religious, and scientific issues, and topics, were discussed – both current and past. *Ragnarok* printed and published articles, letters to the editor, causeries, letters from the front (during the war), biographies, and caricatures (that often were racist). What's more, the journal held a regular column which reviewed books. In addition to this, analyses and studies of literature, and other artistic expressions, were printed throughout its lifespan, both by recurring and occasional writers. The articles and posts could relate to most events, and often emulated the

general society. That which characterises *Ragnarok* is the widespread use of literature, which includes ancient, medieval, early modern, and (the journals own) contemporary literature. The use of literature was intentional, and it was utilised to create a narrative around the authentic Norwegian, take ownership over the culture, point out enemies, prevent the self-proclaimed doom, and usher in the coming golden age.

Innleiing

I denne masteroppgåva skal eg omtale det nazistiske tidsskriftet *Ragnarok* som blei til i mellomkrigstida, og som var aktivt fram til mai 1945. Tidsskriftet oppstod som ein reaksjon på Nasjonal Samling, men først og fremst skulle det påverke det norske og nordiske samfunnet i ei nazistisk retning. *Ragnarok* var eit allmennkulturelt månadleg tidsskrift som omtala politiske, sosiale, kulturelle, religiøse, økonomiske tema. Det som kjenneteiknar tidsskriftet er den utstreckte bruken og referansane til litteraturen, og det var gjennom litteraturen at kretsen bak *Ragnarok* fann svara og spørsmåla til mange av sine avhandlingar. *Ragnarok* kom ut i 11 årgangar og hadde fleire redaktørar. Den mest sentrale var nazisten Hans Solgaard Jacobsen (1901 – 1980). Av yrke var han sosialøkonom, skipsmeklar, politikar og forlagseigar. Jacobsen var eigar av forlaget som gav ut tidsskriftet, og var også første og lengstsittande redaktør. Utdanninga si hadde han tatt i Tyskland. Fram til krigen heitte forlaget Ragnaroks Forlag, og frå 1940 Kamban Forlag. Kamban Forlag gav ut ei rekke bøker under krigen. Jacobsen var heftig inspirert av SS, og blei på kort tid eit høgtståande medlem av NS. Jacobsen prøvde å påverke NS med blant anna rasetenking, men han møtte motstand frå den kristne fløya i partiet. Jacobsen meldte seg ut i januar 1935 då han ikkje fekk gjennomslag for sine meiningar.¹ To månader seinare, i mars 1935 kom første hefte av *Ragnarok* ut. Det fanst fleire sentrale skikkelsar i tidsskriftet sin indre kjerne. Nokre av desse var Per Imerslund, Geir Tveitt, Tor Strand, Albert Wiesener, Johan Bernhard Hjort og Stein Barth-Heyerdahl. Kvinner var så å seie ekskludert frå å delta i tidsskriftet, og blei berre nemnt i samband med å føre menneskerasen vidare, eller som døme på moralsk og ideologisk undergang.

Betydninga bak namnet *Ragnarok* hadde fleire nyansar. Nazismen tek som kjent i bruk norrøn estetikk og uttrykk, og i norrøn mytolog er ragnarok namnet på verdas undergang. Forsida og mellom sidene av *Ragnarok* er ofte prega av runa: *, som blir omtala for *Hagalruna*, samt ein versjon av svastikaen som står i eld. Bakgrunnen for valet av namnet på tidsskriftet var gjennomtenkt, og spegla bidragsytarane sine syn. I programerklæringa i den aller første utgjevinga står det: [...] Ragnarok har mer enn èn betydning, utan derfor å være Janus. Bl. a. er det en rekke guder som skal styrtes. Og det koster kamp.»² Forfattarane knyt band ikkje berre til den norrøne mytologien, men også den romerske. Dei brukar det

¹ Emberland og Roughtvedt. *Det ariske idol. Forfatteren, eventyreren og nazisten Per Imerslund*, s. 208 – 210.

² *Ragnarok*, Hefte 1, mars 1935, s. 1 – 2.

romerske imperium, og vikingane. Janus var den romerske guden for all byrjing, og forfattarane knyt formålet med tidsskriftet til det som skal oppstå etter undergangen. Gjennom tittelen og valet av den erklærer forfattarane at enden er nær, og at det er dei som skal stå for den nye ordenen etter at oska har lagt seg.

Det det gjort fleire historiske undersøkingar av tidsskriftet, og det er brukt som kjeldegrunnlag. Emberland og Roughtvedt brukte det då dei skreiv biografien *Det ariske Idol*, om nazisten Per Imerslund. I tillegg brukte Emberland og Kott tidsskriftet som kjelde i *Himmlers Norge. Nordmenn i det storgermanske riket*. Eg brukar både *Det ariske idol* og *Himmlers Norge. Nordmenn i det storgermanske riket* som kjelder til dei biografiske delane i masteroppgåva, og begge er til god hjelp med detaljar omkring t.d. Hans S. Jacobsen. Derimot finst det ikkje litterær forsking på tidsskriftet i større omfang – før nå. Målet er å anvende litteratur- og kritikkteori på omtalar, debattinnlegg, leiarartiklar, programerklæringar frå tidsskriftet, idébaserte essays, samt retorisk og tematisk analyse. Målet er å avdekke korleis litteraturen blei brukt for å utvikle ein nordisk/norsk nazisme, og peike ut gullalderperspektiv, verdisyn, fiendebilde, i tillegg til samfunnet i og rundt tidsskriftet.

Metode

Avhandlinga skal stå mellom tidsskriftstudie og litterær analyse. Resultatet av den vil vere ein analyse av retorikk, estetikk og ideologi. Ved å analysere hovudsakeleg redaksjonelle føringar og programerklæringar skal eg avdekke litteratursynet, og dermed verdisyn og -grunnlag til kretsen rundt *Ragnarok*. Det er forska mykje på fascistisk og nazistisk litteratur, og eg skal presentere ei studie nedlagt i forsking på tidsskrift og reaksjonær litteratur. I avhandlinga skal eg sjå på *Ragnarok* sine tre ulike fasar: før krigen, som ein reaksjon på invasjonen av Noreg, og under krigen. Tidsskriftet blei utgitt over 11 årgangar, fem av dei under okkupasjonen. Under okkupasjonen fekk *Ragnarok* ei plutselig legitimering, og dermed ei heilt anna ordlyd, av det reaksjonære Tyskland gjennom statsapparatet som blei satt i gang under tysk kontroll. Lesing og resepsjonsanalyse i tidsskriftet sine ulike fasar vil avdekke ideologigrunnlaget på ulike stadium. Gjennom dei ti åra kanoniserte tidsskriftet seg sjølv og litteraturen, med god hjelp av legitimeringa som okkupasjonen og regimet førte til. Sissel Furuseth skriv at tidsskrifta skapar sin eigen mytologi, forma av minneverdige situasjonar, relasjonar og konfliktlinjer.³ Relasjonar og konfliktlinjer er nøkkelord for *Ragnarok*. I spalta «Hvad man sier om «Ragnarok» kan vi lese små utdrag frå avisar og andre

³ Furuseth, «Det litterære tidsskrift som analyseobjekt og historisk kilde», s. 294.

tidsskrift, samt innsendt hyllest, slakt, ueinigheit, fordømming, opposisjon osv. Her skriv til dømes Knut Hamsun: «Jeg har glædet mig over det helt igjennem utmerkede Maanedsskrift med de fængslende Artikler.» Vidare skriv tidsskriftet *Minerva*: «Det vil på nasjonal basis ta standpunkt til tidens spørsmål. At bladet har en stor misjon å utrette er utvilsomt. Nettop et slikt ungdommens organ som uredd sier fra, uhemmet av partipolitiske hensyn, trenger vi mer enn noensinne» I tillegg kunne Nordland Arbeiderblad skrive: «Et forferdelig naziorgan! Kommunistavisen (*Ragnarok* sin anmerkning).⁴ Gjennom slike typar spaltar kunne *Ragnarok* skape sin eigen mytologi ved å vise til både positive og negative reaksjonar, og dermed plassere seg sjølv i offentlegheita.

Å forske på tidsskrift gir ei unik innsikt i tiden då det kom ut, og det litterære i *Ragnarok* har ikkje så langt eg kan finne ut vore objekt for ei litterær studie. Ved å kombinere forsking på redaksjonelle føringar og programerklæringer skal eg avdekke den nordiske nazismen og kva målet til redaksjonen (og kretsen) er. Sissel Furuseth fastslår at tidsskriftene sin spesifikke historie «[...] må fortolkes som underordnet en idéhistorisk, politisk og samfunnsmessig historie; de periodiske publikasjonene utgjør observasjonsposter i samfunnet hvorfra de retter blikket ut mot sine omgivelser.»⁵ *Ragnarok* er eit allmennkulturelt tidsskrift, men med ei sterk dragning mot det litterære og estetiske. Utanom det store fokuset på litteraturen, inneheld tidsskriftet blant anna referat frå konferansar om eugenikk, lesarbrev, augevitneskildringar frå den spanske borgarkrigen og brev frå frontkjemparane. Det litterære gjer seg utslag i blant anna innsendte dikt, litterære analysar, utallige litterære referansar, og ei fast spalte med bokomtale. Tidsskriftet er dermed ikkje berre tilskodar i si eiga samtid og historie, men også deltarar. Det skriv ikkje berre sitt eige narrativ, men tek også eigarskap over historia. Eit døme kan vere korleis *Ragnarok* omtalar nasjonalkunstnarar som J. C. Dahl og Gustav Vigeland. Dette peiker Furuseth på, og ho presenterer metodiske implikasjonar for tidsskriftforskaren. Ho hevdar at tidsskrifta vender merksemd mot både seg sjølv og kulturen omkring, og derfor kan dei både vere gull- og fallgruver om vi ikkje tek omsyn til publikasjonane sin eigenart og kommunikasjonssituasjon.⁶ I dette perspektivet avslørar tidsskrifta seg sjølv gjennom markør for eigen fortid, samtid og framtid. Dette kan vi lese ikkje berre i *Ragnarok* si kritikk, men også kommentarar i andre samtidige tidsskrift. Furuseth skriv at det derfor er nødvendig å: [...] historisere tidsskriftene som sådan, dvs. som

⁴ *Ragnarok*, «Hvad man sier om ‘Ragnarok’» Hefte 2, mars 1938, s. 46 – 47.

⁵ Furuseth, «Det litterære tidsskrift som analyseobjekt og historisk kilde», 284.

⁶ Furuseth, 284.

format, som kritisk intervensjon, og som gruppemarkering og selvfortolkende handlinger.»⁷ På denne måten blir tidsskrift både ekkokamre og kommentarer til andre: før olympiaden i Berlin 1936 trykka *Ragnarok* eit opent brev frå Nordahl Grieg til den svenske nazi-sympatisøren Sven Hedin. Brevet stod originalt på trykk i Grieg sitt eige tidsskrift *Veien Frem* i februar 1936. Hedin skulle halde tale på olympiaden på vegne for Europa. Grieg refererer til eit fotografi frå Garmisch-Partenkirchen av ein plakat med: «Jødar ingen adgang», og Grieg oppfordrar Hedin til stå og rope imot jødehatet. På vegne av Hedin trykka *Ragnarok* på neste side eit svar på Grieg sitt opne brev (om Hedin var viss om dette veit vi ikkje). I brevet tek redaksjonen Hedin i forsvar, og oppfordrar ham til å halde fram med talen.⁸ *Ragnarok* trykka altså eit innlegg frå Grieg sitt tidsskrift *Veien Frem*. Under Grieg sitt brev skriv *Ragnarok*: «(‘Veien Frem’, nytt semittisk-marxistisk tidsskrift for de gamle unge, Oslo, februar 1936.)»⁹ Tidsskriftet svarar Grieg, og retter seg mot sine eigne leserar. Det spelar på jødehatet og førestillinga om at nazismen hadde redda Europa frå marxismen og den jødiske konspirasjonen: «Den mest uædle av all strid: Klassekampen – utsprunget fra en tysk jødes syke sinn.»¹⁰ På denne måten markerer tidsskriftet seg sjølv, og Furuseth skriv at tidsskrifta ikkje berre er «[...] rapportører, men også handlende aktører som posisjonerer seg i sin samtid offentlighet med en sterk vilje til å forme historien selv og til å sette premissene for lesernes litterære resepsjon.»¹¹ Her har redaksjonen henta fram Grieg sitt brev, og brukta det til å konstruere si eiga historieformidling. Det sverter jødar, Grieg og Marx, alle sett på som representantar for «dødens parasitter»¹². Dette er del av *Ragnarok* sin kritikk og målet til redaksjonen er kamp om kultur og politikk; dei stilte seg i fortroppen av politiske krigarar.

Videre skriv Furuseth:

[...] tidsskriftene og deres historie kan analyseres retorisk; de enkelte publikasjonene oppstår som svar på påtrengende problemer eller behov i en gitt retorisk situasjon. Uttrykksbehovet kan oppleves akutt eller ha modnet frem over lengre tid.¹³

Tidsskriftet sine haldingar skin gjennom. Furuseth framhevar Felix Vodička som ser på bokomtalar og kritikk som ei uvurderleg kjelde til forståinga av litteratur- og resepsjonshistorie.¹⁴ Eg må påpeike at utdraget frå *Ragnarok* ikkje er ein bokomtale, men eit

⁷ Furuseth, 284 – 285.

⁸ Nordahl Grieg, attgjeve i: *Ragnarok*, «Åpent brev til Sven Hedin», Hefte 1, mars 1936, 16.

⁹ *Ragnarok*, Hefte 1, mars 1936, 16.

¹⁰ *Ragnarok*, «Svar, Sven Hedin», Hefte 1, mars 1936, 17.

¹¹ Furuseth, «Det litterære tidsskrift som analyseobjekt og historisk kilde», 284.

¹² *Ragnarok*, «Svar, Sven Hedin», Hefte 1, mars 1936, 17.

¹³ Furuseth, «Det litterære tidsskrift som analyseobjekt og historisk kilde», 290.

¹⁴ Furuseth, 290.

innlegg frå redaksjonen. Det kan uansett analyserast retorisk, og er del av å avdekke verdisynet, programerklæringa og tidsskriftet sine ulike fasar. Breva stod på trykk i 1936, lenge før krigen tok til.

Metoden for avhandlinga er litterær analyse, og eg skal for det meste framheve litterære uttrykk gjennom blant anna kritikk, bruk og lesing av litteratur og kunst i tidsskriftet. For å avdekke *Ragnarok* sitt ideologiske manifest skal eg ta i bruk teori på leiar- og redaksjonelle føringsartiklar, samt omtalar og referansar (skjulte og markerte) av bøker, drama, lyrikk og anna kunst.

Litterære fellesskap

Tanken om tidsskrift som eit litterært fellesskap stammer frå tidsskriftet *Athenaeum* (1798 – 1800)¹⁵, og avhandlinga mi vil også avdekke kva for eit fellesskap ein kan tale om i *Ragnarok*. I *Kritiske portrett* spør Marit Grøtta korleis størrelsen «fellesskap» skal tenkast og i kva grad det fører med seg eit autoritært element. Bakgrunnen for å tenke størrelsen «fellesskap» på nytt er den postkommunistiske tidsalderen. Nancy, Blanchot og Agamben tenkte seg eit fellesskap som gav rom til skilnadar og fridom, og står til opposisjon til likskap, konsensus og innordning. Dette er avhengig av at fellesskapet ikkje blir gitt ein fast identitet og ei teleologisk målsetting.¹⁶ I dette perspektivet hamnar *Ragnarok* i kategorien «fast identitet og teleologisk målsetting». Grøtta hevdar at *Athenaeum* står fram som det ultimate litterære fellesskapet, og at det inspirerte tidskifta i generasjonane som kom seinare.¹⁷ Det litterære fellesskapet eksisterer i *Ragnarok*, men det er derimot ein motpol til tidsskrift som arena for meiningskilnadar og samtale, *Ragnarok* er eit rigid og autokratisk tidsskrift, og det står ikkje noko i vegn for å sensurere og sverte folkeslag, meiningsmotstandarar osv. Ved å t.d. trykke spalta «Hvad man sier om «Ragnarok», definerer *Ragnarok* seg sjølv ved å seie kva dei *ikkje* er, og skapar også med dette eit fellesskap. Dei identifiserer seg sjølv gjennom augna til meiningsmotstandarar og -tilhengarar, som i dømet med Nordlands Arbeiderblad, Minerva og Hamsun.

Kritiske portretter

For å forstå sjølve *tidsskriftet «Ragnarok»* skal eg nytte *Kritiske portretter. Litterære tidsskrifter etter 1880*. Boka er ei samling artiklar der fleire forskarar diskuterer litterære tidsskrift sine roller og funksjonar frå 1880-talet til i dag. *Kritiske portretter* skal bidra til

¹⁵ Grøtta, «Romantisk tidsskriftideologi», 29.

¹⁶ Grøtta, 30.

¹⁷ Grøtta, 30.

delen i avhandlinga om tidsskriftstudie. Ein grunnleggande del i studiar av tidsskrift er å avdekke aktørane rundt og bak tidsskriftet. Redaktørane av *Kritiske portretter* skriv at tidsskrifta er forvaltarar av si eiga historie, og at for mange (tidsskrift)redaktørar er «[...] viljen til å reflektere historisk omkring tidsskriftets samfunnsmessige rolle og betydningen av en velfungerende kritisk offentlighet å være en hoveddrivkraft bak virksomheten».¹⁸ Nå skal det stillast spørsmål ved om redaktørar og lesarar av høgreekstreme forum setjar pris på ei velfungerande kritisk offentlegheit, men redaktørane i *Ragnarok* hadde klare og tydelege refleksjonar omkring kva for ei samfunnsmessig rolle tidsskriftet skulle ha. Artiklane eg har vald ut har ein fellesnemnar: redaktør Hans S. Jacobsen. Utvalet av leiarartiklane som masteroppgåva mi tek for seg vil avdekke ekkokammeret som blei skapt, og kanoniseringa av den. Studien av artiklane skal avdekke tidsskriftet sin historiske refleksjon, og samfunnsmessige rolle. Kort vil eg nemne at sjølv sagt i ein tidsskriftstudie er det sentralt å forske på kven som står rundt og bak tidsskriftet, men det er også fruktbart å ta eit blikk på opplag, det vil si kven som faktisk leser og abонnerer på tidsskriftet.

Kunst i kamp

Ragnarok er kampen mellom gudane i norrøn mytologi. Erik Tonning skriv om nazismen sin konstante kamp i *Kunst i Kamp* som blei utgitt i samband med utstillinga med same namn på KODE i Bergen mellom september 2015 til februar 2017. Tonning skriv at « [...] konstant og altomfattende kamp står sentralt i nazismens forestillingsverden».¹⁹ I Hitler sin *Mein Kampf* opptrer ordet *kamp* på kvar einaste side, og Tonning refererer til Felicity Rash som påpeiker at det ofte er uklart om det er snakk om faktiske krigshandlingar, eller metaforisk kamp. Vidare skriv Tonning av Hitler framhevar propaganda som eit av dei viktigaste våpena i denne krigen.²⁰ Det fleirsidige i ordet *kamp* kan vi også finne i Ragnarok, som vi kan sjå gjennom eit raskt blick på programerklæringa i første utgåve: «[...] Ragnarok har mer enn én betydning, utan derfor å være Janus. Bl. a. er det en rekke guder som skal styrtes. Og det koster kamp.»²¹ Som Tonning skriv er det ikkje heilt klart om det er snakk om å utøve vald, eller om det er snakk om ein metaforisk kamp, ein kamp om kultur og politikk. Det er tydeleg at *Ragnarok* har som mål å kjempe begge desse kampane. Anten å appellere lesarane (og seg sjølv) til faktiske valdshandlingar, eller kampen som kulturformidlar i ei slagmark der marxistar og jødar er fienden. Denne kampen er ein parallel til dei tyske nazistane sin kamp.

¹⁸ Furuseth, Thon og Vassenden, «Tidsskrift, kritikk, historie – en innledning», *Kritiske portretter*, 10.

¹⁹ Tonning, «Kunst, kamp og apokalypse – Nazismens kunstsystem», 180.

²⁰ Tonning, 180.

²¹ Ragnarok, 1. årgang, Hefte 1, mars 1935, 1 – 2.

Rash hevdar at den politiske kampen blei gitt ei vidare tyding, som ein del av «kampen for tilværelsen», («Existenzkampf», «Lebenskampf» og «Kampf ums dasein»).²² Ein sentral dimensjon i NSDAP og SS sine tankegods er sosialdarwinismen, og jøden var som kjent fienden. På same måte som i *Mein Kampf* konstruerer Ragnarok eit fiendebilde. Fiendebildet i Ragnarok skal blir avdekka ganske eksplisitt av leiarartiklar, kommentarar, omtalar, bidrag, og lesarinnlegg – med andre ord det meste som får plass i tidsskriftet. Ved å anvende teori frå fleire hald om nazistisk og fascistisk litteratur og kunst skal avhandlinga avdekke den nordiske/norske nazismen. I *Ragnarok* blei «Kampen for tilværelsen» ein arena for bidragsytarane å kjempe for det dei hevda var den rette og sterkaste kulturen og politikken i eit «hav» av marxistar og jødar. Fienden blir på denne måten kultureliten i den samtidige norske offentlegheita, i tillegg til jødar, marxistar, dei etablerte media og meiningsmotstandarar. Kampen i *Ragnarok* blei ein idépolitisk og kulturpolitisk kamp, men spørsmålet blir då om det faktisk fekk nedslag, eller om tidsskriftet representerte eit ekkokammar for høggreekstreme som berre dreiv med utveksling av ekstreme idéar og haldningar. Eller er dette ein måte å sjå på historia med augne frå notida?

Entartet kunst

For å avdekke nazismen til kretsen rundt *Ragnarok* er det mogleg å framheve synet på kunst i tidsskriftet, og samanlikne det med kunstutstillingar i Noreg og Tyskland på same tid. Lenar desse utstillingane seg mot ein tysk eller norsk nazisme? Ragnarok sin kamp blei som nemnt også ein kamp om kulturen, og dei brukar utstillingane til å fremje eigne meiningar. *Ragnarok* kunne finne undergangen gjennom kunsten gjennom alle dei ti åra. Nazismen laga ei førestilling om at den germanske kunsten var infisert av bolsjevikar og jødar. Hovudfiendane var -ismane, særleg avskydd var *ekspresjonismen* og *kubismen*, representert ved Braque og Picasso, kubismen sine opphavspersonar.²³ (Verken Braque eller Picasso hadde jødiske opphav). Kretsen rundt *Ragnarok* følja same modell og blei ein kopi av dei tyske nazistane sin behandling av kunst og kunstnarar. Ragnarok sitt fokus på undergang og gullalder får gjenlyd i retorikken omkring undergangen i blant anna kulturen. Denne undergangen blei ikkje overraskande jødane tiltala for. Dette synet delte Søren Onsager, som var direktør for Nasjonalgalleriet under okkupasjonen. Onsager var kunstmalar, og som medlem av NS blei han utnemna til professor ved Kunstakademiet, og i 1941 blei han tilsett

²² Rash, sitert i Tonning, «Kunst, kamp og apokalypse – Nazismens kunstsysteem», 180.

²³ Kongssund, «Kunst og ukunst – En moderne billedstorm», 82.

av NS som direktør for Nasjonalgalleriet²⁴, og den 24. april 1942 opna han utstillinga «Kunst og ukunst» på Nasjonalgalleriet. Utstillinga vart inspirert av to store utstillingar i München fem år tidlegare, den eine med namn *Entartete Kunst* (dekadent og degenerert kunst), som er termen for forfølginga av ikkje-naturalistisk kunst før og under krigen.²⁵ Utstillingane i Tyskland trakk eit skilje mellom «stor tysk kunst» og «entartet kunst», og Onsager si utstilling skulle ha same funksjon, men med norsk kunst. Anita Kongssund skriv at ifølge NS sin kulturminister Gulbrand Lunde «[...] led norsk kulturliv av en allmenn dekadanse, og utstillingen var ment som det første steget mot en total omveltning for billedkunstens vedkommende.»²⁶ I Samband med utstillinga, som Onsager kurerte på oppdrag av NS, skreiv han eit innlegg i *Ragnarok*. Han opnar artikkelen med å åtvare lesarane mot eit anslag på den europeiske kulturen:

Den «entartede kunst innebærer en bevist nedbrytende tendens. Jødisk-bolshevikiske kunstnere har fra første stund ledet den [...] – den er intet mindre enn et anslag på den europeiske kultur. Den viser altid en bevist oppløsende tendens ved sin forakt for det håndverkelige grunnlag, ved deformering og disharmonering av all skjønn form, farve og linje, mangler aldeles alt dypere menneskeligt, skjønt eller etisk innhold.»²⁷

Onsager tiltalar jødiske bolsjevikar for å bryte ned den europeiske kulturen. Onsager hevdar den norske kulturarven er under trugslar frå utanlandske krefter, og han skapar (på same måte som nazistane i Tyskland) eit narrativ om dekadanse og undergang for å verne om «den ekte nordisk-germanske kunsten», som er det stikk motsette av all moderne -*isme*-kunst. Onsager skriv vidare at den «entartede» kunsten går laus på kristendommen med hånande, rå og latterleggjерande karikatur. Vidare gjer han eit poeng ut av «[...] at det altid er det nye testamentet som behandles. De jødiske gammeltestamentlige legender får være i fred.»²⁸ Dette er også meningar og haldningar som blir spegl av både redaktøren og lesarane av *Ragnarok*, og uttrykket «ekkokammer» gjer seg gjeldande. Seinare skal vi sjå at desse meningane rådde allereie frå byrjinga av tidsskriftet. Vidare hevdar Kongssund: «Det fantes ingen mal eller instruksjon som definerte nazistenes kunstsyn, noe som ga rom for lokale variasjoner.»²⁹ Onsager hadde t.d. ein eigen kategori som han kalla for «svak» og «total likegyldige» verk. Desse verka blei ikkje sett på som entartete, men Onsager meinte at dei

²⁴ Lorck, «Søren Onsager», SNL.

²⁵ Tschudi-Madsen, «Entartete Kunst», SNL.

²⁶ Søren Onsager, sitert i Kongssund, I «Kunst og ukunst – En moderne billedstorm», 77.

²⁷ Onsaker, «Om «entartet» kunst», 43.

²⁸ Onsaker, 43.

²⁹ Kongssund, «Kunst og ukunst – En moderne billedstorm», 92.

ikkje levde opp til Nasjonalgalleriet sin standard.³⁰ I Tyskland blei all kunst av jødiske artistar sett på som entartete, men i Nasjonalgalleriet sin «Kunst og ukunst» blei «fullblodsjøden»³¹ Isaac Grünewald representert med både «svak» og «entartet» verk.³² Malen for NS og Onsager blei derimot å skape eit nytt samfunnsbilde. Kongssund knyt dette til kravet om ein ny og rein kunst som del av ein samfunnskritikk. Nazistane assoserte modernistiske kunststraumar med anti-nasjonalistiske, progressive, radikale og venstreorienterte rørsler. Nazistane og den norske utstillinga kritiserte den aksepterte kunsten og landa som før krigen hadde vore sosialdemokrati. Det blei påstått at desse hadde blitt påverka av «jødisk kapitalisme» og derfor moralsk korrupt.³³ Onsager er veldig krass i sin artikkel om dette moralske og kulturelle forfallet, og legger all «skyld» på jødar. Det er interessant at Onsager derfor stilte ut et verk av ein jødisk artist under kategorien «svak» kunst, og ikkje «entartet» kunst – med andre ord degenerert kunst, som nazistane gjorde i Tyskland.

Nordahl Grieg sitt tidsskrift *Veien videre* kom ut i perioden 1936-37, og Grieg var sjølv redaktør. Tidsskriftet var anti-fascistisk, og Grieg såg det som eit behov for å kjempe mot høggreekstremisme og krig:

En ny verdenskrig regnes for uundgåelig, en katastrofe som kan utslette hele vår civilisasjon. Som det var å vente, er fascistene, kapitalismens stormtropper, gått i spissen. [...] Det er bare én vei å gå. Kamp mot krigen og det samfund som fører til fascism og krig.³⁴

Kristoffer Jul-Larsen skriv om kritikkens sjanger i *Kritiske portretter*. *Veien frem* trykte også artiklar som dreia seg om kunst. Jul-Larsen skriv at for *Veien frem* skal litteraturen vere «[...] politikkens avantgarde gjennom å forutse det som skal komme.»³⁵ Jul-Larsen brukar talesjangrar frå retorikken for å plassere *Veien frem* innan kritikken sin typologi, og plasserer tidsskriftet i ein *deliberativ* modus. «Den deliberative talen betegner i klassisk retorikk den rådgivende, politiske talen, en tale rettet mot fremtidens utvikling, som den ønsker å påvirke.»³⁶ Gjennom artiklar om kva kunst (her litteratur) skulle vere, påkalla *Ragnarok* seg som ein deliberativ talar. I *Ragnarok* gjer Onsager gjer han det same gjennom å definere kunst som «entartet», «svak» osv. Heile nummeret der Onsager sitt innlegg stod på trykk er

³⁰ Kongssund, 83.

³¹ Onsaker, «Om «entartet» kunst», 46.

³² Kongssund, «Kunst og ukunst – En moderne billedstorm», 90.

³³ Kongssund, «Kunst og ukunst – En moderne billedstorm», 93.

³⁴ Grieg, «Veien frem», Nr. 1, 1936.

³⁵ Jul-Larsen, «Hva må sies? Artikler om litteratur i *Veien frem* (1936 – 1937)», *Kritiske portretter*, 107.

³⁶ Jul-Larsen, 107.

tileigna kunst, og leiarartikkelen for nummeret blei tildelt den tyske bildehoggaren Arnold Waldschmidt: «Tysklands geniale billedhugger og vår gode venn professor Waldschmidt har sendt «Ragnarok» denne artikkel om Noregs store sønn Gustav Vigeland.»³⁷ I leiarartikkelen hyllar Waldschmidt Vigeland grenselaust og opnar med: «Det er ikke uten betydning at navnet Vigeland skal stamme fra Vikingland, for i billedhuggeren Vigelands arbeider åpenbarer det seg en ånd som i nordisk opprinnelighet og nasjonal forming synes jamnbyrdig med hans farfedre.»³⁸ Leiarartikkelen er ei programerklaring for dette nummeret, og etter innlegga til Waldschmidt og Onsager, skriv propaganda- og reklameplakatkunstneren Harald Damsleth eit innlegg. Damsleth sin artikkel står på trykk rett etter Onsager sin, og han påkallar seg sjølv som ein ekte smaksdommar: «Det er en mur mellom to verdener. [...] tiltross for at den synes u gjennomtrengelig, smetter jeg gjennom den utan å føle det minste ubehag.»³⁹ Damsleth skriv om å tolke og forstå kunst. Han nemner ikkje utstillinga «Kunst og ukunst» med namn, men skriv unekteleg om den: «Den [entartet kunst] ligger nemlig der hvor utelukkende den lille gruppe intellektuelt reagerende, kunstteoretikere, filosofene, psykoanalytikerne og psykiatriske har utbytte av å studere verket. Og da hører dette [entartete verk] ikke hjemme i en utstillingssal, men på en klinikks eller laboratorium.»⁴⁰ Damsleth kritiserer den «entartete kunsten», og går så langt i å hevde at den ikkje lenger er kunst, men er bedrageri i rein form. Vidare skriv han at dei som burde vere interessert i den «entartete» kunsten er ikkje psykoanalytikarar, men politiet.⁴¹ Dette framhevar synet på at den entartete kunsten var skadeleg for folket og nasjonen, og at det faktisk er snakk om grove lovbroter som politiet burde ta seg av. Jul-Larsen skriv at *Veien frem* hadde ei politisk argumenterande haldning, og brukar Thomas Mann (1875 – 1955) sin omtale av tiden og kunstens funksjon: «Dette politiske gir seg nettopp uttrykk i at oppmerksamheten rettes mot nåtiden, men ikke minst framtiden.» *Veien frem* blir derfor eit «manifest, parole, utrop og en strategisk overveielse».⁴² Denne kategorisering av retorikken kan eg overføre til *Ragnarok* og måten det omtalar kunst. Denne omtalen gjeld ikkje berre malarkunst som i desse døma, men all kunst. Det er særleg litteraturen som blei omtala i *Ragnarok*. Dette er også fordi Jacobsen eigde forlaget Kamban Forlag som gav ut eit utal titlar, både omsette og norske verk. Forlaget

³⁷ Ragnarok, «Gustav Vigeland av Professor Arnold Waldschmidt», 8. årgang, Hefte 2/3, 1942, 33.

³⁸ Waldschmidt, «Gustav Vigeland», Hefte 2/3, 1942, 33.

³⁹ Damsleth, «Kunsten bak muren», 8. årgang, Hefte 2/3, 1942, 48.

⁴⁰ Damsleth, 50.

⁴¹ Damsleth, 51.

⁴² Jul-Larsen, «Hva må sies? Artikler om litteratur i *Veien frem* (1936 – 1937)», *Kritiske portretter*, 108.

gav ut bøker for barn, ungdom og voksne, og eg kan kort nemne at forlaget t.d. gav ut Nietzsches *Slik talte Zarathustra* under krigen.

Avgrensing av problemstilling

Med tanke på det omfangsrike korpuset som strekk seg over 10 år, viser det seg komplisert å avgrense ei problemstilling. Også med tanke på at det ikkje finst andre masteroppgåver som omtalar tidsskriftet som heilskap har eg blitt tvungen til å stake ut ein kurs som skjærer grovt over eit intrikat og komplisert fellesskap som *Ragnarok* representerte. I korte trekk er målet mitt er å lage ein tredelt kronologisk analyse av korleis tidsskriftet brukte litteraturen. Dette vil avdekke *Ragnarok* sitt verdigrunnlag som det førte ut i den norske (og skandinaviske) offentlegheita. Like viktig vil analysen avdekke korleis litteraturen blei brukt for å gjere nazismen norsk/nordisk. Dermed vil oppgåva ikkje berre avdekke litteratursynet i tidsskriftet, men også utbreidd praksis og ideologi. Med praksis meiner eg korleis og kvifor sakane i tidsskriftet blei presentert. Dette vil prege oppgåva i den retning at ikkje alle funna er direkte knytt til litteraturen, men heller at dei er ein konsekvens av ideologien og verdisynet til aktørane bak *Ragnarok*. I heilheit kan vi sjå på tidsskriftet som eit forsøk på å påverke debatten og politikken i ei norrønt-nazistisk retning, og eg vil hevde at utopien for kretsen rundt tidsskriftet var eit nazistisk samfunn basert på nordisk rase, religion og kultur.

Analysane av programerklæringa, artiklar og annan tekst vil støtte opp desse påstandane. Vidare vil analysen avdekke korleis det påverka det norske ordskiftet og samfunn, samt speglar den europeiske og verdsomfattande scena. Desse analysane er delt inn i tre analysekapittel som omtalar:

- 1) *Ragnarok* frå opprettinga i mars 1935 fram til okkupasjonen av Noreg i april 1940
- 2) *Ragnarok* under okkupasjonen av Noreg
- 3) *Ragnarok* sin klagesong og plutselege slutt

Som eg skal framheve visar det seg at verdigrunnlaget til tidsskriftet var skiftande og følgde dei monumentale strømmingane som mellomkrigstida og ikkje minst krigen representerer. Dette er sjølv om *Ragnarok* har ei sjølverklært og tydeleg nazistisk retning. Som kjent blir nazistiske strøymingar tolka som stramme og urokkelege.

Innleiinga illustrerer at studien av *Ragnarok* førar til mange avstikkarar. Det illustrerer samstundes *Ragnarok* sin kulturelle og politiske samtid, men også landskapet masteroppgåva mi må manøvrera i. Avstikkarar er som kjent ein vesentleg del av essaysjangeren, men for min eigen del er det ei utfording å halde meg på hovudstien. Oppgåva er dermed prega av

nokre sidespor og hopp, også kronologiske, men dette er nødvendig for å få fram at *Ragnarok* representerer ei spegling av samfunnet rundt seg. Hoppa er også ein konsekvens av at masteroppgåva står mellom tidsskriftstudie og litterære analyse. Dette er også på grunn av tidsskriftets kompliserte samtid, som det også måtte manøvrere i. Oppgåva er dermed ei komplisert og overlappende temporal sfære som eg må bevege meg fram og tilbake i. Dette vil få fram det ikkje berre den kulturelle, politiske, økonomiske og sosiale bakgrunnen – representert i fortida, men også det som omfatta spaltistane si samtid. Med dette som premiss er samanhengen mellom dei ulike sidespora ikkje tilfeldig, fordi eg er på jakt etter verdisynet – eller grunnlaget som kjem til uttrykk i mitt utval av artiklar gjennom *Ragnaroks* tiårige liv.

Teoretisk grunnlag

Litteraturhistorie

Ragnarok blei utgitt i perioden mellom 1934 – 1945, og eg har derfor tatt valet med å bruke heile mellomkrigstida, samt krigsåra 1939 – 1945 som ramme og miljø for avhandlinga. Per Thomas Andersen seier at å skrive litteraturhistorie er «noe man gjør mot bedre vitende.»⁴³, men samtidig at litteraturhistorie viser «menneskets forsøk på å både forstå og å gripe inn i tilværelsen under skiftende vilkår. [...] I en historisk fremstilling er det naturlig at orienteringsrammen varierer noe i takt med de historiske tendensene.»⁴⁴ Øystein Rottem peiker på eit vesentleg moment når det kjem til periodisering. Han skriv at:

Periodeavgrensing og generasjonsbestemmelser har alltid vært meget omdiskuterte spørsmål, og det kan alltid retter kritikk mot dem. Likevel er de som konstruksjoner umulige å komme utenom hvis man setter seg som mål å skape en viss systematikk i et flytende og mangeartet stoff.⁴⁵

Tidsskriftet *Ragnarok* består av eit bredt spektrum av ulike typar tekst. For å skape system i det omfattande tekstuvalet er det nødvendig å greie for det historiske bakteppet som prega samtida, og dermed dei tekstane som utgjer *Ragnarok*. Kretsen rundt og lesarar av *Ragnarok* vaks opp eller var allereie vaksne i tida rundt første verdskrig. Som nemnd var t.d. redaktør og forleggar av *Ragnarok* Hans S. Jacobsen født i 1901, og tok han utdanninga si i Tyskland. Han sympatiserte med Tyskland etter krigsoppgjeret, og dette er igjen bakgrunnen for at han sympatiserte med fascismen og nazismen som oppstod etter krigen. Jacobsen var med andre

⁴³ Andersen, *Norsk litteraturhistorie*, 718.

⁴⁴ Andersen, 718.

⁴⁵ Rottem, *Norges litteraturhistorie*, 18.

ord naturlegvis prega av verdskrigen, noko også bidragsytarane og lesarane av *Ragnarok* var. Eg skal studere den litterære konteksten frå *Ragnarok* si eiga samtid for å forstå ikkje berre korleis tidsskriftet blei lest og motteke, men også bidragsytarane sine kunstsyn. Overraskande nok, meinte kretsen i *Ragnarok* at kunsten skulle vere autonom (dette gjelder sjølvsagt den kunsten som var tillate. Her skil tidsskriftet seg frå sine tyske trusfellar). Valet om å bruke litteraturhistorie frå tidsskriftet si eiga samtid fell dermed naturleg. Det vil framheve det ideologiske teppet som låg over Noreg, Europa og verden, samt korleis ideologikampen blei oppfatta av samtida. Mellomkrigstida i Europa var prega av ein ideologikamp, og sette djupe spor i kunsten.

Mellomkrigstida som litteraturhistorisk laboratorium

Mellomkrigstida var prega av motsetningar. Den første verdskrig var preludium for dei faktiske og ideologiske kampane som blei utkjempa frå 1918 og utover til 1945. I åra etter krigen oppstod det fleire -ismer i kunsten enn nokon sinne før, og desse er ei representasjon av både oppløysinga og oppbygginga av samfunnet. Kjølv Egeland peiker på at *kaos* er det ordet som oftast blir brukt for å skildre åndslivet etter første verdskrig. I Egeland sin karakteristikk er det kontrastar som pregar epoken: «Verden gjennomlever alle følelser fra fredsrus til ny krigsprykskose, alle holdninger fra paradisforventning til undergangsvisjoner. Helsvart pessimisme er til stede samtidig med ekstatisk livsdyrkelse og brautende beruselse i selve øyeblikket.⁴⁶ Mellomkrigstida er dei reaksjonære og radikale ideologiane si blomstringstid. Grunnlaget for dei hadde blitt lagt av nasjonalismen og etableringa av dei suverene statane på 1800-talet. Det politiske klima og frammarsjen av totalitære regime prega litteraturen. På 1930-talet byrja kunstnarar å delta meir direkte i samfunnsstriden, og Egeland hevdar det var teoretisk-estetiske spørsmål som prega debatten, men samstundes at estetisk debatt aldri sto sterkt i Noreg. Vidare om debatten i Noreg i mellomkrigstida, hevdar Egeland at det mest alminnelege tema for diskusjon i åra etter krigen var spørsmålet om alkoholforbod.⁴⁷ Dette heng saman om meir djuptliggende spørsmål om tru og seksualmoral. Videre handla debatten om også målstrid, og Egeland hevdar at all debatt hadde ein dyster toneart, og at: «Humor og humør er visst verken vår glede eller vår gave som folk – det måtte i tilfelle være skadegledens lettlynne.»⁴⁸ Den siste delen av denne framstillinga er prega av Egeland si eiga mening. Det er ikkje lett å tolke om Egeland meiner mellomkrigstida eller om han sender eit stikk til «den norske folkesjela» og oss som leser boka, men sitatet

⁴⁶ Egeland, *Mellomkrigstid*, 10.

⁴⁷ Egeland, 20.

⁴⁸ Egeland, 22.

markerer alvoret som kjenneteiknar ideologistriden som prega 1930-åra.

Egeland påstår også at kulturdebatten i Noreg bar preg av ærekrenking, og at dette var grobotn for mykje av diktinga. Samstundes skriv han at å henge seg opp i trongsyn og «småtteri» gjer det lett for å gå glipp av verkeleg store spørsmål og dei sentrale motsetningane.⁴⁹ Det Egeland peiker på her er *store kjensler*, dette er kanskje mellomkrigstida sitt særpreg. I så fall er det lett å gå til angrep på person og gruppe. Dette er noko kretsen rundt *Ragnarok* laga sport av. Vi trenger ikkje å leite lenge før det første angrepet på t.d. jødar eller Quisling dukkar opp.

Videre skriv Egeland at det oppstod for- og motreaksjonar rundt den alminnelege radikaliseringssprosessen som prega epoken. Debatten om psykoanalysen oppstod også, men litt forsinka og i ein meir spesiell norsk fasong: «Den knytter seg da gjerne til store oppgjør omkring synspunkter og holdninger som ofte kalles kulturradikale. Kulturradikalerne går på sin side til harde konfrontasjoner med pietistiske idéer, grupper og personer.»⁵⁰ De kulturradikale er kopla organisasjonen og tidsskriftet *Mot dag*, leia av Erling Falk. Helge Krog, Arnulf Øverland og Sigurd Hoel som utgjorde av «den radikale trekløver», var også medlemar. Dei forsøkte å dyrke ein kritisk intellektuell funksjon i samfunnet.⁵¹ Egeland skriv at motkrefter reiste seg, og Ronald Fangen starta tidsskriftet *Vor Verden* som ein direkte motpol til *Mot Dag*.⁵² De kulturradikale skapte mykje diskusjon, og dominerte både den politiske og allmennkulturelle debatten. Etablerte forfattarar som Sigrid Undset utrykka konservative idéar når dei engasjerte seg.⁵³ Kjernekpunktet for ordskiftet i kulturdebatten var det ubevisste sjelleviv: *psykoanalysen*. Sigmund Freud satt spor som få andre har gjort. Egeland skriv videre at frå 1920 talet blei Freud si lære kjen i Noreg, og utover 1930-talet var det eit hovudmoment i kulturdebatten. Store grupper følte seg trua av Freud sin psykologi, fordi det utfordra kristne og andre grunnverdiar.⁵⁴ Diskusjonen blei ytra i avisar og tidsskrift og framkalla andre debattar, og psykoanalysen var eit utbreidd tema i *Ragnarok*.

Groth sin litteraturhistorie

For å vidare belyse mellomkrigstida skal eg bruke litteraturhistorikaren Helge Groth (1913 – 1966) sin litteraturhistorie om mellomkrigstida. Boka kom ut i 1947, og Groth skriv i forordet (november 1946) at arbeidet med den blei satt i gang våren 1941, etter ønske av dr. philos.

⁴⁹ Egeland, 22.

⁵⁰ Egeland, 4.

⁵¹ Andersen, *Norsk litteraturhistorie*, 338.

⁵² Egeland, *Mellomkrigstid*, 27.

⁵³ Egeland, 27.

⁵⁴ Egeland 28.

Halfdan O. Christophersen ved Chr. Michelsens Institutt. Boka skulle vere ei skildring av den norske og europeiske litteraturen i mellomkrigstida, og var del av eit større prosjekt som omhandla andre sider ved norsk kulturliv mellom krigane.⁵⁵ Å forske på eit emne i eigen samtid kan vise seg å vere utfordrande. For denne avhandlinga vil det vere hensiktsmessig å studere dei som faktisk opplevde mellomkrigstida, og avdekke forståinga av eigen samtid.

Helge Groth reflekterer over utfordingane ved å gje ei historisk framstilling over eit så nærliggande stoff. Han skriv at moglegheita for perspektivering av dei enkelte fenomena var avgrensa, og at det var lett for at arbeidet hans ville vere prega av subjektive meiningar og sympatiar.⁵⁶ I ein analyse av ideologi- og verdikamp i mellomkrigstida er det umogleg for både oss og Groth å kome ifrå personleg ståstad og meiningar. I presentasjonen av den litterære konteksten i mellomkrigstida blir derimot Groth si skildring av eigen litterære samtid fruktbar. Den vil danne eit (samtids-)teoretisk grunnlag for analyse av kultur- og ideologikampen som prega mellomkrigstida, og gjennom teorien kan vi observere aktørane uttrykke eigen samtid. Samfunna over heile verden endra seg drastisk etter første verdskrig, og Helge Groth brukar fleire ulike forfattarar for å finne fram til kva denne endringa hadde å seie for både den europeiske og norske litteraturen.

I det eg forsøker å gje avhandlinga ei retning og samanheng med å starte med slutten av første verdskrig, oppstår det eit moment som krev å bli kommentert. I møte med store skisma i litterære periodar, hevdar Rottem at det ofte er «[...] påvist fare for at man kan komme til å legge sterkere vekt på bruddene enn på den historiske kontinuiteten, at man legger for mye vekt på det som virker nytt og moderne.»⁵⁷, og Groth er veldig bevisst på forfattarane som prega slutten av 1800-talet.

I det nystarta tidsskriftet *Litteraturen* blei det i åra 1918 – 1919 stilt følgande spørsmål: «Har De i litteraturen under krigen funnet tegn som tyder på en ny litteraturperiode og i hvilken retning mener De, at den nye litteraturen etter krigen vil utvikle seg?»⁵⁸ Endringa kom i form at det blei eit krav om ein større nærleik i litteraturen. Groth skriv at etter krigen talte forfattaren Hermann Bahr (1863 – 1934) for ein meir inderleg kunst som: «[...] stillet på sin egen grunn som uttrykk for det dypest og ektest menneskelige.»⁵⁹ Bahr skriv at litteraturen hadde tidlegare vendt seg mot det ytre, og måtte nå vende seg mot det indre. Om Europa sitt sundbroke menneske ennå hadde ein kunst, fanst den «[...] dybt i sin egen Enfold,

⁵⁵ Groth, *Hovedlinjer i mellomkrigstidens norske litteratur*, 5.

⁵⁶ Groth, *Hovedlinjer i mellomkrigstidens norske litteratur*, 5 – 6.

⁵⁷ Rottem, *Norges litteraturhistorie*, 18.

⁵⁸ Litteraturen, sitert i *Hovedlinjer i mellomkrigstidens norske litteratur*, 7

⁵⁹ Groth, *Hovedlinjer i mellomkrigstidens norske litteratur*, 9.

Inderlighet og Ydmyghed, det kan kun være den hårde Nødvendigheds, de siste Visheders og den stille Aftenkølheds ganske jævne, nesten ordfattige kunst.»⁶⁰ Kunsten skulle nå frem til det autentiske i mennesket, og dette knyt Groth til *primitivismen*. Primitivisme er ei retning innan kunsten som snur seg vekk frå akademisme og forfina uttrykk. Den heller seg mot naturfolk og enkle uttrykk.⁶¹ Groth skriv at det var ei primitiv strøyming som representerete den nye litteraturen frå første verdskrig og utover. Han visar til den svenske forfattaren Anna Elgström. Ho hevdar at det eintydige inntrykket ein får av bøkene etter første verdskrig var «[...] instinktsidan, driftsidan, af livet som aldrig förr vänts uppåt [...] Det ångar blod, det doftar muld och mörker af den»⁶² Den primitive strøyminga i litteraturen etter verdskriga blir representert ved instinkt og drift, og Elgström hevdar at kunsten får nye formelle uttrykksmiddel som er i betre samsvar med tidsånda si forenkla perspektiv. Dette blei representert i en «[...] enkel, stoisk og manlig konst, cycloptisk monumental i sin resing.»⁶³ Dette synet var Elgström ikkje aleine om, Groth skriv at den austerriske forfattaren Stefan Zweig (1881 – 1942) hevda at sansen for heroisk litteratur blei vekka i mellomkrigstida. I dette ligg ei framstilling av mennesket i kamp med maktene. Maktene definerer Zweig som dei namnlause, staten, folket og massane, i tillegg til plikten, ansvaret, trua og vantrua. Han held fram: «[Den nye litteratur må] være en Mandslitteratur, og man vil i den ligeså tydelig erkjende Cæsuren⁶⁴ mod den estetiske Litteraturs Epoke.» Brotet med den estetiske litteraturen (som andre kunstformer) er avantgarden. Fascismen og nazismen framheva på si side dei klassiske greske og romerske ideal i kunsten som dei fullkomme. Avantgarden oppstod rundt byrjinga av 1900-talet, og nazistane forakta og forbaud ekspresjonismen meir enn noko anna kunstretning.

Dette er karakteristikkar som var spesielt for litteraturen i land som Tyskland. Groth hevdar at i Noreg så synst mange at litteraturen låg etter i utviklinga. I tillegg var oppfatninga om at verdskriga hadde innleia ein ny kulturell epoke forskjellig. Han skriv at alle var einige om at verdskriga hadde stått for avgjerande omformingar og brytingar, men det var ikkje semje om kvar endringa kom frå. Groth hever også at dei krava og idéane som prega samtida ikkje slo ned. Litteraturen svikta oppgåva si om å vere eit brytningsfelt for dei prinsippa og retningane som krigen (og reaksjonar på den) la bak seg.⁶⁵ Når Groth hevdar dette, framstiller

⁶⁰ Hermann Bahr, sitert i Groth, *Hovedlinjer i mellomkrigstidens norske litteratur*, 9.

⁶¹ Store norske leksikon, s.v. «Primitivisme». 20.04.2018. <https://snl.no/primitivisme - kunst>

⁶² Anna Elgström, sitert i Groth, *Hovedlinjer i mellomkrigstidens norske litteratur*, 11.

⁶³ Anna Elgström, sitert i Groth, 11.

⁶⁴ «Cæsur»: brot, eg. latin for «avskjering», stopp, kvilepunkt, pause.

⁶⁵ Groth, *Hovedlinjer i mellomkrigstidens norske litteratur*, 14.

han den norske litterære offentlegheita som prega hans eigen tid og oppvekst. Jahn H. Thon skriv at Sigurd Skirbekk i ettertid har hevda at «[...] norsk litteraturkritikk og forståelse av litteraturens funksjon i stor grad er preget av en *sterk individtenking*, og i liten grad av sosial forståelse, uansett om det dreier seg om konservative kritikere eller den radikale tradisjon fra Brandes til Sigurd Hoel.»⁶⁶ Groth skriv at den svenske forfattaren, journalisten og litteraturkritikaren Sven Stolpe i tidsskriftet *Janus* i 1935 hevda at ein allereie i 1920 kunne «[...] legge merke til at humanismen, representert av den konservative og liberale kritikk, helt kapitulerer.»⁶⁷ Humanistane, liberalistane, dei konservative og førkrigsgenerasjonen hadde blitt forferda av krigen. I tiden etter fulgte ein ny generasjon som ikkje berre hadde tapt trua på liberalismen sin individualisme og egoisme, men til og med gav den skylda for den «[...] bankerot man hadde overlevert dem.»⁶⁸ Groth hevdar at nær sagt alle problem innan økonomi, politikk, etikk, kult og religion blei satt opp mot generasjonsmotsettingar i denne perioden sin litteratur. Kretsen i *Ragnarok* er del av dette generasjonsskiftet - både i syn på kunst og samfunnsutvikling.

Kritisk teori og Frankfurterskolen

Groth skreiv sin litteraturhistorie under og rett etter andre verdskrig. Groth vektlegg individet, dette kjem av den politiske situasjonen i hans samtid. Verdskrigen hadde nettopp tatt slutt og satt sine spor i dei store sosiale og politiske endringane som fann sted i mellomkrigstida. Når Groth spør om i det heile er mogleg å gje ei framstilling av eit så nærliggande stoff, er han inne på hovudmomentet til *kritisk teori*. I innleiinga til to omsette artiklar om Ibsen og Hamsun av Leo Löwenthal skriv Øystein Rottem om Frankfurterskolen og kritisk teori. Löwenthal tilhøyrde den indre sirkelen i Frankfurterskolen, og det var Frankfurterskolen som utvikla teorien. Teorien er fundert rundt avvisinga av forsking sin objektivitet, samt vitskapspersonen sin innbilte tru på at mennesket kan stille seg utanfor samfunnet og betrakte det. I kritisk teori er skiljet mellom betraktar og samfunn hovudmomentet.⁶⁹ Rottem skriv:

Den erfabarare verden foreligger for den tradisjonelle verdensoppfatning som innbegrepet av faktisiteter, og dermed som noe i prinsippet uforanderlig, men for den kritiske teori foreligger den som en funksjon av menneskelig adferd, og dermed også noe som er underlagt historisk forandring.⁷⁰

⁶⁶ Thon, *Norsk Litteraturkritikk Historie 1870-2010*, 214.

⁶⁷ Groth, *Hovedlinjer i mellomkrigstidens norske litteratur*, 16.

⁶⁸ Groth, 16 – 17.

⁶⁹ Rottem, *Leo Löwenthal – Om Ibsen og Hamsun*, 9.

⁷⁰ Rottem, 9.

Dette gjelder ikkje berre forsking og vitskapsfolk, men alle som forsøker å betrakte samfunnet som såleis, også forfattarar. Löwenthal sine artiklar byggjar på eit ideologikritisk og genetisk perspektiv der han tek utgangspunkt i at litteraturen (den høgverdige) presenterer eit eksplisitt og implisitt perspektiv av mennesket sitt forhold til samfunnet.⁷¹ Gjennom *det genetiske perspektivet* kan ein lage eit bilde av «menneskets skiftende relasjon til seg selv, til familielivet og til sine sosiale og naturmessige omgivelser».⁷² Löwenthal skapar ei lesing der han tek utgangspunkt i mennesket sitt syn på seg sjølv. Rottem skriv at for Löwenthal er litteratur bærer av kunnskap, ikkje fordi den reproduuserer ei objektiv gjengiving av realiteten, men fordi den framstiller eit bilde av korleis menneske har reagert på omverda til ulike tider i historia.⁷³ Dette er som Rottem peiker på ikkje ein upartisk representasjon, og den er prega av det subjektive i mennesket.

Kritisk teori ville ikkje berre påvise at den objektive betraktar er epistemologisk falskt, og at idealet om den frie autonome intellektuelle er heva over samfunnsmessige motsetningar er moralsk forkasteleg. Teorien ville samstundes påvise opphavet og funksjonen til dette.⁷⁴ Om mennesket kan vere ein rein observatør av samfunnet, vil det ikkje vere mogleg for ho eller han å påverke eller meistre det. Rottem kallar det for eit *moment av passivitet*, og siterer Horkheimer: «[...] Subjektet trekker seg tilbake fra det som skjer, dets eneste interesse er – vitenskapen.». Rottem fortsett med å seie: «Resultatet måtte være for vitenskapens vedkommende bli en fetisjering og en absolutering av «kjensgjerningene» og dermed en reifisering av de eksisterende tilstander»⁷⁵ Menneska blir med andre ord fråteken moglegheita for å påverke eigne liv, og blir makteslause. Dette manifesterte seg pessimisme og fatalitet. Rottem skriv:

[...] de nye autoritære makthaverne gjorde maktesløsheten til en livsverdi ved å postulere at enkeltindividet tilfaller verdi bare i den grad det er underkastet helheten, d.e. folkefellesskapet. Intethetsfølelsen blir en verdi i det øyeblikk den transformeres til underkastelse. Apatien blir til disiplin.⁷⁶

Å tolke reaksjonær litteratur og tekst kan vere utfordrande, men Löwenthal hjelper oss i sin artikkel om Hamsun. Den kastar lys over kvifor individet underkastar seg føraren. Som vi skal sjå er *naturalisering* sentralt i forståinga av reaksjonær litteratur. Litteraturen gjer det

⁷¹ Rottem, 18.

⁷² Löwenthal, sitert i Rottem I: *Leo Löwenthal – Om Ibsen og Hamsun*, 18.

⁷³ Rottem, *Leo Löwenthal – Om Ibsen og Hamsun*, 22.

⁷⁴ Rottem, 10.

⁷⁵ Rottem, 10.

⁷⁶ Rottem, 10 – 11.

mogleg for subjektet å underkaste seg, fordi forfattaren setter individet inn i ein naturaliseringsprosess. Den er med på å underkaste både individet i teksten, og den som les. Hamsun støtta som kjent Adolf Hitler og nazismen, men meir ukjent at han leste *Ragnarok*. Leo Löwenthal omtalar Hamsun og *antiintellektualismen*. Han skriv at kampen mot intellektet (antiintellektualisme) høyrer saman med kampen mot naturen.⁷⁷ Når erobringane av naturen ikkje førte med seg dei resultata ein hadde forventa, skjedde ei borgarleg motløyse i synet på intellektet sine moglegheiter. Motløysa har grunn i synet på at alle problem i vår eksistens kunne løysast av vitskapen når menneskeånda fekk utfalte seg gjennom den.⁷⁸ Det var trua på at mennesket har kontroll som leia til antiintellektualismen. Makteslausheita fekk grobotn etter første verdskrig, og individet blei naturalisert i den forstand at det mest naturlege ville vere å underkaste seg den orden som gjev livet meining. Den seinindustrialiserte verden hadde kollapsa, og ein mista trua på framgang og kontroll. Trua på vitskapane, og at dei skulle løyse alt, hadde krigen øydelagt. Antiintellektualismen oppstod då individet underkasta seg det som på nytt gav livet meining. Individet underkasta seg folkestrøymingar som nazismen for dette representerte ei meining med eksistensen.

Löwenthal hevdar at for dei fascistiske rørlene blei antiintellektualisme sentralt i ideologien. Et vesentleg moment i fascismen og nazismen er at dei framhevar tru og drift på kostnad av intellekt: «For dem er ånd først og fremst å forstå som konkurranseånd.»⁷⁹ Löwenthal hevdar at den samfunnsmessige funksjonen som Hamsun sin livsfilosofi har er å gje anti-intellektualistiske grupper og individ lindring for maktausheita: «Individet forsones med virkeligheten når det ser seg selv som et opphøyd og nødvendig offer for det som skjer. Deres underkastelse skjer ikke lenger mekanisk. Den oppleves som meningsfull.»⁸⁰ Löwenthal hevdar at individet for Hamsun skal finne seg i livet slik som det er; ein skal akseptere den ståande orden. Kravet om at individet skal finne seg i livet slik som det er, gøymer i ideologisk og forvrengt form ein aksept av samfunnsmessig undertrykking.⁸¹ Dette gav grobotn for dei autoritære kreftane som oppstod i mellomkrigstida. Individet blir redusert til ein «[...] funksjon som det må utøve i tråd med den naturlige lovmessighets uforanderlige karakter. [...] [Bonden] blir først menneske når han underkaster seg de lover som f.eks. korndyrkingen dikterer ham. Men når det skjer, da blir han en beundringsverdig skikkelse.»⁸²

⁷⁷ Löwenthal, *Om Ibsen og Hamsun*, 69.

⁷⁸ Löwenthal, 68.

⁷⁹ Löwenthal, 69.

⁸⁰ Löwenthal, 98.

⁸¹ Löwenthal, 98.

⁸² Löwenthal, 84.

Her brukar Löwenthal Isak Sellanraa for å forklare underkastinga til fascismen. Hamsun kritiserer det moderne samfunnet og byen, og framhevar naturen og naturbarnet. Den individualistiske tankegangen inneholdt idéen om eit hemmeleg kongerike, men nå blei den transportert over til ein annan sfære: naturen.⁸³ Det er berre i naturen mennesket er fritt. Men individet må underkaste seg naturen sine rigide lovar og reglar. Det er berre gjennom underkasting at ein blir realisert, og for fascismen og nazismen gjelder dette å underkaste seg føraren og gå inn i massestraumen. Det er i naturen Löwenthal finn elementet hos Hamsun som gjer at individet underkastar seg. For å beherske livet måtte individet beherske naturen, men det fordra samstundes at det underkastar seg naturen sine lover og regler. Dette blir overført til at individet underkasta seg dei autoritære systema som oppstod i mellomkrigstida.

For Löwenthal og for Frankfurterskolen blei naturalisering av dei gitte samfunnstilstandane del av forklaringa på dei autoritære ideologiane som oppstod i mellomkrigstida. Frankfurterskolen angriper den tidlege liberalismen og konformismen i den autoritære mellomkrigstida. Individet er ifølge liberalismen *fritt*, men blir berre fritt når det erkjenner eigen eksistens dvs. aleine. Individet kan berre bli fritt i den forstand når det underkastar seg det autoritære fellesskapet, det ufrie skal frigjerast, og det kan berre gjerast gjennom å sementere det *ufrie*: «Individet finner ikke sin bestemmelse ved å selv råde over sin skjebne og utvikle seg i frihet, men ved å underkaste seg «livets lover», dvs. den samfunnsmessige autoritet.»⁸⁴ – «Individet underkastar seg passivt den beståande orden».«⁸⁵ Frankfurterskolen tek eit oppgjer med irrasjonalismen, og angrepet på fornuft og individet sin eigenverdi, skal forsona mennesket med den ståande ordenen sin irrasjonalitet. Den rådande ordenen sin irrasjonalitet blei kopla til sjølve livet, og hang saman med at sjølvoppofring og underkasting blei opphøgd til moralske imperativ.⁸⁶ Slik kan ein tolke høgreekstrem tekst. I møte med tekstane i *Ragnarok* vil underkastinga av nazismens autoritet gjennom naturalisering, irrasjonalisme og det ufrie, kome til uttrykk.

Löwenthal skriv at Hamsun reflekterer over ei samfunnsutvikling som ikkje er i samsvar med landet han kom frå, men heller utviklinga i land som Tyskland. Vi har allereie sett at Löwenthal hevdar litteraturen speglar mennesket sitt forhold til naturen, anten implisitt eller eksplisitt. På denne måten blir Hamsun dømt til å bli nazist. Viss litteraturen i eit “Löwenthalsk” perspektiv representerer mennesket sitt forhold til samfunnet, identifiserte

⁸³ Löwenthal, 76.

⁸⁴ Rottem, *Leo Löwenthal – Om Ibsen og Hamsun*, 12.

⁸⁵ Rottem, 14.

⁸⁶ Rottem, 15.

Hamsun sin litteratur ikkje Noreg, men i Tyskland. Rottem skriv: «Hamsun i sine skildringer gir et bilde av et samfunn som er tilbakeliggende og at det er *nettopp dette* som forfører leserne (in casu Hamsuns tyske publikum) og får dem til å applaudere ham»⁸⁷ Det er ikkje berre Hamsun som så på Tyskland som tilbakeliggande etter første verdskrig, dette gjorde sjølvsagt også nazistane og *Ragnarok*. Hamsun blei hylla av kretsen i *Ragnarok*, og han var sjølv ein ivrig lesar av tidsskriftet. *Ragnarok* viser ei sterk dragning mot den Tyske litteraturen, og projiserer den sosiale, kulturelle og politiske situasjonen i Tyskland i mellomkrigstida over til den norske. Lesarar og skribentar av *Ragnarok* identifiserte seg med situasjonen i Tyskland, og brukte dei same grepa som nazistane gjorde for å påverke verdidebatten i Noreg på 1930-talet.

Mot ein ragnaroksk kanon

Det som karakteriserer den reaksjonære litteraturen er dermed underkastinga til instinkta. På denne måten kan dermed reaksjonær litteratur skrivast inn i ein kanon. Dette er eit moment Eivind Tjønneland kjem innpå i omtalen av Åsmund Sveen sin antologi *Norsk ånd og vilje: Antologi* (1942). Antologien var under krigen eit forsøk på å lage ein nasjonalsosialistisk kanon, og Tjønneland skriv at det skjedde gjennom «rå utsilingsmekanismer.»⁸⁸ Vidare framhevar Tjønneland masteroppgåva til Kristian Aurebekk Andersen (2009) som omtalar norsk nasjonalsosialistisk lyrikk. Andersen fastslår at den opererer med ein del tematiske likskapar, og Tjønneland attgjev:

gullalder- og nasjonalitetsforestilling som tar vikingtiden og nasjonalromantikken opp i seg og samlar seg om en forestilling om det norske sentrert i følgende punkter: 1) naturskildringer 2) bondelivet 3) den norrøne arven 4) heltedåd 5) tiden som skal komme (og som har kommet) 6) (norrøn) naturmystikk 7) utferdstrang.⁸⁹

Dette er karakteristikkar som i tillegg vil vere med på mine analysar av utdraga frå *Ragnarok*. Med hjelp av Sveen sin antologi gjennom Andersen via Tjønneland vil vi kunne finne fram til konturane av ein «ragnaroksk kanon». Som eg skal illustrere i analysane blei også litteraturen brukt om meiningsmotstandarar og ein kan dermed også snakke om at *Ragnarok* sin kanon også framstiller «det sjuke», som ein opponent til «det sunne». Dette peiker også Tjønneland på i omtala av antologien. Sveen har utelate den kulturelle trekløveren Hoel, Krog og

⁸⁷ Rottem, 32.

⁸⁸ Tjønneland, «Åsmund Sveens antologi *Norsk ånd og vilje* og litteraturen i norsk nazisme», 95.

⁸⁹ Andersen (2009), gjengitt av Tjønneland, «Åsmund Sveens antologi *Norsk ånd og vilje* og litteraturen i norsk nazisme», 94.

Øverland.⁹⁰ Vidare hevdar Tjønneland at det finst noko «sant og naturlig norsk som er egnet til å stå imot forfallet.»⁹¹ Forfallet er den jødiske konspirasjonen, og den norske nasjonalsosialistiske kampen mot jødane blir lagt til naturen. Tjønneland fortset: «Det norske er preget av at folket har måttet kjempe mot naturkrefte for sin eksistens. Denne kampen har utviklet nordmannens seiersvilje og hans ærlighet. [...] Naturen står mot jødekapitalismen og kulturbolsjevismen.»⁹² Det Tjønneland er inne på her, tek han vidare og fastslår at i den norske nazismen er litteraturen si rolle ein «eksempel-samling av nasjonalt betonte sitater fra våre kjente diktere som stadig skal mane fram det nasjonale»⁹³ Dette handlar for *Ragnarok* sin del å finne fram til det autentisk norske. Ved å sitere og referere til norsk litteratur kunne nasjonalsosialismen i Noreg definere norsk kultur ved alle livets aspektar. Tjønneland kallar det for ein «monoman måte for å stake ut kurSEN fremover og for å legitimere at det virkelig finnes en norsk kjerne.»⁹⁴ Dette tar han vidare og visar til ein artikkel av Philippe Lacoue-Labarthe og Jean-Luc Nancy (1990) der forfattarane fastslår at nazismen si mytologisering handla om å: «hammer at an idea, supporting it with whatever might seem fit, without any analysis, without any discussion of objections.»⁹⁵ Dette perspektivet gjer seg ofte gjeldande for *Ragnarok* sin del. Ofte opptrer t.d. ofte sitat og utdrag av Nietzsche spreidd rundt om i hefta, som kommentarar til artikkelen eller innlegget. I dialog med forsking på den norske nazistiske litteraturen vil analysedelen avdekke på kva for måtar litteraturen blei brukt i *Ragnarok* for å finne fram og gjer nazismen *norsk*.

I innleiinga til same kapittel drøftar Tjønneland *Nazismen og norsk litteratur* (1975) redigert av Bjarte Birkeland og Stein Ugelvik Larsen, samt den utvida utgåva frå 1995 redigert av Bjarte Birkeland, Atle Kittang, Stein Ugelvik Larsen og Leif Longum. I denne masteroppgåva blir analysane og argumenta drøfta med hjelp av utgåva frå 1995. Det er særleg snakk om Gudrun Lello sitt kapittel *Den nasjonalsosialistiske litteraturen under okkupasjonen. Eksempler på litteratursyn i kulturdebatten og verdinormer i et utvalg romaner* som er med på å løfte fram analysane omkring litteratursynet som råda i den reaksjonære litteraturen og lesinga under krigen og okkupasjonen. Boka er eit heilt sentralt

⁹⁰ Tjønneland, «Åsmund Sveens antologi *Norsk ånd og vilje* og litteraturen i norsk nazisme», 95.

⁹¹ Tjønneland, 99.

⁹² Tjønneland, 99.

⁹³ Tjønneland, «Åsmund Sveens antologi *Norsk ånd og vilje* og litteraturen i norsk nazisme», 99.

⁹⁴ Tjønneland, 99 – 100.

⁹⁵ Philippe Lacoue-Labarthe og Jean-Luc Nancy (1990), sitert i Tjønneland, «Åsmund Sveens antologi *Norsk ånd og vilje* og litteraturen i norsk nazisme», 100.

verktøy for å løfte fram dei ulike aspektane ved *Ragnarok* sin produksjon og resepsjon. Mine analysar som avdekker verdinormene vil vere i dialog med *Nazismen og norsk litteratur*.

Kapittel 1 - Ragnarok i mellomkrigstida

Kort om bakgrunnen for tidsskriftet

I dette kapitelet skal eg presentere og analysere eit utval leiarartiklar og programerklæringar frå tidsskriftet frå opprettinga i 1935 fram til krigsutbroten i april 1940. Men først skal eg gjere greie for den mest direkte årsaka til at *Ragnarok* blei danna. Frå det blei oppretta til det blei oppløyst i 1945, kjempa tidsskriftet og den indre kjernen ein kamp om å påverke politikken og kulturen i Noreg. Heilt sidan dei første møta mellom bidragsytarane i 1934, til første utgiving i mars 1935 forsøkte kretsen rundt *Ragnarok* å kaste Vidkun Quisling, men også å påverke Nasjonal Samling. Redaktør Jacobsen og fleire av den indre kretsen i *Ragnarok* hadde vore medlemmer i Nasjonal Samling. Jacobsen meldte seg ut av partiet i januar 1935, men i mangel av andre nasjonalistiske parti gav han NS sin stemme i valet i 1936.⁹⁶ Fleire av dei andre i den indre kretsen i tidsskriftet hald også fast medlemskapet sitt, t.d. var Jacobsen sin nærmeste venn og meiningsfelle Albert Wiesner medlem i NS fram til 1937. På innsida av NS var det var for stor meiningskilnad mellom *Ragnarok*-kretsen og den indre Quisling-orienterte partikjernen. Emberland og Roughtvedt skriv at NS ikkje ville fremje ein nazisme etter tysk mønster, og Quisling og hans indre krets hadde reagert negativt på Jacobsen sitt forsök på å styre NS i ei meir nazistisk retning. Jacobsen sitt mål var at NS skulle vere ein kamporganisasjon for norsk nazisme, og at rasetenking skulle vere modell for partiet.⁹⁷ Dermed blei ein av hovudgrunnane bak grunnlegginga av *Ragnarok* at Jacobsen og hans indre krets ikkje hadde klart å føre NS i ein raseradikal og nasjonalsosialistisk kurs. Emberland og Roughtvedt skriv:

Riktignok var Quisling også inspirert av Tyskland, men for Jacobsen var det ikke nok å adoptere noe av NSDAP's politiske stil eller enkelte av partiets programposter. Nasjonal sosialismen var en helhetlig verdensanskuelse med altomfattende følger: Samfunnet måtte reorganiseres sosialistisk og planøkonomisk, og alt «rasefremmed tankegods» i kulturen – både den «semitiske kulturbolsjevismen» og den «artsfremmede» kristendommen – måtte renses ut.⁹⁸

⁹⁶ Emberland og Roughtvedt, *Det ariske idol*, 243.

⁹⁷ Emberland og Roughtvedt, 208 – 210.

⁹⁸ Emberland og Roughtvedt, 210.

Jacobsen skulle innføre nazismen etter NSDAP sin modell. Jacobsen kunne skrive og lese tysk, og mykje av det han fremja i NS har truleg vore direkte omsetjingar frå NSDAP sitt partiprogram. Som nemnt hadde fleire av bidragsytarane i tidsskriftet vore eller var framleis medlem av NS, samtidig som nokre av dei haldt fram med å vere medlem i håp om å endre det ideologiske grunnlaget i partiet. Albert Wiesner hald fram med å vere medlem av NS i håp om at partiet skulle gje plass til raseradikale prinsipp.⁹⁹ Då Jacobsen såg at NS ikkje ville gå med på krava hans, grunnla han *Ragnarok* for å skape eit talerøyr saman med meiningsfeller og tilhengrar.

I 1935 hadde *Ragnarok* eit opplag på 3000 hefter i månaden.¹⁰⁰ Dette vil eg hevde er eit høgt tal for eit tidsskrift.¹⁰¹ Mesteparten av innlegga på 1930-talet er nazisme-teoribaserte tekster som handlar om sosiale, kulturelle, religiøse, geopolitiske og økonomiske spørsmål, samt filosofi. Handlingsrommet for tidsskriftet er for det meste polemisk og tek sted i tekstform, men i nokre tilfelle deltok enkelte av medlemene i konkrete politiske og aktivistiske handlingar. Eit kort døme kan vere at Per Imerslund i 1936 deltok i innbrottet hos Lev Trotskij, då Trotskij budde i eksil på Hønefoss.¹⁰²

Som ein parallel til Tyskland, kan ein samanlikne Jacobsen og *Ragnarok* med SS (Schutz-Staffel) og NSDAP (det nasjonalsosialistiske tyske arbeiderparti). Grunnlag for denne påstanden ligger i den nazistiske ideologien som *Ragnarok* og SS/NSDAP har til felles. Med det meiner eg fokuset på rase, nasjonalisme, germanisme, antisemittisme, aggressiv imperialisme, samt fiendebildet. Hans S. Jacobsen hadde gjennomført fleire studieturar til Tyskland, arrangert av *Nordische Gesellschaft* – eit selskap for kulturelt og politisk samarbeid mellom Tyskland og dei skandinaviske landa. På desse reisene hadde han blitt introdusert som nazismen sin leiarskikkelse i Noreg. Der hadde han møtt Alfred Rosenberg og Baldur von Schirach, leiar for Hitlerjugend.¹⁰³ Her møtte han også truleg Vitalis Pantenburg. Pantenburg var ein tysk ingeniør, journalist, forfattar, omsettare og fotograf, i tillegg til å vere administrerande direktør i *Gesellschaft West* sitt kontor i Köln. Pantenburg var også fast bidragsytar i *Ragnarok*. Det som i tillegg hadde stor innverknad på Jacobsen var hans nære forhold til SS-leiaren Heinrich Himmler. Emberland og Kott skriv i *Himmlers Norge. Nordmenn i det storgermanske prosjekt* om rapporteringar om Himmler og

⁹⁹ Emberland og Roughtvedt, 243.

¹⁰⁰ Emberland og Roughtvedt, *Det ariske idol*, 212.

¹⁰¹ Det er vanskeleg å drøfte graden av påverknadskraft, men eg skal framheve nokre likskapar mellom synet på litteraturen i tidsskriftet og bøker og forfattarar som blei sensurert under okkupasjonen.

¹⁰² Emberland og Roughtvedt, *Det ariske idol*, 15.

¹⁰³ Emberland og Roughtvedt, 208.

Jacobsen sitt forhold. Ei kjelde hevdar at det eksisterte ein sterk personleg kontakt mellom dei to,¹⁰⁴ samt at ein tilsett i Kamban Forlag hevda at Jacobsen var den einaste nordmannen Himmler var dus med.¹⁰⁵

Ei tett samansveisa gruppe

Wiesner og Jacobsen var gode venner og skreiv truleg store delar av programerklæringa saman, og det var mange til stades når kretsen rundt *Ragnarok* hadde møte. At aktørane bak eit tidsskrift er venner og kjenningar har lange tradisjonar i tidsskrift. Aktørane bak det kanskje mest kjente av alle litterære tidsskrift *Athenaeum* som kom ut i 1798 – 1800, hadde alle opphaldsstad i same by, og kretsen rundt tidsskriftet blir omtala som ein miniatyrsalong.¹⁰⁶ Kretsen rundt *Ragnarok* kan omtalast på same måte. Hovudaktørane var på omrent same alder. Per Imerslund, Stein Barth-Heyerdahl, Walter Fürst, Albert Wiesner og Jacobsen hadde alle reist og deltatt saman på konferansar og studiereiser arrangert av *Nordische Gesellschaft* i Tyskland. Barth-Heyerdahl og Adolf Egeberg jr. var medlemmer i NNSAP (Norges nasjonalsosialistiske arbeiderparti). Fleire gonger reiste kretsen ut i skogen i regi av den paramilitære ungdomsorganisasjonen *Arbeidstjenesten*. Eit innlegg frå 1938 omtalar ein sommarleir i *Arbeidstjenesten*, og bekreftar den indre kjernen som ei tett samansveisa gruppe. Innlegget heiter «Norrøn ånd i A.T.», og er ei form for reisebrev. Det er skrive av Walter Fürst og fortellinga er sentrert rundt Barth-Heyerdahl. Det er uvisst kor mange som deltok på sjølve leiren, men dei er ca. 10 personar i teksta. Ein kveld det regna gjennom taket i slåttebua, klarte ikkje gjengen å fyre bål. Fürst skriv at Barth-Heyerdahl fekk «en lys idé». Han tetta hulla med torv, la ei skiferhelle på golvet og stiva opp taket. Då gutane fekk fyr i bålet og sette seg, steig Barth-Heyerdahl inn i kretsen:

En kraftig, nordisk type med lys manke og blå øine. [...] Vi tenkte på Tore Hund fra Bjarkøy, ikke bare fordi vi visste at Stein er en etling av ham. [...] Han kvad for oss på klingende norrønt mål noen vers fra Håvamål. Det kom en eiendommelig stemning over oss. En følelse som nedskriveren av dette aldri har oplevet noengang før. Her satt vi benket en flokk unge menn etter dagens arbeid. Vi hadde brutt seige stubber og tunge glatte stein. Vi hadde slått med hakke og spade og ligget og hvilt i friøkten med nesen ned i fuktig duftende torv. Vi var blitt ett med Norges jord. [...] Her var vi noen kamerater samlet på et stykke jomfruelig norsk jord. [...] Vi satt der, nesten i villmarken, i en århundregammel stue. [...] For tusen år siden hadde unge nordmenn sittet benket på samme måte om kvelden etter endt arbeid, i stuer av tømmer fra de samme skoger [...] Det var

¹⁰⁴ Emberland og Kott, *Himmlers Norge*, 101 – 102.

¹⁰⁵ Emberland og Kott, 102.

¹⁰⁶ Grøtta, «Romantisk tidsskriftideologi», 20

som vi blev ett med vår historie. Vi følte oss som hørte vi like meget – eller – mere – hjemme i sagatiden, da skalden kvad sine norrøne dikt.¹⁰⁷

Her blir kameratskapet i kretsen knytt til sagatida og eit felles opphav. Det blir hevda at Barth-Heyerdal stammer frå Tore Hund (som ifølge kongesagaene drap Olav den heilage). Kameratane sit rundt bålet og banda dei lager blir overført til «salongen» som tidsskriftet representerer. På denne måten knyt kretsen seg sjølv til det opphavelege og autentiske som ligg i skildringar omkring mellomalderen.

Det ariske Ragnarok

På første side, før sjølve programerklæringa byrjar, har redaksjonen trykka eit liggande svastika med bøygde hakar, og med ein flamme opp frå midten. Denne versjonen av svastikaen blir brukt på første side så lenge tidsskriftet eksisterte. Rett under står det trykka eit utdrag frå Chāndogya-Upanishad. Upanishadane er gamalindiske teologiske-filosofiske skriftar, og er fundamentale i hinduismen. Chāndogya-Upanishaden stammar sannsynlegvis frå 600-talet fvt, og ordet *upanishad* kjem frå eit verb med tydinga *sitje*, eller *sitje ved sidan*. Éi tolking er at ordet kjem frå at disippelen sit ved føtene læraren.¹⁰⁸ Her er det kretsen rundt *Ragnarok* med Jacobsen i spissen som tek på seg rolla som læremeister og forkynnar av eit bodskap. Utdraget heiter «Arisk visdom»:

ARISK VISDOM

Man tenker, når man tror.

Uten tro er det ingen tenken ; bare den som har tro kan
tenke. Å tro må man altså søke å erkjenne!”
Å tro, herre, vilde jeg gjerne erkjenne”

Man tror, når man har rot i noe;

uten å ha rot er det ingen tro ; den som har rot i noe,
tror på det. Å ha rot må man søke å erkjenne”
Å slå rot, herre, vilde jeg gjerne erkjenne”

Man har rot i noe når man skaper;

uten at man skaper er intet roffast ; bare den som ska-
per, har rot. Det å skape må man altså søke å erkjenne”
Å skape, herre, vilde jeg gjerne erkjenne”

Chāndogya – Upanishad.¹⁰⁹

¹⁰⁷ Fürst, «Norrøn ånd i A.T.», Ragnarok, Hefte 9/10. desember 1937, 250.

¹⁰⁸ Store norske leksikon, s.v. «Upanishader» av Nils Simonsson og Knut Kristiansen. 10.10.2017.

<https://snl.no/upanishader>

¹⁰⁹ Ragnarok, Ragnarok, Hefte 1, mars 1935, 0.

Teksta er trykka på norsk, og er truleg redaksjonen si eiga omsetting frå anten den engelske eller tyske omsetjinga frå sanskrit. Sanskrit er den eldste forma av indoariske språk.¹¹⁰ Nazistane jakta som kjent på det ariske opphavet i Himalaya, og myten om Atlantis er sentralt i oppfatninga av den ariske rase. Redaksjonen koplar seg dermed på det ariske raseperspektivet til det indoeuropeiske språk- og slektstreet. Dei ville trekke ei linje mellom seg sjølv og det ariske opphavet i den eldste delen av indoeuropeiske folk. Kretsen rundt *Ragnarok* knyt idéen om den ariske rase til seg sjølv, og utgjer dermed ikkje berre eit tidsskrift, men er deltakrar i det nazistiske fellesskapet. Det er tydeleg at *Ragnarok* brukar omgrepene *arisk*, og *ariar* som motsetning til *jøde*, på same måte som dei tyske nazistane.¹¹¹ Dette er ikkje berre for å oppvurdere og framheve seg sjølv, men også for å sette sær preg og ikkje minst for å vise slektskap til sine tyske meiningsfeller. (*Ragnarok* knyta slektskap til dei tyske nazistane gjennom heile 1930-talet, og det blei ofte trykka internt omsette innlegg frå tysk. Etter okkupasjonen og då NS fekk makta, endrar forholdet til Tyskland seg.) Allereie før sjølve programerklæringa knyt Jacobsen og *Ragnarok* seg til ei nazismen si oppfatning av rase.

Utdraget er som nemnt trykka før første innlegg/programerklæring, og kan reknast som ein *fortale* til tidsskriftet som heilheit. Dette er ikkje uvanleg i tidsskrifttradisjonen. I skildringa av *Athenaeum* skriv Grøtta at forfattarane brukte fortalen for å danne eit bilde av korleis tidsskriftet sine ulike stemmer skulle virke saman.¹¹² Fortalen for *Ragnarok* sin del fungerer dermed som eit sitat til erklæringa som kjem etterpå. I *Athenaeum* brukte forfattarane fortalen til å vise at tidsskriftet «[...] vier seg helt og holdent til dannelsen – *die Bildung* – og søker å gi rom for den frie ytring, med varierende form og innhold.»¹¹³ I *Ragnarok* har fortalen ei anna form, men same funksjon, den blir brukt for å kommentere opphavet til behovet for eit nazistisk tidsskrift. Eit utdrag frå programerklæringa skal saman med «Arisk visdom» illustrere synet på rase som kjem til uttrykk i *Ragnarok*. I programerklæringa kjem bakgrunnen og behovet for å gje ut tidsskriftet fram, og med «Arisk visdom» visar redaksjonen at som ariske menn, har dei behov å skape på vegne av menneskeheita. Det er dermed noko biologisk og dermed naturgitt som førar til denne «skapartronga». Som vi skal sjå, får raseperspektivet gjenklang i programerklæringa.

¹¹⁰ *Store norske leksikon*, s.v. «Sanskrit» av Knut Kristiansen. 31.10.2019. <https://snl.no/sanskrit>

¹¹¹ *Store norske leksikon*, s.v. «Arier» av Knut Kristiansen. 23.11.2018. <https://snl.no/arisk>

¹¹² Grøtta, «Romantisk tidsskriftideologi», 21.

¹¹³ Grøtta, 22.

Verdikampen på 1930

Til sjølve analysen av programerklæringa har vi sett at gjennom «Arisk Visdom» er det visse ibuande biologiske trekk som førar til ei skaparkraft, og at dette er knytt til *Ragnarok* sitt syn på rase. Analysen av programerklæringa vil avdekke fleire sentrale element i *Ragnarok* sitt verdisyn, som blant anna kva idealsamfunn som blir synleg i *Ragnarok* – med andre ord kva *utopi* tidsskriftet arbeidde mot. Det aller første heftet frå mars 1935 er på totalt 24 sider, og den første artikkelen er programerklæringa. Den er på 35 linjer som nesten dekker halvanna side. Den er ikkje signert med namn. I programerklæringa blir det kunngjort kva tidsskriftet skal stå for og kva som er formålet med det. Redaktør Jacobsen er truleg ein av hovudforfattarane. Albert Wiesner, Jon Kada og O. Augdahl er oppført som faste medarbeidarar i redaksjonen. Gustav Smedal, Eyvind Mehle, Albert Wiesener og O. Augdahl er oppført som skribentar i dette nummeret. Jon Kada er ifølge redaksjonen eit pseudonym, men det er uvisst kven som stod bak namnet. Programerklæringa er på litt meir enn 1 side, og opnar med:

RAGNAROK skal være et nasjonalt, norsk månedsskrift. Det vil i korte avhandlinger og artikler ta stannpunkt til spørsmål av vesentlig betydning for folk og stat. Vi skal være saklige. Intet menneskelig skal, som sagt er, være oss fremmed og vi skal være fair. Men det er ikke dermed vår mening å skrive objektivt og civilisert og salongkultivert og dannet i den betydning at der ingen forskjell skal være på godt og ondt. Det avgjørende for vår vurdering er spørsmålet om hvad som styrker og hvad som svekker det norske folk. Det som gjør dette folk sterkt, er godt.¹¹⁴

Her gjer redaksjonen greie for målsetning og kva slags tema som skal tas opp. Det tematiske spektrumet er bredt, og «for folk og stat» og «intet menneskelig [...] være oss fremmed» har politiske, sosiale, økonomiske, kulturelle og religiøse konnotasjoner. Redaksjonen hevdar at den skal være sakleg, men ikkje objektiv i møte med det som blir sett på som «ondt». Vurderinga om kva som er «godt og ondt», er sjølverklært subjektiv og kategorisk. Vidare i programartikkelen i *Ragnarok* skriv redaksjonen om fleire gudar som skal kastast, og siktar til blant anna Vidkun Quisling: «Ragnarok har mer enn én betydning, uten derfor å være Janus. Bl. a. er det en rekke guder som skal styrtes. Og det koster kamp.»¹¹⁵ Den politiske bakgrunnen for tidsskriftet var altså å skape eit talerøyr for nazismen i Noreg, sidan NS ikkje viste seg å vere det partiet kretsen rundt *Ragnarok* såg for seg. Jacobsen sin ordlyd frå arbeidet med å påverke NS får gjenklang i tidsskriftet si programerklæring. I tillegg til å gjere

¹¹⁴ Ragnarok, Hefte 1, mars 1935, 1.

¹¹⁵ Ragnarok, Hefte 1, mars 1935, 2.

greie for det reint praktiske behovet for tidsskriftet i programerklæringa, hefter *Ragnarok* seg direkte til den nazistiske rasemystikken:

Og når man nu står ovenfor det faktum, at samfendet er i støpeskjeen, så får man også ha oss undskyldt at vi sympatiserer mindre med en forflatende materialistisk marxisme, enn med den nasjonale socialismen hos de te oss rasebeslektet folk, om hvilket Dostojevskij sa, at det faller i dette folks lodd å tale forløsende ord til menneskeheten.¹¹⁶

Her ser vi at *Ragnarok* koplar slektskap med Tyskland, germanismen, og nazismen, og at dei på grunn av sin rase har ibuande ei mytisk skaparkraft. Marxismen og venstresida er motstandarar. Gjennom tidsskriftet skulle Jacobsen og kretsen rundt *Ragnarok* gjere nazismen norsk. *Det rasebeslektete folk* er for *Ragnarok* det germanske/tyske folk. Det er uvisst kvar *Ragnarok* har henta sitatet, men må vere frå ei tekst der Dostojevskij omtala det tyske folket. Dostojevskij blir sett på som ein stor forfattar og samfunnsrefsar, uansett kvar ein ligg på det politiske spektrum. I følge Egeland var forfattarane Sigurd Christiansen og Ronald Fangen inspirert av Dostojevskijs bodskap om livs- og samfunnsproblem.¹¹⁷ Og her brukar *Ragnarok* Dostojevskij ikkje berre for å bygge opp om sin eigen kulturelle og intellektuelle kapital, men også for å understreke at dei er samfunnskritiske meiningsdebattantar. Sitatet står sist i eit lengre avsnitt, og nær slutten av artikkelen. Eg vil hevde at funksjonen er å vise intellektuell og kulturell tyngde, samtidig som dei brukar ein anerkjent forfattar for å fremje og rettferdiggjere eige bodskap ved å legge ord i munnen på Dostojevskij. Sitatet blir omtolka for å fremje *Ragnarok* sitt felttog, og blir brukt som ei velsigning og rettferdiggjering til krig. Dostojevskij sitt sitat blir brukt for å vise at *Ragnarok* – med andre ord den ariske rase, har rett i det dei gjer. *Ragnarok* brukar Dostojevskij til å påvise eit instinkt dei innehavar som «germanarar». Dette instinktet dreiar seg om å forkynne eit bodskap om frelse og emansipasjon frå den jødiske konspirasjonen. *Ragnarok* brukar Dostojevskij for å slå fast dette. Instinktet til det germanske (ariske folk) er altså på vegne av og skal gagne heile menneskeheita. Egeland påpeiker i si litteraturhistorie om mellomkrigstida at diktinga blei brukt som forum for meiningsbryting i mellomkrigstida. Men åtvarar samtidig at vi er altfor vant til å leite etter slike frontlinjer.¹¹⁸ Her er den ideologiske meiningsbrytinga eksplisitt påpeika av tidsskriftet i det augeblikket det brukar Dostojevskij som argument for å «tale forløsende ord til menneskeheten». Dei forløysande orda blir brukt for å tale imot «forflatende materialistisk marxisme» som blir utpeika som

¹¹⁶ *Ragnarok*, Hefte 1, mars 1935, 1.

¹¹⁷ Egeland, *Norges litteraturhistorie*, 51.

¹¹⁸ Egeland, 50.

meiningsmotstandar og dermed fiende. Seinare i programerklæringa er det kulturradikalarane som blir utropt som representantar for marxismen. Seinare i kapittelet skal eg vise at dette blei personifisert ved Sigurd Hoel.

I nazismen er som kjent det biologiske sentralt, og her er det biologien som rettferdiggjer forkynninga og frelsa frå bolsjevismen og jødedommen, og kan ergo ikkje argumenterast imot. Det «ariske instinkt» er grunn for at kretsen bak *Ragnarok* tek opp denne kampen. Som eg nemnte i omtalen av første avsnitt av programerklæringa, proklamerer redaksjonen at det vil bli gjort subjektive, og dermed kategoriske vurderingar. Vurderingane blir gjort i møte med det «gode og onde». Dostojevskij sitt sitat blir utan måtehald brukt som den ariske rase sitt gode instinkt, og dermed strykande for Noreg. Motsetninga er det «onde». For *Ragnarok* er Nordahl Grieg, og hans tidsskrift *Veien Frem* (1936-37) representant for motsetninga til det «gode». *Ragnarok* var militante, antipasifistiske og pro-vald.¹¹⁹ Med tanke på bruken av Dostojevskij, følger dette elementet Tjønneland framhevar gjennom artikkelen til Philippe Lacoue-Labarthe og Jean-Luc Nancy. Som forfattarane postulerer kunne nazismen fritt støtte si eiga mytologisering med kva enn som snytast å passe. Her brukar tidsskriftet Dostojevskij for å fremje si eiga mytologisering som handlar om å «tale forløsende ord til menneskeheten.»

Undergangen

Ragnarok slår i tillegg fast at samfunnet er i «støpeskjeen», og alluderer til gullalderen som skal kome. I den norrøne mytologien er ragnarok namnet på verdens undergang, og en tid etter undergangen skal det oppstå en ny verden. Kretsen bak tidsskriftet var bevisst på dette når dei valde namnet *Ragnarok*: «Vi har kaldt dette tidsskrift – som utgis uavhengig av politiske partier – for «Ragnarok», både av fonologiske og symbolske grunner.»¹²⁰ Det symbolske som blir framheva, er ikkje berre undergangen som kjem, men også gullalderen som oppstår på den andre sida. Som nemnt slår dei fast at samfunnet er i *støpeskjeen*. Det som ligger bak desse påstandane har fleire lag. Det eine laget handlar om at kretsen bak tidsskriftet representerer undergrunnen til den dåverande politiske, sosiale, kulturelle, økonomiske og religiøse ordenen. *Ragnarok* skulle spreie nazismen og innføre eit totalt system, som NSDAP gjorde i Tyskland. Gullalderperspektivet kjem frå valet av namn på tidsskriftet. Ved å framheve norrøn mytologi sikter redaksjonen til at mellomalderen, med andre ord vikingtida, er idealet. I innlegg og artiklar lengre ut i tidsskriftets levetid blir

¹¹⁹ På ei anna side ville Grieg og Jacobsen sitt syn på det *sosialistiske* vere likt. T.d. kunne dei ha same syn på planøkonomi.

¹²⁰ Ragnarok, Hefte 1, mars 1935, 2.

gjentatte gonger «sagatida» og særleg mellomalderske (manns)ideal framheva. Det andre laget i tidsskriftets namn handlar om den jødiske konspirasjonen, som er og var sentral i nazistisk propaganda og ideologi. Undergrunnen som *Ragnarok* sikter til, handlar også om at jødar har infiltrert samfunnet. Antisemittisme er den mest kjente delen av nazistisk ideologi og propaganda. Gullalderen er dermed et samfunn der denne konspirasjonen er avslørt og løyst. Kampen mot semittismen er dermed også knytt til instinkta ved å vise til det opphavelege i mellomalderen gjennom den norrøne mytologien. Gjennom Tjønneland sin lesing av NS' propagandaminister Gulbrand Lunde under krigen dukkar same perspektiv opp. Tjønneland hevdar at for Lunde finst det: «noe sant og naturlig norsk som er egnet til å stå imot forfallet.»¹²¹ Dette synet blei dermed slått fast i dei norske nazistiske kretsane allereie i 1935. *Ragnarok* sitt litteratursyn avdekker dermed korleis den jødiske konspirasjonen blei uttrykka i tidsskriftet som såleis, samt påstanden om kva innverknad den hadde på det norske og nordiske samfunnet. Undergangen har dermed to lag; eitt der *Ragnarok* skal styrte den ståande ordenen, og eitt der den jødiske konspirasjonen truar samfunnet – både kulturelt og politisk. Denne delen avdekker *Ragnarok* sitt syn på rase, samt korleis det betraktar seg sjølv. Neste del skal omtale og forklare litteratursynet i tidsskriftet. Delen skal illustrere bakgrunnen for samfunnet sin undergang, samt gullalderperspektivet. Dette vil avdekke *Ragnarok* og ytre høgre sitt kunst- og litteratursyn.

Ragnarok og litteraturen

Som nemnt kan sitatet av Dostojevskij tolkast som eit forsøk på å heve kulturell og intellektuell kapital. Ved å framheve pre-antikk litteratur, det norrøne, samt en markant og anerkjent forfattar, tydeleggjer redaksjonen eigen (og samtida) sin litteratursmak. Med dette kastar tidsskriftet seg inn i debatten om litteraturen i mellomkrigstida. *Ragnarok* og Jacobsen er prega av høgrefløya sitt litteratursyn, eit syn dei delte med t.d. medlemmer i NS. Det litterære rommet i 1935 som *Ragnarok* trer inn i er kjenneteikna av kulturradikalisme og debatten omkring psykoanalysen. Deler av norsk litteraturopfatning var at psykoanalysen stod for eit forfall. Denne oppfatninga deler *Ragnarok*. I «Nazismen og norsk litteratur» skriv Gudrun Lello at for ytre høgre starta den store forfallstida i norsk litteratur med *Syndere i sommersol* (1927) av Sigurd Hoel. Boka satt ifølge Lello eit litteraturhistorisk skilje som «[...] prototyp på den «sjelløse» roman.»¹²² Sigurd Hoel blir omtala som ein av dei største skikkelsane innanfor kulturradikalismen i mellomkrigstida, og var saman med Aksel

¹²¹ Tjønneland, «Åsmund Sveens antologi *Norsk ånd og vilje* og litteraturen i norsk nazisme», 99.

¹²² Lello, «Den nasjonal sosialistiske litteraturen under okkupasjonen», 103.

Sandemose den «[...] viktigste eksponenten for psykoanalysens innflytelse på norsk litteratur». ¹²³ Sigurd Hoel gjekk i psykoterapi hos sin venn og psykoterapeut Wilhelm Reich. Reich hadde vore elev av Sigmund Freud og blir omtala som ein viktig inspirator for blant anna Hoel.¹²⁴ Hoel - og dermed psykoanalysen, blei for *Ragnarok* del av narrativet omkring samfunnet sin undergang.

Synet på det «sunne» i folket er som kjent ein vesentleg del av nazismen. Kunsten er som vist eit fundament for utviklinga til Det tredje riket. Forfattarane Kristen Gundelach (1891 – 1971) og Finn Halvorsen (1893 – 1960) var begge medlem av *Kulturtinget*. Dette var okkupasjonsmakta og NS sin institusjon for å «nazifisere» kulturen i Noreg. Kulturtinget blei oppretta i 1942, og same år skriv Gundelach eit innlegg i *Ragnarok* om kunsten si rolle. Innlegget heiter «Kunsten og dens utarting». ¹²⁵ Ordet *utarting* betyr *degenerasjon* og *forfall*. Med tanke på entartet kunst, går det for nazismen eit skilje mellom sunn og sjuk kunst. Den sjuke kunsten er entartet, synonymt med «jødisk kunst». Det «jødiske» i litteraturen frå slutten av 1920 – talet og utover var for ytre høgre *psykoanalysen*, eit resultat av arbeidet til Sigmund Freud. I nazismen er det organiske raseperspektivet grunnleggande, og Lello skriv at kunsten var for Gundelach ein organisk del av folket.¹²⁶ Kretsen rundt *Ragnarok* var motstandarar av psykoanalysen, og nemner den eksplisitt i programerklæringa. Dette kan koplast saman med antiintellektualismen, som også er sentralt i nazismen. I nazismen kjem antiintellektualisme til uttrykk i rasemystikk og fronten mot de intellektuelle.¹²⁷

Antiintellektualismen er synleg i *Ragnarok* si programerklæring:

Og man må ha oss undskyldt at vi her legger mer vekt på sunde og sterke instinkter [...] enn på en pretensiøs intelligenspreget liberalisme, hvis ledende «standpunkt» er, kun å ta standpunkt mot det som tar standpunkt. Som under dominerende innflydelse av en sykelig misforstått psykoanalyse forsøker å forkavle og konvertere i unormale kompleksar hevdvunde og friske institusjoner.

Vi skulde vel snart i dette land ha tilstrekkelig med mennesker som går omkring og er tåpelige og nidleser gule serier av frykt for å bli betraktet som befengt med mindreverdighetskompleksar.¹²⁸

Her framhevar tidsskriftet at det legg vekt på *sunne og sterke instinkt*, og motstandaren er en *pretensiøs intelligensprega liberalisme*. Del av kampen *Ragnarok* og ytre høgre kjempa, var

¹²³ Andersen, *Norsk litteraturhistorie*, 400.

¹²⁴ *Store norske leksikon*, s.v. «Wilhelm Reich» av Karl Halvor Teigen. 04.03.2020. https://snl.no/Wilhelm_Reich

¹²⁵ Gundelach, «Kunsten og dens utartning», *Ragnarok*, Hefte 2/3, 1942, 39.

¹²⁶ Lello, «Den nasjonalsosialistiske litteraturen under okkupasjonen», 103.

¹²⁷ *Store norske leksikon*, s.v. «Antiintellektualisme», 14.02.2009. <https://snl.no/antiintellektualisme>

¹²⁸ *Ragnarok*, «Ragnarok», Hefte 1, mars 1935, 1.

for den germansk-vestlege kulturarven og forteljinga om «det sunne mennesket». Her er dei antiintellektualistiske haldingane tydelege, og det er tema om rase som blir framheva. Personane bak programerklæringa hevdar at deira instinkt er sunt og sterkt, og det er friske organiske trekk som er karakteristisk ved dei. Vidare er det ein *sjukeleg misforstått psykoanalyse* som er hovudgrunnen til at hevdunne og friske institusjonar går til grunne. Dei uttalte verdimotstandarane er påverka og dominert av psykoanalytiske strøymingar. Her angir redaksjonen psykoanalysen og stemplar den med ord som konnoterer til sjukdom og forfall. *Ragnarok* brukar bevisst ord som konnoterer til sjuk og forfall gjennom heile trettitalet, og orda blir brukt i det tidsskriftet omtalar motstandarar. Raseperspektivet kom som nemnt allereie til uttrykk i fortalen, og tidsskriftet påpeiker at dei rår over *sunne* og *sterke* instinkt. *Ragnarok* konstaterte rasen deira med «Arisk visdom». I programerklæringa fortset dei å framheve sin eigen rase som overlegen, og koplar *sunnheit* og *sterkt* til ibuande instinkt hos den ariske rase. Som nemnt i teorikapittelet var all entartet kunst for nazistane synonymt med jødisk kunst, og sidan Freud hadde jødisk opphav blei psykoanalysen, og ikkje minst psykoanalytisk litteratur, sett på som forderva og sjuk. Dette blir framheva då programerklæringa nemner *Den gule serien*.

Den gule serien var ein romanserie som blei utgitt av Gyldendal i perioden 1929 – 1959. Sigurd Hoel var redaktør og hovudkonsulent. Seien bestod av omsetjingar av aktuelle og høgtståande romanar.¹²⁹ Til saman bestod serien av 101 bøker. Forfattarar som Kafka og Hemingway blei t.d. omsett til norsk for første gong i denne romanserien. Fleire av dei omsette forfattarane blei seinare tildelt Nobelprisen i litteratur og var ofte engasjert i politikk. *Den gule serie* er dermed motstandar både til *Ragnarok* sin nazisme og litteratursyn, noko *Ragnarok* påpeiker sjølv. Blant dei omsette forfattarane var kvinner, kommunistar eller sosialistar, og fleire hadde også jødisk opphav. Bøkene tok opp tema som religion, seksualitet, pasifisme, antikrig og sosialisme. Med Sigurd Hoel som hovudkonsulent og redaktør i romanserien blei *Den gule serie* utpeika som del av undergangsnarrative til *Ragnarok*. Lello skriv at i det høggreekstreme litteratursynet var dei intellektuelle del av det sjuke i kulturen, i tillegg til at psykoanalytisk litteratur drap følelsane og sjela.¹³⁰ Gundelach skreiv som nemnt i *Ragnarok*, og hans arbeid påverka NS sitt kunstsyn. I 1941 sensurerte myndighetene i Noreg bøker som blei sett på som «sjuke».¹³¹ Seghers, Inber, Hoel, Sandemose, Øverland, Grieg, Hemingway og Kafka var alle på ei lang liste over sensurerte

¹²⁹ Store norske leksikon, s.v. «Den gule serie», 30.01.2019. https://snl.no/Den_gule_serie

¹³⁰ Lello, «Den nasjonalsosialistiske litteraturen under okkupasjonen», 103.

¹³¹ Lello, 104.

forfattarar under okkupasjonen. Freud og Reich blei også svartelista. Det blei også Nordahl Grieg sitt tidsskrift *Veien fram*.¹³² *Den gule serie* blei ein del av verdidebatten på 1930 – talet, og for *Ragnarok* ei stemme for kulturradikalarane, kvinnesaksforkjemparar og venstresida i norsk og global politikk. Litteraturen som blei omsett i *Den gule serie*, står både estetisk og tematisk i opposisjon til *Ragnarok* sitt litteratur- og verdisyn. Dette gjeld også litteratur som braut med den generelle oppfatninga at litteraturen skulle gå innover ofte berre fordi forfattaren hadde jødisk bakgrunn. Lello skriv:

Den «utartede kunst» var derfor et «jødisk attentat» mot norsk kunst. «Jødisk estetikk» innafor litteraturen var rett og slett oversatt litteratur, og det beste eksemplet Halvorsen kjente, var bøkene som ble utgitt i Gyldendals gule serie.¹³³

Ragnarok sjikanerer og latterlegger *Den gule serie*, kulturradikalarane, intellektuelle, og lesarar med å kalle dem for «tåpelige» og «befengt med midreverdighetskomplekser». Allereie frå byrjinga blir serien stempla som representant for kulturens og dermed samfunnets undergang og oppløysing. Gundelach bidrog i *Ragnarok* først i 1942, men som vi har sett gjennom Lello sine funn delar Gundelach og Halvorsen det same synet på litteraturen som råda i *Ragnarok* allereie frå byrjinga. Med andre ord kan vi sjå at dette litteratursynet allereie råda og var fastslått i 1935, på same måte som det blei fastslått at nordmenn hadde noko biologisk ibuande som gjorde det rusta i kampen mot den jødiske konspirasjonen. I åra under okkupasjonen var Gundelach og Halvorsen sentrale i sensuren av bøker og forfattarar. Mange av dei sensurerte bøkene og forfattarane blei utgitt i *Den gule serie*. Det finns ikkje bevis på at Gundelach og Halvorsen var direkte påverka av *Ragnarok*, men vi kan slå fast at fellestrekka er til stades. Desse fellestrekka er heller ikkje tilfeldige med tanke på dei marginale ideologiske skilnadane mellom tidsskriftet, Gundelach og Halvorsen. *Ragnarok* var tidleg ute med å stemple *Den gule serie* som aktør bak forfallet og undergangen i norsk politikk, kultur og åndsliv. Synet på *Den gule serie* hald fram å terge redaksjonen gjennom åra. På dei siste sidene av kvart hefte blei det trykka ei kommentar- og kåserispalte som fekk namnet «Kringsjå». Spalta er ein slags «høyrt og sett» av anten redaktøren, lesarar og faste skribentar. Kommentarane har ofte ingen avsendar/namn. Det blei det trykka petitartiklar, kommentarar, sitat av kjente personar m.m. Spalta kan samanliknast med «I Saksa» i Klassekampen og «Summetonen» i Bergensavisen i vår samtid. «Kringsjå» har tydelege populistiske trekk. I hefte 4 frå juli 1937 står det:

¹³² *Beslaglagte bøker*, Biblioteksentralen, 1995.

¹³³ Lello, «Den nasjonal sosialistiske litteraturen under okkupasjonen», 103.

VIL «Dagbladet» meddele oss hvor meget semitisk medarbeiderskap det har? Hvordan er det med redaksjonssekretären? [...] Hvorfor går «Dagbladet» så sterkt inn for de jødiske og kommunistiske diktere – folk som Feuchtwanger, Klaus Mann, Emil Ludwig, Friedr. Wolf? For den hovedsakelig semitisk «gule seire»? Hvortil denne velvilje ovenfor jødiske «vitenskapsmenn» som Wilh. Reich og Max Hodann? Hvorfor blir perverse, semitiske asfaltpoeter som Tucholsky hyldet i lederartikler? ¹³⁴

Her ser vi at *Ragnarok* tiltaler redaksjonen i Dagbladet for å vere infiltrert av jødar. Ifølge *Ragnarok* favoriserer Dagbladet jødiske og kommunistiske forfattarar og vitskapsmenn, samt *den gule serie*. *Ragnarok* hevdar at forfattarar og diktarar frå *den gule serie* blir favorisert av redaksjonen, og grunnen for dette er at Dagbladet er infiltrert av marxistar og jødar. Det som *Ragnarok* åtvara om i programerklæringa, har ifølge tidsskriftet skjedd Dagbladet anno 1937. Under denne påstanden er det et lag av utanforskap. *Ragnarok* representerer ei reaksjonær og radikal gruppe som ikkje fekk tilgang til debatten, t.d. i store avisar som Dagbladet. Seinare i dette innlegget står det: «[Dagbladet] sin blotte existens er et bevis på berettigelsen av autodaféer også i vår praktfulle, nordiske samtid.»¹³⁵ Ved at Dagbladet ikkje omtalar kunst som *Ragnarok* kunne gå god for, skjer det ifølge dette utdraget ei symbolsk bokbrenning i den nordiske kulturelle offentlegheita. Funksjonen til slike narrativ er å hauste sympati, i tillegg til at det blir bekrefta at *Ragnarok* og dets meiningsfellar er på utsida av debatten. Slike skuldingar er med på å legitimere eit utanforskap, som igjen forsterkar ei kjensle av tilhørysle, i dette tilfellet med ei høgreekstrem gruppering. *Ragnarok* kastar ei estetisk dom over all kunst som stenger dei ute frå debatten. Dette heng saman med nazismen sitt syn på modernismen. I nazismen er all jødisk kunst entartet. All modernistisk kunst blei synonymt med «sjuk» jødisk kunst. I 1933 sende Josef Goebbels eit telegram til Edvard Munch. I telegrammet blei Munch gratulert med 70-årsdagen, og samtidig hylla for sin kunst. Goebbels skreiv at maleriene til Munch «displayed a powerful, wilful spirit inherited from Nordic-Germanic heritage in its utter disregard for formal academic criteria[...].»¹³⁶ I 1937 hadde dette synet endra seg. I Tyskland blei all entartet kunst blei fjerna og sensurert, Munch inkludert, med Goebbels som hovudansvarleg.¹³⁷ Munch sin kunst hadde fått stempel som entartet, og dermed jødisk, og vice versa. Om Munch var jøde eller ei, hadde ingen betydning for desse vurderingane. I *Ragnarok* sin estetiske vurdering er kriteria eine og aleine basert på om kunstnaren eller forfattaren kunne identifiserast eller koplast med noko jødisk, eller hadde eit jødisk-klingande namn. Bøkene i *Den gule serie* blei utgitt av Gyldendal med Sigurd Hoel

¹³⁴ Ragnarok, «Kringsjå», Hefte 4, juli 1937, 117.

¹³⁵ Ragnarok, «Kringsjå», Hefte 4, juli 1937, 117.

¹³⁶ Griffin, *Modernism and Fascism*, 250.

¹³⁷ Griffin, 250.

som ansvarleg redaktør, og han var ein av hovudrepresentantane for psykoanalysen som var ei «jødisk oppfinning». All kunst med dette stempelet blei «jødisk kunst», og dermed entartet.

Fienden til den stoiske mannsfiguren

Bøkene og forfattarane i *Den gule serie* hadde sterke politiske, sosiale, kulturelle og samfunnsmessige bodskap. For å illustrere litteratursynet som prega bøker serien, skal vi ta et kort hopp til to av forfattarane som blei utgitt. Litteratursynet som prega desse forfattarane passar med *Ragnarok* sitt narrativ omkring undergang, og som blei knytt til jøden og bolsjevismen gjennom klassekamp og marxisme. Det korte sidesporet vil illustrere kva slags litteratur verdimotstandarane til *Ragnarok* skreiv, og kva verdinorma dei ofte fremja.

Det finst oversikter over kva for verk som blei brent i autodaféen i Tyskland av 1933, men eg kan nemne den tyske forfattaren Anna Seghers og den sovjetiske forfattaren Vera Inber Shpenzer. Anna Seghers blei omsett til *Den gule serie* i 1930. Seghers hadde vore medlem av det tyske kommunistpartiet sidan 1929.¹³⁸ Den sovjetiske forfattaren Vera Inber (født Shpenzer) blei omsett i 1932, og var på studiebesøk i Norden 1934. Reisa blei arrangert av student- og vennskapsorganisasjonar i Sverige og Noreg. I Noreg blei ho tatt imot av den sovjetiske legasjonen, Hans Vogt (1903 – 1986), NKPs formann Adam Egede-Nissen (1868 – 1953) og Arnulf Øverland, samt to journalistar.¹³⁹ På reisa gav ho intervju der ho hylla sosialismen, og tala om kvinnefrigjering.¹⁴⁰ På Studentersamfundet i Bergen heldt Inber eit foredrag om sovjetisk litteratur. Foredraget handla om korleis dei sovjetiske forfattarane deltok i den sosialistiske oppbygginga. Etter foredraget blei det påpeika av Elias Steen-Olsen (formann og ein av grunnleggarane av Studentersamfundet i Bergen) at ho var første kvinne som «[...] har talt frå Studentersamfundets kateter.»¹⁴¹ I tillegg til å vere ei stemme for sosialismen, vaks ho opp med Lev Trotskij. Faren til Inber og Trotskij var søskenbarn.¹⁴² Inber sitt foredrag illustrerer den skapar- og påverknadskrafta litteraturen hadde i mellomkrigstida, men den står i opposisjon til *Ragnarok* sitt verdsbilde. Inber brukte litteraturen for å fremje klassekamp, i tillegg til at ho var kvinne.

Både Anna Seghers og Vera Inber hadde jødisk bakgrunn var begge framståande på venstresida i politikken. I teorikapitelet har eg omtala *primitivismen* som fekk sitt uttrykk i det Anna Elgström kalla for ein enkel, stoisk og mannleg kunst. Seghers si novelle

¹³⁸ *Store norske leksikon*, s.v. «Anna Seghers», 14.02.2009. https://snl.no/Anna_Seghers

¹³⁹ Hellmann, «"It's Wonderful to Be a Soviet Writer!" Vera Inber's Northern Journey in 1934», 31.

¹⁴⁰ Hellmann, 19.

¹⁴¹ Bergens Arbeiderblad, Lørdag 27. oktober 1934, s. 3. <https://www.nb.no/>

¹⁴² Hellmann, «"It's Wonderful to Be a Soviet Writer!" Vera Inber's Northern Journey in 1934», 42.

Fiskeropstanden i St. Barbara (1928) kom ut i *Den gule serie* i 1930. Novella handlar om eit arbeidaropprør i den vesle fiskelandsbyen St. Barbara. Personane i novella krev betre livs- og arbeidsvilkår, samt høgare lønn for fangsten sin. I første setning får vi vite at opprøret blir slått ned og stansa. Det marxistiske tema i novella er ikkje uventa grunn for at *Ragnarok* ville ha stempla det som del av fiendebildet. Viss vi ser nærmare på tema rundt kjønnsrolla i boka, står også dette som ein kontrast til den stoiske mannlege kunsten. I *New German Critique* hevdar Christoph Schaub at Seghers si novelle:

[...] undermines masculine visions of revolutionary agency and pays special attention to the role of working-class women in the struggle. This sets the text simultaneously apart from most workers' movement authors and many Weimar women writers who focused on individual white-collar workers.¹⁴³

Både Inber og Seghers (og fleire av dei omsette bøkene i *Den gule serie*) fekk stor merksemd i eigen samtid. Inber og Seghers står som ein kontrast til den enkle, stoiske og mannlege kunsten, og ikkje uventa i opposisjon til *Ragnaroks* verdi-, kunst- og kjønnssyn. Som nemnd blei både Seghers og Inber begge sensurert under okkupasjonen. På måten *Ragnarok* omtala motstandslitteraturen og satt den inn i eit samfunnsmessig undergangsnarrativ, førar til at vi kan snakke om ein «ragnaroksk» autodafé i overført betydning. *Den gule serie* blei så avskydd at det ikkje kan underdrivast.

Rasespesifikk imperialisme

I hefte 2 i april 1935, éin månad etter Hefte 1, er overskrifta til leiarartikkelen «En nasjonal tragedie». Forfattar av teksten er ikkje namngitt, men Jacobsen er framleis redaktør. Med tanke på at det er leiarartikkelen, kan vi anta at det er ført i pennen av Jacobsen. Innlegget er på 3 heile sider og handlar om Grønlandssaka. Etter unionsoppløysinga i 1905 oppstod ein debatt om Grønland burde bli sett på som eit gammalt norsk land.¹⁴⁴ Grønlandssaka fekk betydeleg omtale og spalteplass i *Ragnarok*. Eg skal ikkje gå inn på sjølve saka, men ordbruken i desse innlegga er interessante med tanke på korleis *Ragnarok* brukar raseperspektivet som våpen, og brukar det til påverke debatten og ikkje minst sverte politiske motstandarar. *Ragnarok* hadde allereie stempla psykoanalysen og «sjuk» kunst som nokre av hovudgrunnane til undergangen. I dette og andre innlegg omkring Grønlandssaka koplar dei psykoanalysen til pasifisme, eit av dei aller verste orda for ein nazist. Det står:

¹⁴³ Schaub, «Aesthetics, Masses, Gender: Anna Seghers», 167.

¹⁴⁴ Store norske leksikon, s.v. «Grønlandssaken», av Knut Are Tvedt og Knut Dørum. 26.08.2019. <https://snl.no/Gr%C3%B8nlandssaken>

Tidens psykiske selvopptatthet og sociale kamper må – hvor viktige de enn kan være – aldri bringe med sig noen negativ og livsfornekende pacifisme på dette området. Stridsfrykten kan stikke *for* dypt, selv i vårt «fredeige Norden».

Selvopgivelsen og trellfølelsen førte til det foreløbige nederlaget i Grønlandssaken¹⁴⁵

I artikkelen hånar *Ragnarok* politikarane som «ikkje er harde eller strenge nok», og konsekvensen av dette er «selvopgivelsen og trellfølelsen». Vegen til disse to er «negativ og livsfornekende pacifisme». Dermed har tidsskriftet laga ein link mellom det som dei ser på som sjuk og nedrig (kunst), til konkrete handlingar i det politiske rommet. Politikarane er ofre for ein sjukdom, ergo er dei kraftlause og ute av stand til å forsvare norske interesser. «Stridsfrykten» kom som ein konsekvens av «tidens psykiske selvopptatthet», altså psykoanalysen. Som nemnt tok bøker i *Den gule serie* opp antikrig og pasifisme, og her slår *Ragnarok* fast at kulturradikalismen var ein indirekte konsekvens til at Noreg foreløpig tapte i Grønlandssaka. Videre håpar redaksjonen på at statsminister Mowinckel vil «hevde vår rett og vår ære på en mer mandig måte når spørsmålet nu våren 1935 skal avgjøres».¹⁴⁶ Her er blir «mandige» ideal framheva, eller rettare sagt mangelen på det. Den stoiske mannlege kunstideallet som Anna Elgström omtalar i mellomkrigstidas litteratur, er igjen synleg i *Ragnarok*. Her blir den mandige estetikken overført til at mannen skal oppretthalde eit ideal i måten han opptrer seg på. *Ragnarok* koplar manndommen til å kunne hevde Noreg sin rett og ære, og hevdar nærmast at dersom statsministrar Mowinckel «mannar seg opp» vil utfallet av forhandlingane gå i Noreg sin favør. Eg kan også nemne at for kretsen rundt *Ragnarok* mangla Quisling avgjerdsmakt,¹⁴⁷ som ofte blir fremja som eit mannleg ideal. Leiaren eller føraren er som kjent sentralt i høggreekstreme rørsler, og her framhevar *Ragnarok* mannlege ideal.

Som nemnt er Grønlandssaka mykje omtala og diskutert i tidsskriftet, og desse innlegga er ikkje berre ei politisk sak for *Ragnarok*. Saka heng også saman med den nazistiske imperialismen og kolonialismen. Der Hitler og SS ville erstatte den slaviske befolkninga i Aust-Europa med germanarar, ville *Ragnarok* hevde retten over Grønland, som dei såg på som «geologisk og historisk er vår selvfølgelige rett».¹⁴⁸ Ordet *urnorsk* blir brukt i denne artikkelen, og redaksjonen forsøker å påverke debatten rundt Grønlandspørsmålet ved å skape eit historisk band mellom territoria Grønland og Noreg. Grunnlaget blei lagt i norrøn

¹⁴⁵ *Ragnarok*, «En nasjonal tragedie», Hefte 2, april 1935, 25.

¹⁴⁶ *Ragnarok*, «En nasjonal tragedie», Hefte 2, april 1935, 26.

¹⁴⁷ Emberland og Roughtvedt, *Det ariske idol*, 209.

¹⁴⁸ *Ragnarok*, «En nasjonal tragedie», Hefte 2, april 1935, 26.

tid og vikingferdene. Å bruke termar frå mellomalderen var noko både dei tyske og norske nazistane gjorde. Det mest opplagde er namnet på tidsskriftet, henta frå den norrøne mytologien. Namnet introduserer det reaksjonære litterære idealet i *Ragnarok*, både estetisk og ideologisk. Det er norrøn mellomalder som framfor alt blir framheva. For å demonstrere dette kan eg anvende Gudrun Lello sin omtale av forfattaren Finn Halvorsen (1893 – 1960). Halvorsen er representant for det reaksjonære litteratursynet under okkupasjonen, og Lello skriv:

Halvorsen konkluderer med at landet Norge alltid vil være det samme for «nordmannen». Den evige kulturkampen for et uforanderlig Norge, et uforanderlig folk og en uforanderlig kultur. Den rene, sunne tilstanden var opprinnelsestilstanden slik den presenteres i de norrøne mytene. Halvorsen bruker den litterære tradisjonen til å begrunne sitt ideal om nordmannen som en kjempende samfunnsborger.¹⁴⁹

Lello kastar lys over motivet og idealet i reaksjonær litteratur. Lello fastslår at i den ideologiske kampen brukte nazistane litterære formar frå litterære epokar slik at lesaren kunne identifisere seg med den nye kamptida.¹⁵⁰ Lello omtalar Halvorsen sin litteratur under krigen, men synet er likestilt i *Ragnarok*. I *En nasjonal tragedie* frå 1935 blir standarden satt. Minnet om mellomalderen som prega ytre høgre sitt litteratursyn under krigen, låg i minne åra før okkupasjonen. Dette minnet finner vi fleire plasser enn i *Ragnarok*. Forfattaren Karl Holter sin debutroman *Skinnbrevet* frå 1936 blei avfeia som eit «forseinka utslag av falsk nasjonalromantikk»¹⁵¹ Idéen om ei (apt) stordomstid er ikkje uvanleg for høgreorientert litteratur, og sjølv om Holter sin roman blei slakta av kritikarane framheva den synet på idealtida i norsk historie. Atle Kittang skriv om Holter:

At romanen spring ut av den same nasjonale nostalgien [...] er rett nok. Men det bør også understrekast at denne fortidsdraumen har fått ei direkte form som på alle vesentlege punkt speglar sentrale område i den norske fascistiske ideologien og mytologien.¹⁵²

I *Ragnarok* sitt tilfelle er det nostalgien omkring sagatida som blir framheva. *Ragnarok* brukar ofte gudeskikkelsar og heltar frå den norrøne mytologien og sagaene, og når det kjem til Grønlandssaka brukar *Ragnarok* vikingtida. Argumentet bak kravet om eit norskeigd Grønland ligger i rase, og fortid. Og der Halvorsen framstiller nordmannen som ein kjempande samfunnsborgar, drøymde forfattaren Karl Holter om ei urnordisk fortid. For å påpeike dette i *Ragnarok* sitt litteratursyn skal eg ta ein kort avstikkar. Ein syntese av

¹⁴⁹ Lello, «Den nasjonalsosialistiske litteraturen under okkupasjonen», 105.

¹⁵⁰ Lello, 105.

¹⁵¹ Kittang, «Fascisme og dikting i norsk mellomkrigs litteratur», 70.

¹⁵² Kittang, 70.

Halvorsen og Holter oppstår i leiarartikkelen frå Hefte nr.3 i juni 1936 med overskrift «Danmark og det norrøne rike». Forfattar er redaktør Hans S. Jacobsen. Innlegget er på 4 sider:

For det er den nasjonale vilje i Noreg – tross Martin Tranmæl, Sigurd Hoel og Johan Ludvig Mowinckel – i stadig vokster. Det gror en sterk og sunn ungdom med instinktene på rette sted, med vilje til å ofre og handle, til å utrydde asfalkulturen. Det tredje Rike har ved konsekvent å hevde de nordiske elementers ledende stilling gjort det ubevisste bevisst og utløst dype og rike krefter også i det norske folk.¹⁵³

Her hevdar Jacobsen at Det tredje rike har vekka noko gløymt og ubevisst i det norske folk. Det kjempande elementet er «instinktene på rette sted», og dei er «vilje til å ofre og å handle». Den urnordiske fortida disponerer desse instinkta. Jacobsen skriv at det er element i det nordiske mennesket som er i «ledende stilling», og som nå har vakna til liv, takka vere Hitler og Det tredje rike. Dette gjer igjen rett til å kolonisere og å hevde seg over andre som blir sett på som mindreverdige. I dette utdraget saman med «En nasjonal tragedie» blir det også framheva eit heroisk perspektiv. Som nemnt i teorikapittelet hevda Stefan Zweig at smaken for heroisk litteratur blei vekka i mellomkrigstida. *Heroisk* blei framstilla som kampen mot maktene, og Zweig definerte dette blant anna som dei namnlause, staten, folket og massane, samt plikten, ansvaret trua og vantrua. Jacobsen nemner i dette innlegget Tranmæl og Hoel. Tranmæl er her representant for den politiske venstre fløy. Desse to blir saman med Mowinckel framstille som motstandarar av «den nasjonale vilje», og alle er bitre fiendar for *Ragnarok*. Hoel og venstre fløy blei frå byrjinga brukta som årsaker i *Ragnarok* sitt narrativ om undergangen. Makta i Zweig sitt perspektiv blir på denne måte vantrua og staten, og blir sett på som maktar som hindrar *Ragnarok* sin plikt og vilje. *Ragnarok* hevdar gjennom setninga: «Den nasjonale vilje» frå «Danmark og det norrøne rike» at massane og folket er på deira side. Setninga frå innlegget kan tolkast på to ulike måtar. Den første tolkinga er at den nasjonale vilje faktisk er at deler av Grønland burde vere norsk, og skribenten talar på vegne av «nasjonen». Maktene som det kjempast mot er staten, som *Ragnarok* hevdar er veik, sjuk og stridsfryktig. Den andre tolkinga er at tittelen er ironisk. Her hevdar tittelen at Den nasjonale vilje faktisk er underdanigheit, tap av autonomi og territorium, manifestert i «trellfølelsen». Dette er førestillingar ingen vil identifisere seg med. Den nasjonale vilje er forureina av dei venstrevridde, og kulturradikalarane representert ved Sigurd Hoel. Den nasjonale viljen veit eit ikkje kva som er best, fordi den er fordervat. *Ragnarok* er på denne måten medisinen og oppvakninga, saman med Det tredje riket.

¹⁵³ Jacobsen, «Danmark og det norrøne rike», *Ragnarok*, Hefte 3, juni 1936, 59.

Tilbake til Grønlandssaka, så handla den blant anna om fangstinteressar, noko som lenge har vore sentralt i norsk politikk, samfunn og debatt, også i vår eigen samtid. Det kan tenkast at det var lett for folk å setje seg inn og interessere seg for denne saka. Fiske og sjøbruk har vore og er viktige politiske og sosiale spørsmål så lenge det har budd menneske langs norskekysten. Ved første augekast er innlegga som omhandlar Grønlandssaka geopolitiske innlegg. På ei anna side handlar desse innlegga om å legitimere norrøn-nazistisk imperialisme, der målet er å smi Noreg inn i Det tredje rike. Med tanke på *Ragnarok* sin lidenskap for det norrøne og norske, blir det kanskje korrekt å omtale desse innlegga som eit forsøk å påverke politikken for å skape å vekke norsk nazisme. Desse innlegga har dermed som funksjon å omskape Norden til «det norrøne Rike», som ei forlenging av et tyske *tredje rike*. Som nemnt hadde *Ragnarok* i 1935 eit opplag på 3000 hefter i månaden.¹⁵⁴ For at tidsskriftet skulle ha nedslagskraft måtte personar som var utanfor *Ragnarok* sin sfære involverast. *Ragnarok* forsøkte å gjenopplive debatten omkring Grønlandssaka i 1939. Redaksjonen sendte ut eit brev til framandståande personar i den norske offentlegheita. Det blei sendt til blant anna redaktørar, professorar, forfattarar og politikarar. I brevet blei det spurta om «Hvad nordmennene mener om Grønlandsspørsmålet?»¹⁵⁵ Nesten 60 blei spurta, bland dei kan eg nemne: Knut Hamsun, Vidkun Quisling, redaktør i Aftenposten Johannes Nesse, leiar i Norges Bondelag Johann E. Mellbye og redaktør i Tidens tegn J. Schanche Jonassen. Lengda på svara varierer, men mange av dei er utfyllande. Dette er eit forsøk frå redaksjonen si side å involvere høgtståande personar i den norske offentlegheita. På denne måten legitimerer tidsskriftet seg sjølv, og det skriv si eiga historie og narrativ. Svara i enqueten brukar *Ragnarok* for å lage si eiga oppfatning av status rundt seg. Det er derimot vanskeleg å måle eller bevise påverknadskrafta til *Ragnarok* på dette tidspunktet i tidsskriftets levealder. Det vi kan seie om nedslagskraft, er at tidsskriftet gjekk hardt ut frå starten av. Det omtala dagsaktuelle spørsmål omkring kultur, politikk, vitskap og sosiale spørsmål, samstundes som det gjennom spalta «Kringsjå» var populistisk, humoristisk og dagsaktuell. Det altomfattande spektrumet er dels på grunn av nazismens altomfattande verdssyn, men også for å skape ei betydning, og vekke interesse: det var totalpolitikk i tidsskriftform. Grunnen til at Noreg skulle ha einerett over Grønland, er at i gullalderperspektivet var det «norske» vikingar som herska over området. Og det å ikkje hevde sin rett (over bla. territorium) vil vere eit døme på forfall påverka av «usunne» og

¹⁵⁴ Emberland og Roughtvedt, *Det ariske idol*, 212.

¹⁵⁵ Ragnarok, «Hvad nordmennene mener om Grønlandsspørsmålet – «Ragnarok»s enquête.», Heftet 3/4, april/mai 1939, 73

«svake» impulsar. Desse impulsane er som vi har sett eit resultat av umoralsk «selvopptatthet.» Dette står i kontrast til dei «sunne impulsane» i *Ragnarok*.

Når det kjem til påverknadskraft, er det vanskeleg hevde at tidsskriftet påverka politikken og debatten. Grønland forblei dansk. Det blei aldri nokon omkamp sjølv om *Ragnarok* fleire gonger forsøkte å vekke debatten til live, som enqueten i 1939 illustrerer. *Ragnarok* tok i bruk dei same mekanikkane som nazistane i Tyskland hadde brukt for å skape ein ideologi og ein tanke om det germanske mennesket med røter i ein gullalder.

Den store teoretikaren

For å danne eit norrønt rike basert på nazisme, trengte *Ragnarok* ideologisk grunnlag som det kunne formulere. *Ragnarok* trykka eit utval artiklar skrivne av sentrale nazistiske ideologar gjennom heile 1930-talet. Dette gjorde tidsskriftet for å teoretisere sine meningar. I ettertid kan vi tolke desse tekstane som dømer på litteratur som skildrar underkastinga til autoritære massestrøymingar. I Hefte 2 frå april 1936 trykka *Ragnarok* delar av eit kapittel frå essaysamlinga *Das dritte Reich* (Det tredje riket) som blei utgitt i 1923 av Müller van den Bruck (1876 – 1925). Müller van den Bruck var nasjonalkonservativist, og blir sett på som ein av nazismen sine ideologar. Han var ein motstandar av parlamentarisme og liberalisme, og han hadde stor betydning for ideologien i nazismen.^{156, 157} Fleire utdrag frå *Das dritte Reich* blei trykka i tidsskriftet gjennom 1930-talet. I 3. utgåve frå 1931 av *Das dritte Reich*, er essayet på 40 sider. I *Ragnarok* er det korta ned til 6 sider. Teksta er delt opp i avsnitt med romartal som overskrift. Eg har ikkje funne kva for ein versjon *Ragnarok* har brukta, men truleg er det utgåva frå 1931. Eg har samanlikna utdraget i *Ragnarok* med 3. utgåve trykka i Tyskland i 1941, utlånt frå Universitetsbiblioteket. Det er ikkje samsvar mellom nummereringa i boka og tidsskriftet. Det tydar på at tidsskriftet har tatt seg store friheiter, og delt teksta opp slik som dei vil. Teksta er truleg Jacobsen/redaksjonen si eiga omsetting. Innlegget har fått tittel «Det konservative mennesket» i tidsskriftet, medan originaltittelen på tysk er «Konservativ». Utdraget handlar om konservativisme, liberalisme og revolusjon. Van den Bruck setter ideologiane opp mot kvarande, men ser også på fellestrekks. Vi kan finne innlegg gjennom heile *Ragnarok* sitt liv som er direkte inspirert av van den Bruck sin essaysamling, og ofte kan vi finne dømer av intertekst frå *Das dritte Reich*. Tittelen på innlegget «Det norske folks evige liv», som redaktør Jacobsen skreiv i 1941, er henta frå siste

¹⁵⁶ Store norske leksikon, s.v. «Det tredje riket» av Gunnar D. Hatlehol. 09.05.2019. https://snl.no/Det_tredje_riket

¹⁵⁷ Store norske leksikon, s.v. «Arthur Moeller van den Bruck». 14.02.2009. https://snl.no/Arthur_Moeller_van_den_Bruck

setning i «Det konservative mennesket»: «Der står ikke skrevet noesteds at et folk har en evig rett til liv.»¹⁵⁸

I eit kort sidespor kan vi sjå at i tillegg til Müller van den Bruck, trykka redaksjonen allereie i juli 1935 ein tekst av den tyske religionsforskaren Jakob Wilhelm Hauer som grunnla *den tyske trosbevegelse*, som var ein heidensk tysk-arisk tro i opposisjon til kristendommen.¹⁵⁹ Redaksjonen trykka også tekster av Erling Winsnes (1893 – 1935) og Christian Benneche. Benneche skreiv fleire innlegg, men døde i 1936. Han blei hylla som ein stor tenkar og kunstnar i eit eget nummer etter sin død i desember 1936. Emberland og Roughtvedt hevdar at blant dei norske nazistane var Winsnes sin innverknad «[...] så sterkt at den vanskelig kan overdrives.»¹⁶⁰ Alle desse tre blei omtala og framheva i *Ragnarok*, og er med på mytologiseringa og teorigrunnlaget til tidsskriftet.

Essaysamlinga til van den Bruck faller inn under Groth sine omtalar av litteraturen frå mellomkrigstida. Groth hevda som nemnd at det var ei primitiv strøyming som representererte den nye litteraturen, og den skulle tilbake til naturen. Dette litteratursynet er tydeleg i *Ragnarok* då dei trykka denne teksta. I utdraget finn vi bevis på *naturaliseringsprosessen* i form av *antiintellektualismen*, to prosesser eg omtala i teorikapittelet.

Naturaliseringsprosessen førte til at individet underordna seg dei autoritære regima som oppstod i mellomkrigstida. Denne prosessen finner vi skildra i litteraturen, og Leo Löwenthal brukte *Markens Grøde* for å konstatere dette. Gjennom det *genetiske perspektivet* til Löwenthal kan vi lese korleis *Ragnarok* tolkar samfunnet, og dette kan vi sjå i utdraget til van den Bruck. Löwenthal skapte som nemnt ei lesing der han tok utgangspunkt i mennesket sitt syn på seg sjølv. I utdraget drøfter van den Bruck kommunisme (dei revolusjonære), liberalisme og konservativisme. van den Bruck skriv at både konservativismen og dei revolusjonære har fellestrek, og spør spørsmålet «hva er verdt å bevare?», men at der konservativisten vil knyte band til fortida, vil den revolusjonære rive over. Liberalisten derimot er konservativisten sin fiende fordi dersom alle skal leve etter eige begjær ville mennesket sin eksistens bli [...] sørgelig skidden». ¹⁶¹ Det er fellesskapstanken som er gjensidig for konservativismen og revolusjonen (kommunismen). For van den Bruck representerer konservativismen det sanne verdsbildet fordi som i naturen er alt planlagt på forhand. Dermed representerer konservativismen til van den Bruck underkastinga til dei

¹⁵⁸ van den Bruck, «det konservative menneske», *Ragnarok*, Hefte 2, april 1936, 38

¹⁵⁹ *Store norske leksikon*, s.v. «Jakob Wilhelm Hauer». 16.07.2020.

¹⁶⁰ Emberland og Roughtvedt, *Det ariske idol*, 16.

¹⁶¹ van den Bruck, «det konservative menneske», *Ragnarok*, Hefte 2, april 1936, 35.

autoritære massestrammingane. Fordi mennesket sitt instinkt er å underkaste seg, er dette uunngåeleg, og van den Bruck tildeler konservativismen deterministisk og primitivistisk karakter:

Kommunismen vil ikke sanne at de krefter som står imot, er konservative krefter, som alltid har eksistert og alltid vil vedbli å eksistere. Ovenfor dem bryter enhver revolusjon sammen. Det kommunistiske menneske merker gang på gang at disse krefter er i verden, overleveringens og vedvarenhetens krefter, en aldri sviktende lovmessighets krefter. Men kommunisten tror at han gir op hvis han anerkjenner dem. Også i en marxistisk ordnet tilværelse vilde snart den store konservative delingslov gjøre sig gjeldende, gruppedannelsens, familiens og nasjonalitetens urdrifter. Og ut fra proletariatet selv vilde ulikhetens krefter snart begynne å gjøre sig gjeldende, motsetninger som krever sinn rett og som bevarer det i sin struktur, de samme krefter som «alltid» har bestemt tilværelsen – og så vilde historien gjenta sig nøiaktig.¹⁶²

van den Bruck binder konservativismen til mennesket si «urdrift» for familie, gruppe og nasjonalitet. Ifølge van den Bruck stammer konservativismen (og dermed det konservative mennesket) sine krefter frå då mennesket blei danna, det er ei ibuande naturkraft og -lov. Kreftene som er innfødd i konservativismen vil vinne over kommunismen fordi naturlovane er uforanderlege. Det primitive i litteraturen blei som Anna Elgström hevdta representert ved instinkt og drift. Det som van den Bruck uttrykker her og som *Ragnarok* reproduuserer er underkastinga til dei reaksjonære strøymingane. Instinktet frå naturen si side er å underkaste seg familien, gruppa eller nasjonen. Stefan Zweig hevdta at mennesket i litteraturen blei framstilla i kamp med maktene. Dersom mennesket lever i eit kommunistisk eller liberalistisk samfunn – eit ikkje-konservativt liv, vil det instinktivt vende tilbake til naturtilstanden som er massestrømming. Kampen er ikkje kjempe imot urkrafta, men snarare tvert imot akseptere og underkaste seg den. Maktene som menneske kjempar mot er prosessar som forkastar og devierer ifrå urinstinktet. Etter omtalen av *Den gule serie* nemnte eg Anna Seghers si novelle om eit arbeidaropprør i *Fiskeropstanden i St. Barbara* (1928). I første setning får vi vite at opprøret blir slått ned, og menneska i fiskelandsbyen blir underkasta den tilstanden dei alltid har levd med. Lønna for fangsten deira går til andre, og livsvilkåra endrar seg heller ikkje. Fiskarane forsøker å ta kontroll over eigen produksjon, men det skjer ingen marxistisk klassereise. Den naturgitte stillstanden er i form av autoritære makthavarar. Vi får ingen katarsis, fordi naturtilstanden er å vere underkasta. For van den Bruck fungerer katarsis i måten mennesket gjennom urkrafta vil gå tilbake i sin naturtilstand og underkastar seg instinktet. I *Fiskeropstanden i St. Barbara* er underkassinga allereie skjedd – eller rettare sagt

¹⁶² van den Bruck, «det konservative menneske», *Ragnarok*, Hefte 2, april 1936, 36.

den har vore der heile tida. Menneska si kamp mot autoriteten blir mislykka i det momentet dei forsøker å kjempe seg laus frå den. I van den Bruck sitt perspektiv er det umogleg å kjempe mot naturgitte lovar – dei er uforanderlege. Hos van den Bruck er også naturen grunn til underkastinga, men i form av urdrifta. Urdrifta representerer naturen, og alle individ vil måtte gje etter for den, anten dei vil eller ikkje. Dei naturmessige lovene er alt allereie bestemt på forhand – opprøret vil mislykkast. Naturaliseringsprosessen fører til at mennesket ikkje har makt over eige liv, og det er berre når det underkastar seg at livet igjen gjer meinings. Seghers blei tildelt Kleistprisen for boken, og i forordet til novella gjenforteller Sigurd Hoel den tyske juryen sin grunning for prisen: «Jeg har tildelt den åtteogtyveårige Anna Seghers prisen, fordi jeg hos henne har funnet en formende evne av usedvanlig rang. Bokens skikkelse er ikke så meget bærere av handlingen som de er et uttrykk for de krefter som virker i dem.»¹⁶³ Kreftene som det blir referert til er proletarane sin kamp mot makthavarane. I eit antiintellektualistisk perspektiv er denne kampen dømt til å feile fordi det naturgitte et ein retur til instinktet – altså underkasting. I novella blir undergangen proklamert umiddelbart. I Voluspå si spådom om Ragnarok og spesielt det som skal oppstå etter undergangen, byrjar for *Ragnarok* med underkastinga til det biologiske og instinkta. van den Bruck spår at mennesket skal returnere til ei naturbestemt samfunnsordning:

Kontinuitet og konservatisme utfyller hinannen. Kommunismen råder i beste fall over de siste femogsytti års klassekamp hvori den har forberedt proletariatet på å vinne verden. Men utover dette har disse femogsytti år summen av årtusener mot sig – vår jords kosmiske natur og den biologiske natur, den samme natur som selv ikke den største, den innerste og sjelelig dypeste av alle revolusjoner, Jesu komme og kristendommens innførelse, har formådd å undertrykke og endre. Den har raseanleggene, kulturfenomenerne, de rumpolitiske lover mot sig, som overlever alle sceneforandringer på historiens skueplass og som endog Kristus og kristendommen har vært underkastet, - helt fra det antikke menneskes effektiviteter ved Middelhavet inntil den fullstendige strukturforandring av aftenlandene som det nordiske mennesket foretok.¹⁶⁴

Her stiller van den Bruck opp den vestlege verden si historie mot den kosmiske og biologiske natur. Sjølv ikkje tusenvis av år med utvikling vil kunne stå imot det som kjem, og kommunismen (samt andre ideologiar) vil falle og gå over. Rasemystikk er eit hovudmoment i nazismen, og her blir «raseanleggende» framheva som ein av grunnane til at den nasjonale konservative rørsla vil vinne over kommunismen og liberalismen. I Seghers *Fiskeropstanden i St. Barbara* er det kommunistisk revolusjon som er tema, og grunnen til at det vil gå under

¹⁶³ Hans Henny Jahn, sitert i Sigurd Hoel, *Fiskeropstanden i St. Barbara*, innleiing, 5.

¹⁶⁴ van den Bruck, «det konservative menneske», *Ragnarok*, Hefte 2, april 1936, 37.

blir hos van den Bruck (og *Ragnarok*) lagt til den konservative naturtilstand, med grunnlag i rase. I forordet til Seghers novelle hevdar Hoel at dei unge tyske forfattarane på venstresida taler:

proletariatets sak. Men ingen av dem hevdar det gamle slagord «kunsten for kunstens skyld». I de hårde år som er gått over landet, har en og av dem fått merke den bitre sammenheng mellom kunstneren og det samfund han lever i. De vet at kunsten har en social oppgave.¹⁶⁵

Kunsten sin sosiale oppgåve opererte ulikt for representantane av verdidebatten på 1930-talet. For *Ragnarok* representerte antiintellektualismen underkasting til eit naturgitt urinstinkt som vekka raseanlegga. For Seghers og venstreorienterte var det kampen mot antiintellektualismen og underkasting. Seghers åtvarar mot autoritære og undertrykking, og framhevar konsekvensane av desse med å vise undergangen: opprøret slått ned i første setning.

På andre side av spådommen om ragnarok finst en utopi. Jacobsen og *Ragnarok* speiler dette synet så lenge tidsskriftet blei gitt ut. Kretsen rundt *Ragnarok* hevdar den nordiske rasen rår over mystiske krefter. Utopien er ein post-konservativ revolusjon der mennesket skal finne igjen kreftene. Idealet for van den Bruck blir dermed ei syntese av konservativisme og revolusjon: den konservative revolusjon. Omgrepene *conservative revolution* blir brukt i engelsk litteratur og historie om ein politisk og ideologisk bevegelse i Weimarrepublikken etter den første verdskriga.¹⁶⁶

Som vi har sett, så finst det ifølge *kritisk teori* ikkje ein objektiv måte å betrakte samfunnet på. Löwenthal konstaterte som nemnt i si lesing gjennom det *genetiske perspektiv* at ein kan lage eit bilde av mennesket si skiftande relasjon til det indre og ytre, med andre ord mennesket sitt syn på mennesket. Det Löenthal kritiserte var at vitskappersonen kunne hevde å stille seg utanfor samfunnet og betrakte det. Her konstaterer van den Bruck (og *Ragnarok*) at ein faktisk kan konstatere objektive sanningar. Han forsøker fremje eit syn som har grunn i naturgitte lovar og prosessar, og ser på dei som absolutte. Naturlovar er utanfor mennesket sin kontroll, og blir vanskeleg å motbevisa. Derimot er det å omtale lovar ei subjektivt handling. Kritisk teori hevdar at dersom ein kan betrakte samfunnet utanfrå, vil det ikkje vere mogleg å påverke det, og som nemnt hevdar teorien at den objektive betraktar er epistemologisk falskt. Tolking av lovar er ei menneskeleg handling, og ved å tolke påverkar ein og dermed blir vilkåret falskt. van den Bruck riv seg frå dette ved å framheve naturgitte

¹⁶⁵ Hoel, *Fiskeropstanden i St. Barbara*, innleiing, 8.

¹⁶⁶ Stackelberg og Winkle, *The Nazi Germany Sourcebook: An Anthology of Texts*, 75.

omgrep, og det kategoriske i mennesket blir for van den Bruck instinktet og urkraftene. Å underkaste seg dei autoritær strøymingane er synonymt med å akseptere naturen og instinktet. Dei autoritære statane som oppstod i mellomkrigstida kunne tilby mennesket meinung med livet og eksistensen: underkaste seg massestraumen. Dette fastslo van den Bruck i 1923, 5 år etter den første verdskrigen tok slutt. I 1936 blir same tekst brukt av *Ragnarok* som del av eit narrativ der dei vil fremje same vekking som allereie hadde skjedd i Italia og Tyskland. Instinktet; «gruppedannelsens, familiens og nasjonalitetens urdrifter» er absolutt, og dermed det einaste med verdi.

Rottem hevda at dei autoritære makthavarane gjorde makteslausheita til livsverdi dersom enkeltindividet underkasta seg folkefellesskapet. Og her vier *Ragnarok* plass til ein 15 år gammal tekst for å stadfeste instinkтив underkasting til nazismen. Banda til fortida er urkrafta og opphavet til det germanske og nordiske folk. *Ragnarok* brukar dette utdraget for å påverke debatten i ei nasjonalkonservativ retning. Som nemnt var originallengda på van den Bruck sitt essay på 40 sider, og i *Ragnarok* er det kutta ned til 6 sider. Her har altså redaksjonen omarbeida teksten til van den Bruck slik at den får plass i tidsskriftet, samt at den passar for ein norsk kontekst. Med sin norrøn-tunge profil er det igjen tydeleg at det er den mytiske norrøne natur- og urkrafta som blir framheva. Eg vil påstå at sjølv om *Ragnarok* sjølvsagt ser på dei tyske nazistane som arketype, framhevar dei skandinaven (nordbuen) som meir høgtståande enn den tyske germanaren. Der SS brukte vikingane t.d. som døme på opphavet til germanaren (areran), lagar *Ragnarok* eit narrativ der det ikkje finst noko menneske før det norrøne menneske; skandinaven eller nordbuen. Det norrøne menneske er ein manifestasjon av naturbestemte lovar, og *Ragnarok* er forkynnare. Jacobsen si gruppe har funne fram til gjennom ei oppvakning, gjennom den konservative revolusjon. Allereie frå første nummer – opningstalen og programerklæringa, er det fokus på rase, spådom, kunngjering og emansipasjon. Instinktet har vakna frå stasis, og det ropar på oppvakning i møte med trusselen som t.d. den jødiske konspirasjonen gjennom *Den gule serie* representerer. Dette kan si sjå i måten «En nasjonal tragedie» manar til oppvakning: «Vil det [norske folk] ikke snart forsøke igjen å føle og handle som et herrefolk? Trellens arv må vel en gang brenne ut?»¹⁶⁷ *Ragnarok* brukar oppvakninga til å dyrke livs- og urkrafta. For å agitere underkasting til naturgitte lovar, og dermed nazismen, brukar tidsskriftet det norrøne som eit talerøy for ein norrøn nazisme. For *Ragnarok* skjer oppvakninga gjennom ei vekking

¹⁶⁷ *Ragnarok*, «En nasjonal tragedie», Hefte 2, april 1935, 25.

av urinstinkta. Som Rottem skreiv, postulerete dei autoritære makthavarane den einaste sanne verdien: underkaste seg heilheita.

Generelle trekk frå mellomkrigstida

Dei første fem åra før krigen byrja er prega av at tidsskriftet staka ut kursen sin, og på grunn av det enorme korpuset samt det kompliserte bakteppet som mellomkrigstida representerer må det eit grovt omriss til. Eg vil hevde at ved å omsetje og trykke teoretisk-filosofiske artiklar som t.d. van den Bruck, betraktar *Ragnarok*, og spesielt Hans S. Jacobsen seg som den norske nazismens teoretikarar og ideologar. Jacobsen og *Ragnarok* ønska på 1930-talet å påverke NS og norsk politikk og samfunn med nazistisk ideologi basert på tysk mønster, men med et nordisk/norrønt grunnlag. I byrjinga er det tydeleg at tidsskriftet støtta sine tyske fagfellar. Etter tidsskriftet sementerte sin plass, markerte det seg med eit tydelegare nordisk preg, og dei innsåg at det er ein skilnad mellom germansk blod og nordisk blod – det nordiske har enda eldre og «reinare» element. (Dette synet blir bekrefta i åra etter okkupasjonen då Hitler legitimerte NS og Terboven-marionetten Quisling si makt.) Kretsen rundt tidsskriftet måtte dermed finne fram til ein *norrøn* nazisme. Synet på seg sjølv som den norrøne nazismens teoretikarar, blir forsterka av at dei framheva Erling Winsnes (1893-1935) sine tekstar frå 1920-talet. Winsnes døde den 2. november 1935, åtte månader etter *Ragnarok* først kom ut. Winsnes fekk stor plass i *Ragnarok*, ikkje berre gjennom å bli trykka, men også i omtale. Hans tekster og teoriar er forankra i eit darwinistisk syn.¹⁶⁸ Denne oppfatninga blei omsett til fokuset på rase og blod i *Ragnarok*.

Arbeidstjenesten blei mykje fremja av *Ragnarok*. Det blir hevd i «Arbeidstjenestens organisasjon i Norge 1940 – 45» at Winsnes allereie lanserte teoriar om ei norsk arbeidsteneste i boka *Den tredje stat* frå 1924.¹⁶⁹ Blanda med *Ragnarok*-kretsen sine besøk til Tyskland på 1930-talet, blei den norske arbeidstjenesten opparbeida og lansert gjennom fleire innlegg i tidsskriftet. Bakgrunnen for organisasjonen var også basert etter tysk modell. Jacobsen, Barth-Heyerdahl, Strand og Imerslund så *Riksarbeidstjenesten* sin parade under partidagane i Nürnberg i 1935, og vidareførte nokre av prinsippa. I mars 1936 skriv Strand:

Da Erling Winsnes kom med sine forslag var det bare noen gale studenter nede i Tyskland som hadde nådd litt lenger. [...] Det var i 1924. Men omrent samtidig

¹⁶⁸ *Norsk biografisk leksikon*, s.v «Erling Winsnes», skrevet av Øystein Rottem, 13.02.2009.

https://nbl.snl.no/Erling_Winsnes

¹⁶⁹ *Norgesdokumentasjon*, «Arbeidstjenestens organisasjon i Norge 1940 – 45», s. 1 (s. 28 i pdf-fila, mot slutten av dokumentet, etter sjølve artikkelen). Henta I: *Norge under okkupasjonen*, av Norgesdokumentasjon/neveragain.no. <http://www.norgesdokumentasjon.no/rapporter/6-ARBEIDST.PDF>

stod Winsnes frem på forum herhjemme og foreslo arbeidsåret som almindelig plikt, som socialreform.¹⁷⁰

Det nordiske og norrøne elementet mangler, og den tyske versjonen arbeidstjenesten ville ifølge Strand ikkje passe i Noreg. Han hevdar at den *norske* arbeidstjenesten måtte bygge på ein kulturell idé som skal kultivere, dyrke og drive fram «høgste yteevne» hos hele den norske ungdom: «Vi er på spor av det norske, det Winsneske, det Aukrustske, det Nansenske - -, det artsegne som vi har i oss og som derfor er grunnlaget for opbyggingen». ¹⁷¹ Her er det nordiske elementet som *Ragnarok* leiter i den importerte tyske nazismen. Modellen har germansk grunnlag, men *Ragnarok* innsåg at den hadde for unorske uttrykk. Det er ikkje tvil at det er Tyskland og SS som er arketypen for kretsen, men for å påverke det norske, eller rettare sagt nordiske samfunnet, og dermed skape «det norrøne riket» som Jacobsen sjølv kallar det i ein seinare artikkel, måtte tidsskriftet gjere ideologien *nordisk*. Dette låg på same måte som i Tyskland i blod og jord. Strand framhevar «emnet» hos Olav Aukrust (1883-1929) som prototyp. Ideologien som arbeidstjenesten skulle fremje måtte sjå utover landet der:

jorden har mangler og skape sig selv etter dete norske behov [...] den norske tonen hos Olav Aukrust er enkel. Den har gått gjennom [...] fra lysguden Baldur op til Fritjof Nansen og Erling Winsnes. [...] Emnelæren – læren om «mulighetene i rasen og jorden» som Nansen sier – er troen på det norske emnet som bærer av muligheter. [...] full av selvbevissthetens ydmykhet og en strålende, heroisk, nesten religiøs betonet tro¹⁷²

Viss ein bytter ut nokre av orda i dette utdraget men forfattarar og kjente personar frå andre land, er det ikkje lett å finne fram til eit utprega *norsk* uttrykk. Det er framleis *Blut und Boden* – blod og jord – som er hovudfokus. Det er forbindelsen mellom mennesket og jorda det dreiar seg om. Derimot framheva Winsnes trekk hos nordmenn som hadde overlevd gjennom å leve med naturen. Emberland og Roughtvedt skriv av Winsnes hadde påvist «at nordmennene i kraft av et liv under de hardeste naturbetingelser var blitt foredlet til rasens ypperste representanter. Den norrøne visdom hadde overvintra i dypet av nordmannens sjel.»¹⁷³ Dette passer også med Tjønneland sin karakteristikk som eg framheva i teorikapittelet der det «[...]norske er preget av at folket har måttet kjempe mot naturkreftene for sin eksistens». Winsnes sine tekster, særleg boka frå *Den neste stat* (1924) blir satt like

¹⁷⁰ Strand, «Norsk arbeidstjeneste», *Ragnarok*, Hefte 1, mars 1936, 1.

¹⁷¹ Strand, 3.

¹⁷² Strand, 3.

¹⁷³ Emberland og Roughtvedt, *Det ariske idol*, 223.

høgt som t.d. van den Bruck. Med dei tyske nazistane som blåkopi skapar *Ragnarok* ei eiga historieoppfatning og ideologiske grunnlag basert på nordisk *blut und boden*.

I desse første åra sementerte redaksjonen og den indre kjernen det teoretiske grunnlaget for tidsskriftet. Eg vil hevde at gjennom å trykke essays frå nazismen sine teoretikarar legger dei grunnlaget for nordisk – eller norrøn nazisme. Det er fleire fellestrekk mellom den tyske nazismen og den indre kretsen i *Ragnarok*. Arbeidet til blant anna van den Bruck blei sett på som fundamentet i ideologien, og Hitler blir sett på som den som sette desse ideologiane i livet.

Både *Ragnarok* og SS og NSDAP er djupt konspiratorisk. Fiendebildet er identisk, og med antisemittismen som fundament. Jødane og bolsjevismen blei sett på som hovudfiende, og alt jødisk blei brukt som hovudgrunn for samfunnets undergang. At jøden blei sett på som fienden hadde grunn i dei gamle og falske antisemittiske stereotypar som har herska i Europa over lang tid, på det minste fleire hundre og på det meste eitt par tusen år. Desse stereotypane baserte nazismen propagandaen sin på. Jødane blei sett på som nasjonslause og dermed parasittar som snylta på nasjonen og dermed folket. Det parasittiske perspektivet blei overført til kulturen, økonomien og det sosiale liv, og desse feilaktige stereotypane deler *Ragnarok* med sine tyske meiningsfellar. Jødane trua for *Ragnarok* dermed identiteten knytt til jord, blod og folkeslag. Det delar også den aggressive nazistiske imperialismen og krav på rett over territorium. *Ragnarok* fremja som nemnt at Noreg skulle styre Grønland, basert på rase. Argumentet for at Norge og ikkje Danmark skulle ha eigarskap, blei lagt til vikingtid og - blod. Det var «norske» vikingar som seila vestover. Nordmenn var etterkommarar av mellomaldermennesket som hadde seila over hava og erobra. Men her stopper den tyske nazismen opp for *Ragnarok* sin del. Den manglar eit *nordisk* element. Eg vil hevde at synet på rase er veldig likt, med det germanske blodet som hovudelement. På ei anna side vil eg også hevde at *Ragnarok* såg på det nordiske folk som hakket «meir ariske, eller proto-ariske.

Ragnarok skulle fremje nazismen, men fann at det var ulike utrykksformar mellom norrøn og tysk nazisme. Dette er synet kan ein hevde ligger i mange av dei same prinsippa som ein finn i *romantisk nasjonalisme*. Det er den reine, men samstundes sublime naturen, samt synet på demokratiet. Samfunnet skulle vere demokratisk, men ikkje i ordets utbreidde forstand. I Tyskland var Hitler diktator. Men korlei skulle styreforma sjå ut i Noreg? Stein Barth-Heyerdahl fastslår i innlegget «Om demokratiet» frå 1937 at det burde ei kvalifisert og fortent gruppe som skulle ha stemmerett. Og at landet skulle styrast av ei kompetent gruppe, med grunnlag i kultur, rase og ikkje minst kjønn. Kvinner var ekskludert. Dette framhevar også synet på kvinner, eller rettare *mangelen* på kvinner. I tillegg til det utprega jødehatet,

finner vi også kvinnehat, ikkje aleine i form av neglisjering, men også kvinnefiendtleg retorikk. Som nemnt i innleiinga, blei kvinner så å seie ekskludert. *Ragnarok* følger det nazistiske synet på kvinna: ho skulle berre halde seg heime, føde, og ta seg av barna og mennene. Kvinner skulle for all del ikkje ta del i mennene sine sfærar, og den ideologiske oppfostringa skulle arbeidstjenesten, militæret og mennene ta seg av.

Forventing og syn på styreform visar seg meir nyansert for nokon i *Ragnarok*. I artikkelen «Om demokratiet», skriv som nemnt Barth-Heyerdahl om korleis han ser for seg eit framtidig demokrati, eller rettare sagt *post-demokrati*. I innlegget drøfter han problema omkring demokrati, samt mindretalet og «anderledestenkende». Meir vesentleg legg han fram sitt alternativ for styreform. Det skal framleis vere val, men med forbehold om at makta skal ligge i «kvalitetsmenneske». Dei med stemmerett skal ikkje vere kvinner og «sveklinger», men «voksne, ansvarlige, velutviklede menn», han fortset:

Forutsetningen for et sundt demokrati [er] følgende to krav:

[1] De stemmeberettige må holde en viss standardtype, åndelig og legemlig, som gjør dem noenlunde likeverdige i åpen strid.

[2] De må få store felles interesser som binder dem sammen i et loyalt fellesskap, på tross av mindre uoverensstemmelser; d. v. s. de må ha borgerånd (sans for folkefellesskapets idé).

[...] Som nevnt er forutsetningen for et demokrati at det er høitstående kraftig, statsbærende lag i folket, som erkjenner folkefellesskapet som noe som er hevet over enhver intern meningsbrytning. [...] Gjennom rasehygiene, sundhetspleie og utbredelse av almenånd blir disse stater stadig sterkere. [...] Og det er ingen ulykke det som er skjedd at massemennesket blir avløst av kvalitetsmennesket som maktfaktor. [...] Det er også opstått muligheter for at fremtidens krige kan bli mindre blodige. [...] Og etterhvert vi de svære demokratiske massemyrderier bli innstillet, og vi får krige som vil minne noe om feudaltidens ridderslag. [...] Demokratiets sammenbrudd innebærer således store fordele for folkene.»¹⁷⁴

Som vi kan sjå er Barth-Heyerdahl djupt antiparlamentarisk og konspiratorisk, og antiintellektualismen pregar heile innlegget. Han samanliknar Tranmål med tsarveldet og Stalin – «tranmældiktaturet». I det athenske demokratiet representerte dei frie borgarane ifølge Barth-Heyerdahl «det beste rasestoff i tiden», og oppfylte kriteria for å bygge et strekt samfunn.¹⁷⁵ Det utopiske Noreg burde for Barth-Heyerdahl dermed styrast likt som det athenske demokratiet, av eit utval rettskafne menn med stemmerett. Vidare kan innlegget tolkast som ein djup kritikk av «massestyret» som han meiner herskar i Sovjet. Barth-Heyerdahl stiller Tranmål opp mot tsarveldet og Stalin, og åtvarar at Tranmål kjem til å

¹⁷⁴ Barth-Heyerdahl, «Om demokratiet», *Ragnarok*, Hefte 1, mars 1937, 2 – 5.

¹⁷⁵ Barth-Heyerdahl, «Om demokratiet», *Ragnarok*, Hefte 1, mars 1937, 4.

herske på grunnlag av parti, hær, politi og klasse, dersom han får sin vilje. Det er interessant at Barth-Heyerdal derfor ønsker et demokrati grunnlagt på «stemmeberettige standardtyper», med andre ord meiningsfeller til det systemet Barth-Heyerdahl representerer. Barth-Heyerdahl framhevar «kvalitetsmennesket» som skal avløyse «massemennesket». Med massemennesket siktar han truleg til bolsjevismen, og som dermed blir knytt til jøden. Oppfatninga omkring kvalitetsmennesket er sentral i nazismen, og her plasserer han seg sjølv og kretsen rundt seg i denne kategorien. Utopien byrjar å nærme seg ein syntese av partistyre og aristokrati. *Ragnarok* sin indre krets gjer seg sjølv til både teoretikarar og førar *den norrøne nazismen* sine prinsipp. Eit prinsipp er t. d. synet på styresmakta. Gjennom den norrøne nazismen, som skal vekke opp *det norrøne*, vil folket innsjå at det norrøne demokrati representerer noko som minne om eit høvdingstyre. Om dette styret skal bestå av éin førar, eller som eit ting med ein leiar (høvding) er uvisst. Problemet er at det ikkje fans ein *førar* som Mussolini, Franco eller Hitler. Håpet låg kanskje i at Per Imerslund skulle ta på seg denne rolla, men han var for opptatt med å kriga i andre land. Eg vil hevde at synet på ein førar er det som separerer den tyske nazismen og *Ragnarok* sin nazisme, Kanskje var det heller mangelen på ein tydeleg skikkelse som førte til dette synet, eller at Quisling hadde «vesentlige svakheter som partifører: manglende beslutningsevne, overmistenksomhet og manglende menneskekunnskap.»¹⁷⁶ Eg må også påpeike at ein vesentleg forskjell var at Hitler hadde reell og legitimert makt, noko kretsen bak *Ragnarok* langt frå hadde.

Kapittel 2 - Under okkupasjonen

Eit skisma med Tyskland?

Kapittel 2 skal omtale tidsskriftet under okkupasjonen, men først skal vi sjå på ein leiarartikkel frå januar 1940, tre månadar før invasjonen. Dette er for å illustrere ein overgang, med krigen hengande over. Det finst innlegg/leiarartiklar som omtalar invasjonen i april, men her er *trusselen* og spørsmålet om invasjon frå ei av stormaktene sentralt. Det var som kjent ord ein debatt i Noreg på denne tida om kven som trua med invasjon: England eller Tyskland. Og følgeleg ville dermed debatten handle om kva som ville vere Noreg si rolle i stormaktspelet mellom desse to nasjonane.

¹⁷⁶ Emberland og Roughtvedt, *Det ariske idol*, 209.

I januar 1940 har Otto Engelschiön tatt over rolla som redaktør. I tillegg til at innlegget representerer ein ny epoke med tanke på ny redaktør og den overhengande krigen, er tona til Engelschiön så skarp mot Tyskland at innlegget også representerer eit skifte i synet på samarbeid mellom særleg Jacobsen og Tyskland.

Gjennom ein notis i heftet frå desember 1939, informerer dåverande redaktør Jacobsen om overtakinga. Jacobsen informerer om at han fortener ein liten ferie etter fem års hardt arbeid med *Ragnarok*, samt at han har valt Engelschiön med omhug. I same notis innrømmer han at Sande og Kamban er to av hans pseudonym.¹⁷⁷ Engelschiön har allereie hatt fleire innlegg i *Ragnarok*, og begynner sin redaktørkarriære med den korte leiarartikkelen «Det norske standpunkt» på 21 linjer over 1 side. Leiarartikkelen er utan signatur, men det utvilsamt ein ny redaktør. Det er naturleg at ein redaktør skriv den første leiarartikkelen sjølv. I tillegg er det betydelege syntaktiske, ortografiske og semantiske skilnadar. Jacobsen skriv konsekvent *Noreg*, medan Engelschiön skriv *Norge*. Jacobsen har vanlegvis mykje lengre setningar med utstrekkt bruk av komma og semikolon, og Engelschiön skriv meir kort, konsist og mindre svulstig. Med svulstig meiner eg bruk av metaforar, similar, ironi og humor, samt intertekst og referansar særleg til forfattarar og historiske skikkelsar, som er karakteristisk for Jacobsen.

Innlegget er eit svar på tiltale frå NS, samstundes som det slår fast tidsskriftet si haldning til Noreg si rolle i det internasjonale stormaktsspelet. Krigen hadde som kjent allereie starta i Aust-Asia og Sentral-Europa, og trusselen for at Noreg skulle bli dratt inn auka veke for veke. Engelschiön begynner med: «Fra hold som kaller seg nasjonalt blir det fra tid til annen rettet kritikk mot Ragnarok fordi vi har tatt avstand fra enkelte foretelser i det nye Tyskland.»¹⁷⁸ Hald som kallar seg nasjonale er NS, og NS-folk. Engelschiön tek dermed avstand til NS, og fortset med å hevde at det same hald nå har «[...] kommet i harnisk over vår påpeking av at for stormaktene kommer fredelige hobbies som «den nordiske tanke», «de små nasjoners rett» o.l. i annen eller tredje rekke»¹⁷⁹. Med andre ord har det kome kritikk til *Ragnarok* sitt standpunkt til visse spørsmål med tanke på Tyskland og krigen, samt at skikkelsar i NS moglegvis har tankar om at Noreg er ein større del av stormakter sin bevisstheit. *Ragnarok* har hevdat i spørsmålet omkring mindre statar (som Noreg) er stormaktene mindre interessert. Engelschiön ser at Noreg de facto er av mindre interesse for stormaktene enn det som kanskje er oppfatninga blant NS, og folk flest. Engelschiön svarar

¹⁷⁷ Jacobsen, «'Ragnarok's redaksjon». Hefte 9/10, Desember 1939, 243

¹⁷⁸ Otto Engelschiön, «Det norske standpunkt», Hefte 1, januar 1940, 1.

¹⁷⁹ Otto Engelschiön, 1.

på kritikken. Det er ikkje noko nytt at *Ragnarok* tek avstand frå NS, men her kjem Engelschiön med eit standpunkt og krav ovanfor forholdet til stormaktspillet, inkludert Tyskland. Engelschiön slår fast at: «[...] Vi har alltid næret den største beundring til Hitlers gigantiske verk, men når det gjelder norske problemer foretrekker vi å se dem fra et norsk synspunkt.»¹⁸⁰ Framleis er tidsskriftet sjølvsagt tilhengar av Hitler og hans Tyskland, men her slår Engelschiön fast at Noreg skal vere sjølvstendig i eit «germansk samband». Han vil ikkje at Noreg skal vere ein satellittstat og skriv: «[...] vi foretrekker det sletteste norske demokrati framfor en protektorattilværelse, likegyldig hvem protektoren er. Norge er ikke, og skal aldri være, noe annet lands «interesseområde.»»¹⁸¹ Engelschiön slår bastant fast at Noreg skal vere sjølvstendig og det demokratiskeptiske *Ragnarok* heller føretrekk eit «slett demokrati» enn å vere ein protektoratstat under eit anna land. Engelschiön og Jacobsen verker det som har ulike oppfatningar om kva som er Tyskland og Noreg sine mål. Eller ulike oppfatningar om forholdet mellom «det germanske folk». Slutten av leiarartikkelen endar med «Enn om vi omsider fant fram til det norske standpunkt?»¹⁸² Dette er med andre ord eit innlegg av ein ny redaktør med mål og tanke om å sette sitt eget inntrykk på tidsskriftet, samstundes som han slår fast ønsket om eit autonomt Noreg i ei ny tenkt verdsordning.

Dei sentrale personane bak *Ragnarok* hadde gjennom fleire år direkte kontakt med sentrale skikkelsar i SS, som t.d. Jacobsen sitt nære venskap til Himmler. Tidsskriftet delte SS sitt syn på rase og det germanske, og låg tett til SS' grunntankar. Jacobsen og andre i kretsen var implisitte med at Tyskland skulle ta *Ragnarok* sitt parti og gje personane bak det makt. Engelschiön derimot har eit meir nøkternt og pragmatisk syn på Tyskland si rolle som stormakt i ein krig. Det er interessant å undre seg over om Jacobsen hadde vore like streng mot Tyskland i sin retorikk. Med tanke på det vi veit trur eg at *Ragnarok*, (og særleg Jacobsen) ville ete desse orda i seg, med tanke på at det var NS som blei favorisert etter okkupasjonen var eit faktum. NS blei som kjent ikkje demokratisk vald, men utpeika av Hitler sjølv. Korleis tek *Ragnarok* stilling til at NS og Quisling blei gitt regjeringsmakta av sine tyske trusellar? Trusellar ikkje berre i tanken, men i blodet og rasen. Emberland og Kott skriv at akkurat dette innlegget blei rapportert med uro til det tyske utanriksdepartementet,¹⁸³ samt at heftet det sto på trykk i blei konfiskert rett etter

¹⁸⁰ Otto Engelschiön, «Det norske standpunkt», Hefte 1, januar 1940, 1.

¹⁸¹ Otto Engelschiön, 1.

¹⁸² Otto Engelschiön, 1.

¹⁸³ Emberland og Kott, *Himmlers Norge*, 146

okkupasjonen.¹⁸⁴ Det er snakk om eit tidsskrift med eit opplag på 3000 i månaden. Med tanke på at akkurat dette innlegget blei sett på med alvor, er det ikkje søkt å anta at dersom Engelschiön ikkje hadde vore å hard, kunne historia sett annleis ut.

Utover skal eg analysere eit utval artiklar frå under okkupasjonen. Eg skal avdekke korleis *Ragnarok* reagerte på at NS blei gitt makt, samt den store auka i medlemstal partiet fekk etter at krigen kom til Noreg. Vidare skal eg framheve kva som er framtidvisjonen for tidsskriftet, og kva for ein undergang *Ragnarok* fremjar. Litteraturen og bruken av det kunstnariske er eitt av hovudfokusa for tidsskriftet, og reaksjonen på momenta over blir spegla i tidsskriftet sin kritikk, referansebruk og lesing av litteraturen. Det er gjennom det litterære vi kan sjå reaksjonen på okkupasjonen, Tyskland, NS og *Ragnarok* sin plass i det. Med andre ord det gjennom projiseringa av det litterære vi kan sjå tidsskiftets standpunkt under okkupasjonen.

Folkets framtid

Det har gått ca. 5 månadar sidan førre utgjeving. Det førre heftet er datert desember 1940, og dette er datert mai 1941. Enda ein ny redaktør er på plass: Nils Jøntvedt. Som eg viste i førre kapittel, handla 1930-talet mykje om å skape ein identitet og legge grunnlaget for ein framtidvisjon. I mai 1940 er det framleis fokus på draumen om gullalderen, og den er absolutt i sin framtoning. Det deterministiske er som eg har vist *instinkta* som har blitt vekka til live. Instinkta er nordiske eller nord-germanske, altså ariske, og desse er kategoriske i sin forstand at dei er naturgitte og dermed urokkelege. Som tidsskriftet hevdar er det Hitler, SS og Det tredje riket som har vekka desse instinkta. *Ragnarok* fremjar trua på at sidan nordmenn og tyskarar begge er germanske er det eit stor-germansk samband som er målet. I «Det norrøne riket» er Noreg autonomt, og sidestilt med Tyskland. Eg vil hevde at kretsen rundt *Ragnarok* underbevisst har antatt dette, men viktigast gjennom personlege samtalar, venskap og samarbeid med SS, Himmler og *Nordische Gesellschaft*. Antakeleg er det ei blanding av overtydingar og ved å vise likskap til sine tyske trosfeller. *Ragnarok* laga narrativet om at idet den nye verdsordninga oppstår ville kretsen bak det vere i sentrum av hendinga. I mai 1941 er status derimot at Noreg er okkupert, og statsmakta styrt av Tyskland gjennom rikskommisjonær Terboven. Dette blei sett på som eit svik av mange og skepsisen til Tyskland auka – illustrert i artikkelen «Det norske standpunkt». Som nemnt får *Ragnarok* ei anna tone, nærmare sagt agenda som ein reaksjon på dette. I september 1940 erklærte

¹⁸⁴ Emberland og Kott, 534, note 216.

Terboven Nasjonal Samling som det einaste lovlege partiet, og etter eit halvår kjem Jacobsen sin reaksjon og standpunkt til NS i form av eit innlegg.¹⁸⁵

I dei deterministiske naturlovane ligg framstillinga om at etter ragnarok har skjedd skal ein ny gullalder oppstå. Derimot er det skal mykje formast mot det målet. Det gjeld framleis for kretsen å påverke samfunnet blant anna gjennom den offentlege debatten, politikken og kulturen. Mykje av *Ragnarok* si framtid låg i skildringar av den historiske fortida. Dette handlar om narrativet omkring den norrøne mytologien, men også heltar og kongar frå mellomalderen. Grunnlaget blei lagt på 1930-talet, men Jacobsen og kretsen rundt tidsskriftet treng støtte hjå dei med politisk makt. Nasjonal samling blei erklært som einaste lovlege parti, og leiarartikkelen «Det norske folks evige liv» av Jacobsen frå mai 1941 er eit forsøk på forsoning mellom NS og lesarane og kretsen rundt *Ragnarok*. Artikkelen er av høg interesse fordi den er tonegivande for tidsskriftet under krigen. Jacobsen brukar både eldre og samtidig litteratur for å fremje bodskapet sitt, og standpunktet til *Ragnarok*, Noreg og rasen. Det litterære har særslig sentral plass med tanke på dei litterære referansane Jacobsen brukar for å få fram bodskapet sitt. Eit utdrag av artikkelen blir trykka i hefte 9/10 i desember 1944, s. 327 i anledning *Ragnarok* sitt 10-års jubileum, altså rundt tre og et halvt år seinare. Dette illustrerer kor viktig Jacobsen plasserer akkurat dette bodskapet.

Leiarartikkelen er på 5 sider, og har tre ulike deler. Det er forfatta av Hans S. Jacobsen, og det er hans første større innlegg signert Jacobsen sidan mars 1940, altså ca. 10 månader. Den første delen er ein appell til og om det norske folk, den andre omhandlar forsøket på forsoning til NS, og den tredje kan tolkast som ei revidert og revitalisert programerklæring av den originale frå mars 1935. Forholdet til NS binder dei tre delane sammen. Okkupasjonen har endra fokusset til *Ragnarok*-prosjektet. Under okkupasjonen endrar narrativet om gullalderen seg, og målet om det norrøne riket får eit litt anna utrykk i tidsskriftet enn på 1930-talet.

Artikkelen tek for seg det norske folks framtid, *Ragnarok* sin innstilling til den nye verdsordninga og forholdet til NS og *Hirden*, som var NS sin paramilitære tropp. Jacobsen brukar omgrepene «støpeskjje» i programerklæringa frå 1935, og i denne leiarartikkelen gjelder framleis dette, sjølv om han ikkje eksplisitt brukar dette ordet. Artikkelen er ein appell og ei påminning til lesarane, men også eit forsøk på forsoning innetter kretsen av *Ragnarok*.

Av dei mange artiklane eg har lese av *Ragnarok*, har denne fleire lag enn andre. Dette er på grunn av Jacobsen sitt frieri til NS, noko som hadde vore utenkeleg før okkupasjonen,

¹⁸⁵ Dette er også eit frampeik til den dagen i februar 1942 der Quisling formelt blir gjort til ministerpresident og i små dosar til erkefienden og marionetten Quisling. Det er interessant at omgrepene *quisling* blei synonymt med landsforrædar, og for *Ragnarok* sin del er han Quisling forrådt ytre høgre.

og har bakgrunn i at NS blei favorisert av okkupasjonsmakta. Redaktør Jacobsen avslørar også valdelege tendensar mot sine motstandarar. Før har det for det meste vore tekstar på eit meir teoretisk plan, men her tek Jacobsen til orde for faktiske valdelege handlingar.

Tittelen på artikkelen hentar inspirasjon frå siste setning i eit utdrag av van den Bruck frå 1936: «Der står ikke skrevet noesteds at et folk har en evig rett til liv.» Dette er henta frå innlegget «Det konservative menneske» som eg omtalte i førre kapittel. I original form frå boka «Konservativ» i *Das Dritte Reich* er siste setning: «Hat der konservative Gedanke durch die Revolution seinen Sinn verloren? Nein. Er hat ihn wiedergewonnen». ¹⁸⁶ Mi eiga omsetting til norsk: «Har den konservative tanke mista sin betydning gjennom revolusjonen? Nei. Den har vunne tilbake.» Eg har ikkje funne staden i kapittelet der Jacobsen har vald å avslutte van den Bruck sitt essay. Med andre ord er det utydeleg kor i van den Bruck sitt kapittel Jacobsen har vald å slutte, og dermed henta inspirasjon til. Tittelen «Det norske folks evige liv» er tett knytt teksta som handlar om vegen vidare. Før innlegget byrjar står eit sitat med ukjent opphav: «Det sterke går foran det svake. Instinkt er sikrere enn fornuft.» I dette sitatet er det igjen skilnaden mellom gode og därlege instinkt framheva. Dette sosialdarwinistiske perspektivet går igjen, og er som påpeika sentralt i *Ragnarok* si verdsoppfatning. Ifølge *Ragnarok* vil individ eller grupper som innehavar betre biologiske forutsetningar sigre over andre, og desse medfødde eigenskapane vil føre til at nordmennene vil gå sigrande ut av kampen som kjem. Sitatet glir inn i første avsnitt av innlegget:

Det er Norges skjebne de kommende 1000 år som avgjøres i vår tid. Enhver nordmann vil i den tid som kommer måtte ta standpunkt – uansett tidligere opfatning. Og det er bare én rettesnor for vår innstilling til tidens brennende politiske spørsmål: Det som tjener det norske folk og dets evige liv er godt og skal gjøres sterkt, det som svekker dette folks livskraft skal brytes ned. Livets lov tåler ingen tross (Bismarck og Cavour skapte den for oss, var det vel Ibsen som engang sa). ¹⁸⁷

I første avsnitt er det mykje å ta tak. Jacobsen hevdar at Noregs tusenårige framtid vil bli avgjort nå. Talet 1000 er ikkje tilfeldig. Dette talet alluderer også *tilbake* i tid, til mellomalderen og vikingane i Noreg. Dei siste setningane frå dette utdraget som refererer til Ibsen demonstrerer dette. Jacobsen brukar Henrik Ibsen for å få fram bodskapet sitt. I den originale programerklæringa i mars 1935 er det Dostojevskij som blir brukt. Jacobsen demonstrerer igjen sin kulturelle og intellektuelle kapital. Ibsen blir saman med Dostojevski akta som meisterlege forfattarar, og ikkje minst samfunnsrefsarar. Igjen ser vi at Jacobsen tek eigedom over framståande samfunnspersonar sine bodskap og formar dei etter sitt nazistiske

¹⁸⁶ van den Bruck, *Das Dritte Reich*, 227.

¹⁸⁷ Jacobsen, «Det norske folks evige liv», *Ragnarok*, Hefte 1, mai 1941, 1.

verdssyn. Vi kan sjå at dette også følger Tjønneland sine poeng om nazimen gjennom artikkelen til Lacoue-Labarthe og Nancy. Nazismen kunne fritt støtte si eiga mytologisering, og her drar Jacobsen med seg Ibsen i sitt verdssyn. Det er det organiske og instinktive som blir framheva i begge forfattarskap, og her er det «dette folks livskraft» som blir understreka ved hjelp av Ibsen. Dette blir kopla til raseperspektivet, og lagt til ei historisk oppfatning av blod. Dette blir også forsterka med at Ibsen var norsk. I første avsnitt koplar Jacobsen Ibsen si strofe «Livets lov tåler ingen trass» opp mot den reaksjonære grunntanken om at alt svakt skal utslettast. «Livets lov» og «folkets livskraft» blir dermed synonym som i det instinktive perspektivet eg skildra i førre kapittel. Jacobsen refererer til Ibsen sitt dikt *Ved Tusendårs-Festen den 18^{de} Juli 1872*: «Livets lov tåler ingen tross (Bismarck og Cavour skapte den for oss, var det vel Ibsen som engang sa». Jacobsen viser dermed direkte til diktet, og under følger delen av diktet Jacobsen hentar referansen frå:

Mærk hvor du står, du dagens norske broder!
Tyd tidens tegn; med den er du i pakt.
Idag er kun en ringe grundsten lagt
til større støtte for vor stammes moder.
Læs tidens lov! Den tåler ingen trods.
Cavour og Bismarck skrev den og for os, -
og dødninger og drauger vog han fler af.
hin dådsmand og hin drømmer på Caprera.¹⁸⁸

Ved Tusendårs-Festen den 18^{de} Juli 1872 blei komponert til markeringa av jubileet til Slaget ved Hafrsfjord i 872 der Harald Hårfagre sigra. Tittelen på Ibsen sitt dikt kan knytast til første setning i Jacobsen sitt innlegg: «Det er Norges skjebne de kommende 1000 år som avgjøres i vår tid.», og Jacobsen brukar Ibsen til å fremje sitt eget bodskap. Der Ibsen skiv om kronfestinga til Harald Hårfagre, skriv Jacobsen om grunnlaget for Norge sine neste 1000 år. Harald Hårfagre blir allment sett på som Noregs første konge. Harald Hårfagre innleia ein periode som etter 1814 blir sett på som første gong Noreg eksisterte som eget rike, og ikkje minst ein lang periode med autonomi. Jacobsen trekker med andre ord mange parallellear mellom denne tida i historia og in eigen samtid. Grunnlaget for Harald Hårfagres rike blei danna etter eit stort og blodig slag. Noreg anno mai 1941 er okkupert etter tapt slag. Kong Haakon 7 og kronprinsen har flykta landet til *Ragnarok* sin dødsfiende Storbritannia. Det må mobiliserast for eit nytt norsk rike, og dermed må dei store ideologiske skilnadane leggast på

¹⁸⁸ Ibsen, *Dikt*, bind 11, *Henrik Ibsens skrifter*, 438 – 439.

is. Jacobsen skriv: «Enhver nordmann vil i den tid som kommer måtte ta standpunkt – uansett tidligere opfatning.» Etter fleire hundreår med autonomi falt Noreg under dansk styre, mykje på grunna av svartedauden. Som eg påpeika i førre kapittel er det ein parallel mellom samanbrottet til eit samfunn og sjukdom hos kretsen i *Ragnarok*, dette finn vi allereie i programerklæringa frå mars 1935. Nazismen tolka den jødiske konspirasjonen som ein sjukdom. Jacobsen skal med dette unngå ei ny 400-årsnatt (eit omgrep som Ibsen dessutan brukte i *Peer Gynt*).

Som eg har påvist tek Jacobsen seg store friheiter i både faktagrunnlag og omskriving av verk, med også mykje intertekst. Her skriv Jacobsen om ei verselinje frå Ibsen: «Livets lov tåler ingen trass». Dette er ei omskriving av «Læs tidens lov! den tåler ingen trods». Både Ibsen og Jacobsen appellerer til nordmenn sitt standpunkt i den tid som vil komme: «Mærk hvor du står, du dagens norske broder!», mot Jacobsens: «Enhver nordmann vil i den tid som kommer måtte ta standpunkt». Begge versjonar framhevar at de (nordmennene) står ved terskelen av noko: *står* og *standpunkt*. Leiarartikkelen er sterkt inspirert av Ibsen sitt dikt. Dette gjer også utslag i Jacobsen sitt val av tema. Sentralt i Ibsen sitt dikt er den pan-nasjonale strøyminga *skandinavismen*. Skandinavismen var ei politisk rørsle som oppstod på midten av 1800-talet. Målet for rørsla var eit nært politisk, kulturelt og praktisk samarbeid mellom dei skandinaviske landa, og for nokre også ein felles skandinavisk union.¹⁸⁹ Skandinavismen hadde dermed ein renessanse i *Ragnarok*. Dette er på grunn av synet på Skandinavia som ein etnisk, språkleg og kulturelt heilskap. Jacobsen hevdar at viss Noreg skal sigre, trenger det hjelp av heile det skandinaviske fellesskapet. Siger i denne forstand er eit utvida omgrep, og gjeld sosial, politisk og kulturell oppvakning. Dette var Ibsen også opptatt av. Ibsen visar til samlinga av Tyskland gjennom Otto von Bismarck og av Italia gjennom Camillo Benso di Cavour, som begge var sentrale i samlinga av landa. Ibsen nemner også øya Caprera på Sardinia der Giuseppe Garibaldi budde i nesten 30 år til sin død. Det er med andre ord store namn Jacobsen knyt sitt eget bodskap til, og er langt frå tilfeldig. Stikkorda er *samling* og *identifisering*. Ved *Tusendårs-Festen den 18^{de} Juli 1872* blei som nemnt skrive til tusenårsmarkeringen av Harald Hårfagre sin siger ved Hafrsfjord og rikssamlinga, men det fekk ikkje stor merksemd fordi Ibsen tok opp andre tema: Asbjørn Aarseth skriv: «[Ibsen har] ikke så mye til overs for det å dvele ved fortidens dåd, men vil heller slå et slag for skandinavismens idé. Samlingen av Italia i 1870 og av Tyskland i 1871

¹⁸⁹ *Store norske leksikon*, s.v. «Skandinavisme», av Knut Dørum og Magnus A. Mardal. 31.03.2021. <https://snl.no/skandinavisme>

viste veien.»¹⁹⁰ Jacobsen tek opp den skandinavistiske tråden, og der Aarseth hevdar at Ibsen ikkje dveler over fortidas dåd, brukar Jacobsen den til å samle opp om det norrøne riket.

Tyskland har gått frå å vere ein inspirasjon og framkallar for den norrøne nazismen, til å bli eit hinder for den totale frigjeringa og utforminga. Dette er det nå NS og det skandinaviske fellesskapet som må stå for.

I Åsmund Sveens *Norsk ånd og vilje: antologi* opptrer også *Ved Tusendårs-Festen den 18^{de} Juli 1872*.¹⁹¹ Året 1942 markerte 1070 år sidan slaget ved Hafrsfjord. Diktet var dermed med i Sveen sitt forsøk på ein nasjonalsosialistisk kanon. I tillegg påpeiker Tjønneland at Quisling fleire gonger refererte til diktet i sine talar på 1940 – talet, samt at det opptrer i ei propagandabok om Quisling frå 1941.¹⁹² Tjønneland hevdar at i denne propagandaboka: «trekkes en klar parallel mellom Harald Hårfagres seier ved slaget ved Hafrsfjord og Quisling som den utvalgte fører som kan samle Norge til et folk.»¹⁹³ Det at Jacobsen refererer til diktet med kjennskap om Quisling sin hyppige bruk av det i sine talar er uvisst. Det som vi derimot kan slå fast er at Jacobsen her brukar tema og motiv i diktet for å fremje sitt og *Ragnaroks* eige narrativ og mytologisering. Med andre ord kan vi sjå at diktet i tre ulike prosjekt blei brukt som mytologiseringsobjekt. Jacobsen brukar det ikkje berre for i knytte band til fortida, men også som vi har sett til det skandinaviske fellesskapet.

Finland var ein stor del av *Ragnarok* si oppfatning det skandinaviske fellesskapet. Vinterkrigen mellom Finland og Sovjetunionen blei dekka tett i *Ragnarok* gjennom innsendte brev frå norske frontkjemparar, analyser og artiklar om taktiske skildringar over militære bevegelsar. Den generelle oppfatninga i *Ragnarok* var at Finland sigra over Sovjetunionen på grunn av den nordiske evna til å kjempe mot den sjuke semittiske bolsjevismen. Gjennom førstehandsskildringar frå norske soldatar blei den finske kampen ein skandinavisk kamp for å hindre spreilinga av marxismen. Finland hadde lang grense mot Sovjetunionen, og sigaren blei eit bilde på nordisk kampånd. Denne kampånda er det Jacobsen forsøker å påkalle her. Ibsen sitt dikt og namn blir brukt som medium for å vekke det skandinaviske fellesskapet og ikkje minst kampånd. Viss Finland med hjelp frå det skandinaviske fellesskapet klarte å stogga den bolsjevistiske framstøyten, ville dette kunne overførst til okkupasjonen av Noreg. Det som følger var ein ideologisk kamp om å påverke NS i rett retning.

¹⁹⁰ Aarseth, «Innledning til Samfundets støtter», *Henrik Ibsens skrifter*. Henta 02.03.2021.

https://www.ibsen.uio.no/DRINNL_SS%7Cintro_background.xhtml

¹⁹¹ Sveen, *Norsk ånd og vilje: Antologi*, 207.

¹⁹² Tjønneland, «Åsmund Sveens antologi *Norsk ånd og vilje* og litteraturen i norsk nazisme», 100 – 101.

¹⁹³ Tjønneland, 100.

Forsøk på forsoning

Jacobsen forstetter artikkelen med å appellere til å legge vekk gamle stridar og feiltak, og arbeide saman for landets framtid. Jacobsen hevdar at kampen ikkje kjem til å bli lett, men at det norske folk vil vinne fram: «Alt stort og verdifullt nytt må fødes i smerte, gjennem kamp. Gratis og giende får vi nok ikke vende tilbake til oss selv, til et biologisk sundt og stekt og enkelt liv.»¹⁹⁴ Det biologiske er igjen det sentrale i Jacobsen sin retorikk. Fokuset på biologisk sunne tendensar er det overordna idealet. Nordmenn blir opphøgd og Jacobsen trekker også inn det han meiner er det utanlandske synet på Noreg. Jacobsen hevdar gjennom to anekdotar at det norske folk har en stridsånd og innfødde instinkt som er overlegne, han påstår at dette er noko Noreg er berømt for. Dette gjer han samtidig som han knyter band til tyskarane. Dei to anekdotane handlar om ein dansk konge, og ein tyskar, begge utan namn. Den danske kongen blei bedt av ein norsk jarl om å sende hæren for å hjelpe. Kongen nekta fordi: «Til dette stridbareste av alle folk vil jeg ikke sende mine menn.»¹⁹⁵ Noreg hadde berre jarlar under unionen med Danmark, og dermed kan anekdoten tidfestast til denne perioden. Den ukjente tyskaren hevda: «[...] etter fire måneders ophold her i sommer, om nordmennenes vesen og ideal: «‘Jeder Norweger ein Gauleiter’»¹⁹⁶ Mi eiga omsetting: kvar og ein nordmann er ein gauleiter. *Gauleiter* var ein høgtståande embetstittel i Tyskland, og er ei samansetning av orda *gau* og *leiter*. Vesentleg er at ein *Gauleiter* var ansvarleg berre ovanfor Føraren.¹⁹⁷ *Gau* kan på norsk sidestillast med den administrative inndelinga *fylke*, og *gauleiter* med *statsforvaltar*. Det er altså med store ord den ukjente tyskaren omtalar nordmenn. Ifølge den namnlause tyskaren har alle nordmenn anlegg til å disponere over noko som berre står til ansvar ovanfor Hitler sjølv. Saman med den namnlause danske kongen si framstilling ser Jacobsen på Noreg og nordmenn med utanlandske auge. Desse karakteristikkane er dermed kjent utanfor Noregs grenser, og med å påpeike desse, samt bruke Bismarck og Cavour, skapar Jacobsen eit bilde som «stadfester» det internasjonale perspektivet på Noreg og nordmannen.

Desse karakteristikkane tek Jacobsen med seg i neste del der han løftar opp og frir til den paramilitære gruppa *Hirden*. Som nemnd låg *Ragnarok* sitt problem med NS i forholdet deira til Quisling og den quisling-vennlege fløya i partiet. For *Ragnarok* ville skilnadane mellom NS og *Ragnarok* bli mykje mindre viss ein fjerna «det svake». Viss det kunne vere

¹⁹⁴ Jacobsen, «Det norske folks evige liv», *Ragnarok*, Hefte 1, mai 1941, 1.

¹⁹⁵ Jacobsen, 1.

¹⁹⁶ Jacobsen, 1.

¹⁹⁷ *Store norske leksikon*, s.v. «Gau», 27. februar 2021. <https://snl.no/gau>

mogleg å luke ut Quisling og hans krets, ville det vere håp for framtida. Før Jacobsen frir til sjølve partiet og Hirden skriv han: «Utvilsomt er det idag mange snikasser, angivertyper og tallrike av «egennyttens menn» som elter sig inn på den bevegelse som skal gjenskape et sundt norsk folk – typer som virker belastende på partiet.»¹⁹⁸ Eg vil hevde at Jacobsen siktar til kretsen rundt Quisling og hans forsøk til å ta seg til makta. Quisling hadde som kjent på den første dagen av okkupasjonen erklært seg sjølv til statsminister over radio. For at partiet skal bli reinsa trengs det fleire medlem, og om fleire nordmenn sluttar seg til NS vil det komme ny påverknadskraft innan partiet. Jacobsen ser sitt snitt i at gjennom fleire medlem vil sjansen auke for å «fjerne slagget», med andre ord Quisling og hans krets. Gjennom fleire medlem ville det vere meir sannsynleg at meir skikka menn i Jacobsen sine auge ville klatre gjennom hierarkiet i partiet og forhåpentlegvis fjerne Quisling. Det som skal drive NS fram er sunne og gode menn som skal reinse partiet. Jacobsen fortset:

De fleste av disse foretelser blir tatt opp til kritisk behandling *innenfor* partiet. Derfor bør enhver anstendig nordmann idag stå tilsluttet Nasjonal Samling, det er der han har anledning til å virke til gagn for sitt land. [...] Barnesykdommer er til for å overvinnes – og *de vil bli overvunnet* etter hvert som rekkene ytterligere fyldes av gode menn. Slagget vil bli fjernet og *det lødige vil bli tilbake*. Se bare på *Hirden*. Den er såvisst ikke populær idag i de store lag. Den har kanskje skeiet ut ved enkelte anledninger, og har sikkert elementer innen sine rekker som må skiftes ut. [...] her har vi en militant, sterk organisasjon med et stort og edelt mål, med en ideell innstilling, under en renlinjet ledelse, en kamporganisasjon som skal være saltet i bevegelsen i kampen *for* et sterkt folk, *mot* snikasser, jødedom, frimurere, sjibere, beinjegere, bløktaktighet, marxister og liberalister.¹⁹⁹

Det er Hirden og den nye tilhengjarskaren som skal utføre reisninga. Kva som ligg i «slagget vil bli fjernet» er uvisst, men med tanke på at Jacobsen frir til den paramilitære gruppa Hirden vekker ordlyden assosiasjonar til «dei lange knivars natt». Den 30. juni 1934 kvitta Hitler seg med store deler av opposisjonen innanfor NSDAP med å avrette sentrale skikkelsar i NSDAP sin paramilitære gruppe *Sturmabteilung* (SA). Hirden og SA har fleire fellestrek. Gjennom utreinsking og nye medlem i rekkene vil mykje av Jacobsen sin plan falle på plass. Han tar hardt i, og den militante gruppa vil være «saltet i bevegelsen i kampen» mot det som blir sett på som motstandarar, med andre ord valdelege handlingar. Jacobsen sin katarsis vil bestå av både reelle handlingar, men også utveljing gjennom fredelegare prosessar som vil kome automatisk, og etter «slagget» er fjerna vil også NS gjennom demokratiske prosessar

¹⁹⁸ Jacobsen, «Det norske folks evige liv», Ragnarok, Hefte 1, mai 1941, 2.

¹⁹⁹ Jacobsen, 2.

med eit biologisk grunnlag fostre fram ein fører. Kven som utgjer *demos* i denne prosessen er utydeleg, men som eg skal vise er det snakk om eit utval «rettskafne» menn.

Mangelen på ein sterk og tydeleg førar utanom Jacobsen sjølv var eit stort saken for kretsen i *Ragnarok*, særleg med tanke på at Jacobsen var for radikal og fritalande for Tyskland. Jacobsen sin utveljingsprosess handlar om naturlovar satt i system, og desse skal skape eit statsapparat med ein førar. Jacobsen skriv:

Det faller 100.000 frø på en klippe. Bare ett er det plass for, ett alene vil vokse opp til tre. Det er folkets og samfunnets liv og framtid, de kommende slekters styrke og livskraft er målet for statens politikk²⁰⁰

Det er naturgitte prosessar som skal fostre fram eliten i partiet. Som eg viste i førre kapittel handlar det om dei same ibuande instinkt i den ariske rasen det er snakk om. Vekkinga frå stasis på midten av 1930-talet handla om ei vekking og spreiing av det nazistiske tankegodset. Her handlar vekkinga (frå stasis) om å vekke samarbeid, samt reinsing innan partiet. Jacobsen oppfordrar til samspel og eit felles mål om emansipasjon både mellom og i det skandinaviske fellesskapet, NS og nordmenn. Den ekstreme auka i NS sitt medlemstal etter okkupasjonen har sannsynleg vekka håp hos Jacobsen. Han kunne setje sitt preg på både partiet og den store tilhengjarskaren. Sjølv om eg hevdar at Jacobsen siktar til Quisling og hans krets, er det ikkje eksplisitt nemnt, men kan tolkast i den retning. For å hindre represaliar og altfor mye konflikt brukar Jacobsen også plass på å hylle Quisling og hans person,²⁰¹ noko eg skal vise lengre ned. På den andre sida av «det nye NS» skal det oppstå ei ny ordning. Den nye og reviderte ordninga skulle NS vere katalysator for. Statsapparatet som skulle oppstå ville vere ei form for eitpartisystem med ein partileiar og skikka medlem og kan samanliknast med eitpartisystemet i Sovjetunionen, organiseringa av NSDAP, eller Mussolini sin korporative stat:

Intet program i verden er som Nasjonal Samlings idag egnet til å kunne samle et sundt og sterkt folk omkring sig. Nasjonal Samling er i sin innerste kjerne både sosialistisk og aristokratisk, det tar sikte på å skape en statsledelse av de dyktigste, sundeste, sterkeste, mest livskraftige individer for å trygge folkets evige liv – i overenstemmelse med alle livslover.²⁰²

Her tilskriv Jacobsen NS eigenskapar som er knytt til livslovar. Som i naturen vil det berre vere dei sterkeste som overlever kampen om tilværet. Dette sosialdarwinistiske perspektivet vil fostre fram «dyktige, sunne, sterke og livskraftige individ» som vil lede an. Dette er som

²⁰⁰ Jacobsen, «Det norske folks evige liv», *Ragnarok*, Hefte 1, mai 1941, 3.

²⁰¹ Jacobsen, 4.

²⁰² Jacobsen, «Det norske folks evige liv», *Ragnarok*, Hefte 1, mai 1941, 3.

Jacobsen påpeiker lovgitte, og er dermed kategoriske. I eit primitivistisk perspektiv er det instinkt og drift som gjer seg gjeldande.

Det ekte i litteraturen

I «Det norske folks evige liv» nærmar Jacobsen seg Stefan Zweig sin omtale av litteraturen i mellomkrigstida, der litteraturen skulle framstille mennesket i kamp med maktene. Maktene er som nemnt i teorikapittelet ifølge Zweig dei namnlause, staten, folket og massane i tillegg til plikten, ansvaret, trua og vantrua. Helge Groth hevda at desse karakteristikkane for det meste omhandla tysk litteratur, og at litteraturen i Noreg låg etter i utviklinga. Videre slo Groth også fast at desse ideala ikkje slo ned i Noreg. Derimot er det nettopp mange av desse karakteristikkane som visar seg i Jacobsen si skribentverksemrd, og særskild i denne artikkelen, sjølv om mellomkrigstida er over. Jacobsen var tungt inspirert av tysk litteratur frå både før og under mellomkrigstida, og det er tydeleg at han treffer mange av Zweig sine karakteristikkar. Jacobsen sine omsettingar av t.d. van den Bruck er døme på dette. I «Det norske folks evige liv» legger Jacobsen seg i kamp med dei namnlause. Dette gjeld NS som organisasjon, det norske (og skandinaviske) folket og massane. Jacobsen sin kamp med NS ligg i hans forsøk på å omvende partiet. Dette forsøker han gjere gjennom å fri til dei store massane som melder seg inn i NS etter krigsutbrotet. Sjølv om det var skjønnlitteraturen som skulle framstille mennesket i kamp, vil eg hevde at desse karakteristikkane tydeleg blir framstilla i denne artikkelen. Ein kan også anvende dei på store delar av det som blei produsert av og for *Ragnarok*. Gjennom denne leiarartikkelen framhevar Jacobsen Elgström sine heroiske trekk. Dette var ideal som brytingane etter den første verdskrigen førte med seg. I tillegg påpeiker Groth at tapet på trua av liberalismen sin individualisme prega den norske litterære offentlegheita. Her er synet på individet snudd på hovudet. Jacobsen framhevar individet, men med grunnlag i ei form for dødskamp der den sterkeste overlever. Statsleiinga skal oppstå gjennom massane i NS og Hirden. Vinnaren av dødskampen er dermed ein syntese av leiaren og massane sine medfødde eigenskapar. Jacobsen skapar nærmast ei symbiotisk verd som om det skulle handle om flokkdyr i naturen.

Zweig sin omtale leiar meg inn på sjølve det litterære perspektivet i artikkelen.

Jacobsen fremjar her eit *absolutt ideal*. Eg vil hevde at «Det norske folks evige liv» er eit tidleg døme på det reaksjonære litteratursynet under okkupasjonen, samstundes som den har fleire tydelege spor av mellomkrigstida idékampar. Som eg kommenterte i teorikapittelet hevdar Rottem at ein vere forsiktig med å legge for myke vekt på store skisma som t.d. verdskrigane i omtale av litteratur slik at det er «[...] påvist fare for at man kan komme til å

legge sterkere vekt på bruddene enn på den historiske kontinuiteten, at man legger for mye vekt på det som virker nytt og moderne.»²⁰³ I tilfellet «Det norske folks evige liv» har den som påvist det litterære idealet som oppstod etter første verdskrig: mennesket i kamp mot maktene. Når det kjem til det litterære idealet under okkupasjonen, er denne artikkelen eit tidleg døme på den nye normgivande litteraturen. Denne kan sjåast i Gundelach og Halvorsen sin litteratur, og Lello skriv om deira omtale av litteraturen under okkupasjonen i både 1941-, 42, og 43:

En ny normgivende litteratur skulle tematisere «troen, nestekjærligheten, selvhengivelsen, begeistringa for et ideal.» Og kunstnerisk kvalitet skulle måles etter grad av idealitet, for kunstens styrke oppstod fra kilder utenfor individet, hevet over materielle og ideologiske forhold. [...] «Frisk kultur» var nasjonal kultur, og sunne nordmenn visste instinktivt hva begrepene nasjonal innebar: rase og geografisk tilhørighet, men også uklarhetens mystiske styrke.

For Jacobsen sin del er det begeistringa for eit ideal som står i sentrum, samt at han tildeler norske menn eigenskapar som lener seg på det sjølvoppofrande (selvhengivelsen) og nestekjærleik for kvarandre (inkludert det skandinaviske fellesskapet). Den kunstnariske graden av kvalitet i Jacobsen sine tekstar gjev utslag i hans grad av idealitet. For Jacobsen kjem styrkane både frå kjelder utanfor og innanfor individet. Dei er vekka til liv frå ei synkron påverknadskraft, både utanfor og innafor. I dette tilfellet er kjelda utanfor NS og Hirden, samt Jacobsen sitt bodskap. Kjelda innanfor er ei felles oppfatning av rase og geografisk tilhørsel. Den indre kjelda er tett knytt den «ariske skaparkrafta». Dette er som vi har sett indre krefter som blei vekka til live som førte til trangen til å fremje den reaksjonære verdsoppfatinga basert på xenofobi: truslar frå krefter utanfor og den jødiske konspirasjonen. Her hever Jacobsen seg over materielle og ideologiske forhold, sjølv om den høge graden av idealitet alltid har vore framståande i verksemda hans. Han fremjar sjølvsagt sin norrøne form for nazisme, men han legg den til side i det han forsøker å nå fram til dei namnlause. For målgruppa til teksta er ikkje «den nordiske vekkinga» realisert. Den namnlause massen er folket som blir oppfordra til å slutte seg til NS, samt dei som allereie har meldt seg inn. Jacobsen var ein erklært motstandar av psykoanalysen, men ironisk nok ligg vekkinga latent og urealisert i individet, og ennå ikkje erkjent. Jacobsen omskriv van den Bruck og brukar eit litterært språk og innhald frå mellomkrigstida. Dermed kan eg hevde at litteraturen frå mellomkrigstida kom til Noreg, men fleire år seinare. Dette er snakk om litteraturen som råda og påverka den reaksjonære strøyminga på 1920- og 30-talet i Tyskland. Gjennom Jacobsen

²⁰³ Rottem, *Norges litteraturhistorie*, 18.

og *Ragnarok* sine omtalar og omsettingar kom dette litteratursynet til Noreg gjennom tidsskriftet. Elgström og Zweig sine omtalar treff godt det Jacobsen og andre skriv.

I 1935 var det trusselen om undergang og traumet knytt til dette som var hovudfokus. Som eg drøfta, vakna spådommen om undergangen og trongen til å forkynne den nazistiske tankegangen. Som nemnt skulle *Ragnarok* samstundes forhindre og fremje undergangen. Det skulle stoppe undergangen som den jødiske konspirasjonen og pasifismen stod for, og fremje eit ragnarok som skulle bringe fram ei ny verdsordning – Det norrøne riket, eller «Norrønariket» som Jacobsen sjølv kallar det. Det som i Jacobsen sine augne skulle bli til *Det norrøne riket* var i samband med det germanske og nazistiske Tyskland. Derimot hadde Tyskland invadert og norske liv hadde gått tapt. Denne ambivalensen er Jacobsen tydeleg på, men står fast ved det germanske, nordiske og nazistiske verdssynet og samarbeid, sjølv om det «ikke alltid har vært så enkelt». ²⁰⁴ Med denne artikkelen forsøker han å løyse dette ved å fri til NS, og dermed også til den tyske overmakta. Det er gjennom NS med sin tysk-legitimerte statsmakt løysinga ligg. Viss NS kunne bli påverka med *Ragnarok* sitt livssyn kunne samarbeidet verkeleg bere frukter. Ved å vise til det skandinaviske felles opphavet gjennom litteraturen via Ibsen, samt mellomalderen, kunne Jacobsen dermed løyse problemet som den tyske invasjonen og okkupasjonen representerte.

Nasjonal splid

I 1941 har nokre av elementa endra karakter. Nå er det nasjonal splid utløysa av krigen og okkupasjonen som er sentralt for narrativet omkring undergangen. For å påpeike og forhindre nasjonal splid refererer Jacobsen igjen til Ibsen. Han frir samstundes til NS, der redninga frå det nasjonale skisma finst:

Den utstukne vegen i Noreg idag heter NS. Gå inn i dette parti alle gode nordmenn som ser utover dagens strid, framover mot en virkelig samling av dette de store muligheters folk. Substansen er uforandret og god. [...] Vårt folk tar til å våkne, å vekkes etter 1000 års søvn. Vidkun Quislings historiske appell 12. mars 1941 var en statsmanns og en stor mann tale. Norge skal ikke bare bli fritt. Det skal bli stort. Det var Norrønariket, vårt folks store livsmyte, som blev hjallet inn.

Majoriteten stritter ennå imot, viljeløst vimrende, vet ei hvor hen.

Heises som merke usseldoms klute
setter de æren i flukt og fall
Da er det bisp Nokolas som er ute.
Baglerbispen, som røkter sitt kall.

²⁰⁴ Jacobsen, «Det norske folks evige liv», *Ragnarok*, Hefte 1, mai 1941, 3.

Dette evige vers har idag fått en egen betydning. Det er på mange måter sårt å se hvordan de – sikkert mange velmenende – som idag [...] degraderer sitt lands offisielle symbol og skaper behov og grunnlag for et nytt. Men samtidig betegner det et skritt bort fra baglerbispen, på veg mot oss selv, mot det rene, det sanne, det som er ekte. Mot solhjulet og hagalrunen.²⁰⁵

Dette utdraget illustrerer både frieriet til NS samt kritikk av de demokratisk valde politikarane som flykta landet saman med kongen, for å søke tilflukt hos britane. Her ligg faren for nasjonal splid. Det er ikkje berre splid i folket som er trusselen. Spliden ligg også i at dei folkevalde, samt symbolet på den nasjonale eininga, har flykta og overlate landet og folket til seg sjølv. Trusselen for nasjonal splid har dermed fleire lag: 1) dei som støttar kongen (symbolet på landet) som flykta og dermed spliden dette representerer, 2) splid i folket som ei etnisk, språkleg og geografisk eining, og 3) splid mellom folket og dei folkevalde. NS og *Ragnarok* er bøtemiddelet for dette. Det nye NS skal vere symbolet (1) på det nye riket. Jacobsen vil at som ein altomfattande organisasjon vil NS representere nasjonen og ivareta språk, kultur, politikk og sosiale forhold, ulikt regjeringa som flykta: – «mot en virkelig samling av dette de store muligheters folk». Ordet «samling» peiker på s’en i NS: samling av nasjonen og folket. Dette bildet på partiet nærmar seg i store trekk det tyske SS. SS var som kjent ein del av det tyske NSDAP, og omfatta både sivile og militære element. Brudd basert på ulike politiske og kulturelle dragningar som førar til etnisk splid (2), er det verst tenkelege. Folket som ei geografisk og etnisk eining er mest høgtståande idealet for Jacobsen og *Ragnarok*. For å hindre dette påkallar Jacobsen alle nordmenn. «Nordmenn» er folket som «vekkes etter 1000 års søvn». Dermed er folket og nordmenn avgrensa til ei etnisk, språkleg og geografisk førestilling henta frå mellomalderen, og illusjonen om eit samla rike under ein norsk førar. *Føraren* 1000 år sidan var som nemnt Harald Hårfagre og samlinga av høvdingane og landet. Denne «vakninga» er i ferd med å skje etter ein gang. NS og *Ragnarok* er samlinga, det einaste som manglar er ein førar. Han skal som eg har vist oppstå når riket er samla gjennom NS. Vekkinga og samlinga av NS vil dermed også bøte på spliden mellom dei folkevalde og folket (3).

Mot slutten av dette utdraget finn vi også det som Jacobsen ser på som håpet. Håpet er ei ny nasjonal og internasjonal eining. Jacobsen ser bittert på det nasjonale skisma i folk og land, men samstundes er det eit steg vekk frå «baglerbispen, på veg mot oss selv, mot det rene, det sanne, det som er ekte. Mot solhjulet og hagalrunen.»²⁰⁶ Som i mytologien om ragnarok vil den nye verdsordninga oppstå på den andre sida av undergangen. Omgrepet

²⁰⁵ Jacobsen, «Det norske folks evige liv», *Ragnarok*, Hefte 1, mai 1941, 4.

²⁰⁶ Jacobsen, «Det norske folks evige liv», *Ragnarok*, Hefte 1, mai 1941, 4.

«Baglarbispen» kjem frå dramaet «Kongs-Emnerne» av Ibsen og har etter dette blitt eit uttrykk for «person eller krefter som søker å vekke nasjonal splid.»²⁰⁷ Etter den nasjonale spliden, altså ragnarok, vil den nye ordninga oppstå. Den nasjonale spliden er dermed ikkje utelukka negativ. NS vil som eg har vist gjennom den sosialdarwinistiske kampen bestå av rettskafne menn. Sagt med andre ord menn som Jacobsen meiner vil stige opp i partiet basert på arveanlegg. Den nye ordninga er eit fritt og sjølvstendig Noreg med NS i leiande posisjon i samarbeid med Tyskland.

Samarbeidet med Tyskland viser Jacobsen til med *hagalrunen* - *. Solhjulet (også kjent som solkorset)  var NS sitt partisymbol og var å sjå overalt, medan hagalruna var ei av SS og NSDAP sine hyppigaste brukte runer. Hagalruna * var å finne på blant anna SS-Ehrenring, som var ei personleg gáve frå Heinrich Himmler til utvalde dekorerte personar. Med tanke på Jacobsen og Himmlers nære venskap, er det sannsynleg at Jacobsen anten hadde eller hadde sett ein slik ring. I utdraget over knyter Jacobsen solhjulet og hagalrunen saman. Gjennom å referere til dei to runene framhevar Jacobsen fleire ting. Solhjulet og hagalruna er begge knytt til mellomalderen og vikingtid. Runer og andre mellomalderske kulturuttrykk som t.d. vikingskip opptrer hyppig i tidsskriftet. Runene ikkje berre brukt for å gje *Ragnarok* eit estetisk uttrykk, men også for å påpeike og fremje den nyheidenske religionen. Runer blei som kjent også brukt av NSDAP, SS og NS. Ved å foreine desse to viser appellerer Jacobsen til det norske og tyske samarbeidet og ikkje minst til det germanske og nordiske slektsbandet. Heilt frå oppstarten knyter *Ragnarok* og særleg Jacobsen tydelege band til SS, mykje på grunn av Jacobsens band til Himmler. Dette var i byrjinga for å vise avstand og avsky til NS og Quisling. Eg har tidlegare vist at *Ragnarok* på 30-talet fikserte på Tyskland, SS, Himmler og Hitler, gjennom *Nordische Gesellschaft*. Det kan også tenkast at Jacobsen med hagalrunen også siktar til seg sjølv og *Ragnarok*, som dei originale og ekte, og at dei saman med SS og NSDAP er proto- og arketypen av den (nordiske) nazismen. Ved å foreine hagalruna og solhjulet vil dermed den nye verdsordninga bestå av to nasjonar med *rettskafne menn* – med høvesvis Tyskland og Noreg.

Dette momentet blir bekrefta i vennskapet og møta mellom Himmler og Jacobsen. Emberland og Kott hevdar at Himmler ønska:

[...] en helt ny rasemessig fellesskapsfølelse i den norske befolkningen. Og den kunne bare bli realisert gjennom en vedvarende kulturell og vitenskapelig propagandainnslag som vektla det rasemessige og kulturelle slektskapet mellom nordmenn og tyskere.

²⁰⁷ NAOB, s.v. «baglerbisp» 09.06.21. <https://naob.no/ordbok/baglerbisp>

Denne rasemessige fellesskapsfølelsen kunne ikke NS-ledelsen skape. Den måtte presses frem av en talentfull avantgarde av overbeviste SS-sympatisører. *Ragnarok*-kretsen ble derfor utsett av SS til å lede den kulturelle omleggingen.²⁰⁸

Det som dette utdraget illustrerer, blir realisert i «Det norske folks evige liv». Jacobsen hadde tatt på seg eit mandat og visjon som han skulle realisere med sitt allereie etablerte talerøyr. For å påverke NS i rett retning, måtte den store namnlause massen som hadde meldt seg inn i partiet under okkupasjonen påverkast i *Ragnarok* og SS sin retning. *Ragnarok* representerer SS og det germanske og norske kulturelle og rasemessige fellesskapet. Den kulturelle og vitskaplege propagandainnsatsen som det er snakk om blei som vi har sett å framheve kulturelle uttrykk som t.d. litteraturen og vise til slektskap gjennom den.

Den germanske kampånda

I det første heftet frå 1942 skriv Jacobsen leiarartikkelen «Det germanske Noreg» under pseudonymet Kjartan Kamban. Heftet er ikkje datert, men antakeleg er det snakk om januar/februar med tanke på at det er årets første utgiving. Jacobsen er tilbake som redaktør av tidsskriftet, og leiarartikkelen er på to heile sider.

Artikkelen er ei støtteerklæring til Tyskland og Hitler sitt prosjekt, og ein visjon der Norege er ein del av eit *germansk samband*. Jacobsen kallar det for *Germanien*, og hever at *utvitydige* kjelder frå Tyskland garanterer eit sjølvstendig Noreg i eit sterkt germansk samband.²⁰⁹ I tillegg hyllar han det tyske og japanske folk, samt kampånda og offerviljen dei ytrar gjennom kamp. Jacobsen framstiller tidleg i teksta eit tydeleg «oss mot dei», der *Germanien* og nasjonalsosialismen står på den eine sida og Storbritannia og USA med jøden på den andre. Vidare hevdar Jacobsen at det blei Noreg sin skjebne som blei til lykke då Tyskland reiv Noreg vekk frå «dødslinja» ved å invadere så brutalt og fort.

Jacobsen opnar med å stadfeste at verden igjen står i brann for andre gang på 25 år, og at det eigentleg er snakk om ein varig krigstilstand frå 1914 til i dag (1942). Vidare hevdar han at i motsetning til den førre verdskrigen er problema enkle i dag sidan den eine part – Tyskland (og *Ragnarok*): «[...] har en mening i sin kamp, en idé hvelvet over sin strid, de unge, landfattige, nasjonalsocialistiske folks kamp mot en saturisert, semittisk verden i selvoppløsing, det organiske livsprinsipp mot en rotløs, mekanisert verden.»²¹⁰ Her fortsett

²⁰⁸ Emberland og Kott, *Himmlers Norge*, 166.

²⁰⁹ Kjartan Kamban «Det germanske Noreg», *Ragnarok*, Hefte 1, (uviss dato, truleg jan/feb.) 1942, 2.

²¹⁰ Kjartan Kamban «Det germanske Noreg», *Ragnarok*, Hefte 1, (uviss dato, truleg jan/feb.) 1942, 1.

Jacobsen med narrativet omkring «oss og dei». «Oss-et» er det nasjonalsosialistiske folket: Tyskland og det nordiske – altså det germanske i kamp mot den «semitiske verden». Det germanske folket er som eg framheva i kapittel 1, det som vakna frå stasis. Jacobsen hevdar at det germanske folket er «landfattig», og dermed under trussel. Sjølv om Tyskland begynte invasjonen av Sovjetunionen sommaren 1941, er det framleis eit narrativ om at for å hindre undergangen, må det germanske folk spreie seg. Den nazistiske imperialismen står framleis sentralt i dette narrativet, og Jacobsen er nær Heinrich Himmler og SS i sin retorikk. Det er det «organiske livsprinsipp» mot ein «rotløs, mekanisert verden». Dette er den heilt sentrale grunntanken i SS sin ideologi, der synet på at den germanske rasen har ein naturgitt rett på livet, over og på kostnad av «dei andre». Dette er også fordi «rasen» er under trussel frå fleire hald. Jacobsen og Himmler har eg som skrive før mange like trekk, som tidlegare nemnt hadde dei direkte og nært kontant gjennom fleire år. Jacobsen hevdar at den semittiske og mekaniske verden vil oppløyse seg sjølv, med andre ord noko sjukt og korrumptert.

Perspektivet er som eg framheva i kapittel 1 at det jødiske representerer ein sjukdom som må kurera, og her dukkar det heroiske perspektivet igjen opp. Det er *Ragnarok* sitt sunne nordiske instinkt mot ein mekanisert og infisert trussel. Kjeldene for det sunne er som nemnt tidlegare både knytt til rase og faktorar utanfor individet. Her er det snakk om det primitivistiske perspektivet som prega den reaksjonære litteraturen. Som eg framheva i teorikapittelet er det fordi ein har underkasta seg naturen – og dermed også biologien. Vidare er «det unge folk» som blir framheva det tyske og japanske, to allierte. Det er viljen til å gå i døden for at folket og dermed kulturen skal leve: «den samme ånd [...] fyller de japanske flyvere som styrter sine sprengstoff-fyldte fly mot de fiendtlige slagskip og dør for at deres folk skal leve.»²¹¹ Jacobsen setter Japan og Tyskland sin kamp på lik høgde. Dei to allierte kjemper same kamp, og det er offerviljen og «samfundsånden» som binder dem saman. Her har det skjedd ei relativt stor endring sidan byrjinga av tidsskriftet. Her blir det japanske folk innlemma i narrativet omkring det «å redde verden». Dette er fordi Japan var alliert med Tyskland, og dermed også som ein konsekvens med *Ragnarok* sitt Nørrøne rike/Germanien. Det er interessant å merke seg at Jacobsen ganske enkelt kan omstille narrativet over på eit heilt nytt element. Korleis dette blir gjort, framhevar Jacobsen sjølv. Jacobsen fører oss igjen inn på det heroiske perspektivet til Zweig og Elgström som hevda at kunsten var mannleg og kyklopisk prega av drift og instinkt. Det sentrale i Jacobsen si oppfatning viser seg å vere at desse primitivistiske instinkta kjem frå kampvilje og vilja til å gå i døden for sitt folk, noko

²¹¹ Kjartan Kamban, «Det germanske Noreg», *Ragnarok*, Hefte 1 (uviss dato, truleg jan/feb.) 1942, 1.

han sjølv poengterer. Dette blir igjen knytt til rase og blod. Det japanske folk har ifølge Jacobsen same eigenskapar som det norske og tyske (germanske). Den japanske regjeringa var som kjent eit autoritativt nasjonalistisk militærstyre under krigen], og Jacobsen framhevar her kamikaze-pilotane i det japanske flyvåpenet. Det som gjer folket sterkt er ifølge Jacobsen vilja til sjølvofring. Det er verdt å merke seg at det her er berre snakk om menn. Kvinner er totalt utestengd i Jacobsen sitt narrativ om kamp og offervilje. Det er soldatar som blir framheva, og altså ein mannleg helt i *Ragnarok* sine auge. I analysen av programerklæringa og utdraget «Arisk visdom» frå 1935 viste eg at *Ragnarok* tok eigarskap over, og gav seg sjølv visse karaktertrekk. Desse viser seg å vere mannlege, heroiske og kyklopiske karakteristikkar, og Jacobsen knyter alt dette til Noreg sin skjebne:

Vi går sammen med det som har livets rett og ungdommens kraft i den germanske folkestamme – den rase hvis lagnad der er å bære lyset på menneskehettens vandring ut av mørket. Av dagens kamp og lidelse vil et enig Germanien stige frem. [...]
Forholdet til de gule skal nok engang bli ordnet.²¹²

Jacobsen brukar igjen Dostojevkij si skildring av det germanske folk. Det er den same replikken som ble trykka i programartikkelen i mars 1935, men med ei litt anna ordlyd. Jacobsen proklamerer at *Ragnarok* går saman med det som har livets rett. Som det igjen blir hevdta er det den germanske rase sin skjebne å bere lyset for heile menneskeheita. Igjen omskriv Jacobsen utdraget henta frå van den Bruck, og det som har blitt til Jacobsen si læresetning: «Der står ikke skrevet noesteds at et folk har en evig rett til liv». Jacobsen poengterer at det germanske fellesskap gjennom kamp og ånd skal oppnå dette, og framhevar det germanske blodsfellesskapet – *Blutgemeinschaft*. Det germanske blodet renner ifølge Jacobsen i det unge folk, som er «fylt av en glødende tro på sin misjon og sitt kall». Dette er sentralt i SS-ideologien, og Jacobsen er også her nærmere Himmler i sin retorikk. Terje Emberland skriv om Himmler sin SS-ideologi:

I Himmlers SS ble dermed alle de historiske beskrivelsene av det germanske folkets tapperhet normative eksempler [...] [Himmler] mente tilsynelatende at det nordiske blodet var bærer av en form for kollektiv hukommelse, som kunne gi tilgang til en eviggyldig rasespesifikk visdom.²¹³

Det kollektive rasespesifikke minnet (som både Himmler og Jacobsen snakkar om) omfattar noko førhistorisk. Livskrafta har og vil eksistere i evigheit i det folket som deler det same blodet. Blodet transenderar dermed tid, og Jacobsen skriv SS sin vitalistiske rasemystikk inn i

²¹² Kjartan Kamban, 2.

²¹³ Emberland, «Det gamle tømmerets germanske raseri», 141.

eit nordisk perspektiv. Jacobsen og *Ragnarok* transenderar Himmler og SS sitt germanske mellomalderperspektiv, samt at den ariske rasen hadde sitt utspring i Himalaya og enda opp i dei germanske områda. Eg vil hevde at *Ragnarok* i tillegg tek dominans over den nazistiske rasemystikken og skriv den inn i eit reint nordisk perspektiv. Det kollektive minnet har kanskje ulike endringar i Tyskland og Norge. Emberland sin tittel på artikkelen der han omtalar dette er «Det gamle tømmerets germanske raseri.»²¹⁴ Det gamle *germanske* tømmeret uttrykte altså eit raseri. Kanskje uttrykka det gamle *norrøne* tømmeret i tillegg raseriet over tapet over ei stordomstid. Dette blir knytt til kulturen og kunsten, rettare sagt litteraturen. I «Det germanske Noreg» brukar Jacobsen si eiga og *Ragnarok* si eiga oppfatning om ulike folkeslag for å sitt virke til å knyte saman bandet mellom den nordiske rasen og kulturen til det nasjonalsosialistisk livssynet, særleg med opphav i rase. Å spele på desse oppfatningane blir dermed eit retorisk verkemiddel for Jacobsen og *Ragnarok* for å skape eit grunnlag for samarbeidet med SS, samt forme nazismen over i eit reint nordisk perspektiv. Det var Himmler sjølv som framheva det nordiske, og særleg det norske, for å finne fram til det autentiske. Det autentiske for *Ragnarok* og Jacobsen er dermed det nordiske, og med Jacobsen sin hjelp blei ikkje berre litteraturen, men også tidsskriftet sin etablerte oppfatning om kva som kjenneteiknar «rasen», beviset på dette. I det organiske vitalistiske perspektivet blei dei litterære nordiske uttrykka brukt som kulturelt fundament for den nordiske rase og gullalderen som skulle kome. Dette innlegget illustrerer det retoriske perspektivet i Jacobsen og *Ragnarok* sitt mål. Kunsten og litteraturen spelar ikkje en like stor rolle i akkurat dette innlegget, men framhevar Jacobsen sine retoriske verkemiddel som visar seg å vere å spele på det heroiske, som offer- og kampvilje. Dette knyt han ikkje berre til det nordiske, men også det germanske og sine allierte i Japan. Oppfatninga omkring kva som kjenneteiknar den nordiske rasen har Jacobsen og *Ragnarok* heilt frå oppstarten i 1935 avdekka gjennom hovudsakeleg kunsten, og då særleg litteraturen. Det er snakk om ei form for propaganda der tidsskriftet kan oppfordre til kamp ved å vise til offer- og kampvilje hos sine allierte.

Sjølv om eg hevdar at litteraturen ikkje spelar ei like stor rolle i «Det germanske Noreg», blir offer- og kampviljen kommentert gjennom eit kort utdrag frå «Ja, vi elsker dette landet» av Bjørnstjerne Bjørnson, mellom tittelen og der artikkelen begynner. Jacobsen har sitert: «.. den saganatt som senker drømme på vår jord.» Songen auka i popularitet under okkupasjonen og blei eit symbol på fridomskamp, og NS og okkupasjonsmakta forsøkte å

²¹⁴ Emberland, «Det gamle tømmerets germanske raseri».

hindre at den blei brukt i offentlege samanhenger.²¹⁵ At utdrag frå songen blir trykka på trass av desse forsøka på sensur, er med å forsterke det norske perspektivet i eit germansk samband: Det som eg omtalar for «Det norrøne riket». Sjølv om Jacobsen hevdar at Noreg skal vere i ein slags union, poengterer han med «Ja, vi elsker dette landet» subtilt at landet skal ha ein grad av autonomi. Med tanke på sensuren, vil eg også hevde at det er for å være obsternasig mot NS og Quisling. Gjennom samarbeidet, garantiar og venskapet med Himmler og SS, er det ikkje vanskeleg å sjå for seg at Jacobsen her viser sin tyngde og autoritet. På denne måten kunne Jacobsen tale myndigkeitene tvert i mot.

Eit anna poeng med sensuren av «Ja, vi elsker dette landet» er at for mange i kretsen i *Ragnarok* skulle kunsten vere fri, sjølvsagt med visse unntak som t.d. «jødisk» og entartet kunst. Her poengterer Jacobsen dette og visar avskyen han har for NS som blei gitt regjeringsmakt, og i tillegg var med på å sensurere slike norske kunstuttrykk. Landet og folket var som eg framheva over det ypperste for *Ragnarok*. Dømet med dei tyske og japanske soldatane illustrerer dette. Desse folka var villige å gå i døden for landet og folket, og Jacobsen poengterer dette med at Quisling og NS ikkje var tøffe nok forhandlingar med okkupasjonsmakta til å i det minste stoppe sensuren av ein song. Jacobsen opnar faktisk eit offentleg innlegg med noko som var ulovleg, og brukar kunsten (den norske) i opposisjon til NS og Terboven. Å vise slik opposisjon var jo som kjent nok til å bli arrestert, og her bryt Jacobsen faktisk loven og brukar *Ragnarok* til å poengtere at det kanskje er feil folk som satt med makta. Eller i det minste at i *Ragnarok* sin framtidssutopi skal det eksistere eit Noreg eller eit norrønt rike der «sunn» norsk kunst ikkje bli sensurert. Jacobsen viser med dette kven som er tøffast og uredd i møte med okkupasjonsmakta. På ei anna side hadde Jacobsen og *Ragnarok* med venskapet til Himmler, SS og andre sentrale tyske skikkelsar garantiar og beskyttelse. Jacobsen brukar songen for å forsterke hans tru på Noreg som eit sjølvstendig land i det germanske samband. Alle landa i Germanien skulle vere autonomt, men med *Blutgemeinschaft* som fundament, og dermed styre saman. Utdraget blir som nemnt også brukt for å oppegge mot NS, og viser agitasjon. Dette fell saman med Himmler og sentrale skikkelsar i SS sin oppfatning av Jacobsen. Han var for fritalande og radikal for å bli tatt på alvor i NS, og dermed var det vanskeleg å gje han nokre maktposisjonar.²¹⁶ Dette illustrerer også at det må ha vore ein kamp i det tyske apparatet mellom SS og andre avdelingar i NSDAP om kva eller kven som skulle styre Noreg i det tredje riket dei forsøkte å lage.

²¹⁵ Store norske leksikon, s.v. «Ja, vi elsker dette landet», av Jon Gunnar Arntzen. 07.03.2022.

https://snl.no/Ja,_vi_elsker_dette_landet

²¹⁶ Emberland og Kott, *Himmlers Norge*, 102.

Vidare påpeiker Tjønneland at Bjørnson og Ibsen under okkupasjonen blei brukt av både Quisling og propagandaminister Lunde.²¹⁷ I tillegg opptrer både Bjørnson og Ibsen i Sveens nasjonalsosialistiske antologi. Vi kan dermed sjå at alle desse nazistiske aktørane knyt seg til Bjørnson og Ibsen som opphavspersonar og kulturelle uttrykk for det som utgjorde «det norske». Det at Quisling og NS både forsøkte å hindre og framheve bruken av Bjørnson, illustrerer både kor lett og innfløkt det var for dei norske nazistane å navigere i bruken av det kulturelle landskapet. I tillegg som det illustrerer at litteraturen og kulturelle uttrykk blei oppfatta for å ha stor påverknadskraft og innflyting, noko som særleg blir illustrert i neste del.

Imerslund som forbilde og martyr

Denne delen vil omtale spesialheftet som er via til Per Imerslund som døde den 7. desember 1943. Imerslund var ein sentral medlem av *Ragnarok* heilt frå byrjinga. Det har gått to og et halvt år sidan «Det Germanske Norge.» Noreg har på denne tida vore okkupert i ca. tre og et halvt år. Heftet er datert desember 1943, men blei utgitt på nyåret sidan siste artikkel er signert «Albert Wiesener, Nyttår 1944».²¹⁸ Heftet er på ca. 50 sider, og består av personlege helsingar og minneord til Per Imerslund. I tillegg kjem «Kringsjå» på 3 sider og eit utdrag frå Imerslund si bok «Das Land Noruega» frå 1936, samt eit av essaya hans. Elles består heftet av minneord frå medlem i *Ragnarok* sin indre kjerne. Dette er et dobbelthefte der 9 og 10 er slått saman. Hefte 7 og 8 er også datert desember 1943. Dermed er nok dette eit ekstranummer å rekne med tanke på Imerslund sin død. Imerslund var høgt akta i kretsen, og mange av dei såg nok på han som ein leiarskikkelse. Gjennom personlege tekstar framhevar heftet vesentlege sider ved den indre kjernen på individuelt nivå, samstundes tidsskriftet både årskiftet 43/44 og som heilskap. Imerslund hadde blitt såra i kamp på finsk/tysk side under Fortsettelseskriegen på Karelen i 1942. Såra i skuldra blei aldri heile og etter at beina blei brote opp att i eit uhell døde han av blodinfeksjon. Alle som bidreg i dette nummeret er skikkelsar som har vore med frå byrjinga: Jacobsen, Strand, Fyrst, Barth-Heyerdahl og Wiesener mfl.. Jacobsen og heile kretsen i *Ragnarok* beundra Per Imerslund. Emberland og Roughtvedt skriv at Imerslund sine trusfellar meinte at Pers visjonar «[...] var hentet fra en kilde utenfor ham selv, [...] Per hadde fått evnen til å «lytte til forfedrenes stemme i sitt blod.»»²¹⁹

²¹⁷ Tjønneland, «Åsmund Sveens antologi *Norsk ånd og vilje* og litteraturen i norsk nazisme», 100 – 104.

²¹⁸ Wiesener, Albert. «En pyroman», *Ragnarok*, Hefte 9/10, desember 1943, 275.

²¹⁹ Emberland og Roughtvedt, *Det ariske idol*, 16.

Dette er eit hefte via til Imerslund, men gøynt mellom linjene er det eit nummer som framhevar og stadfestar situasjonen i redaksjonen, ordlyden til tidsskriftet à la 1943/44, samt krigens gang som heilheit. I tillegg får vi eit innblikk i korleis *Ragnarok* utøvar sin nyheidenske religion i møte med død i nær relasjon. Det er særleg interessant å sjå korleis den kristne tradisjonen og dogma rundt dødsfall og gravferd blir tilpassa den polyteistiske nyheidismen. Redaktør er framleis Hans S. Jacobsen, i både dette og førre hefte.

Minneord til Per

Heftet byrjar med eit minneord frå redaksjonen utan signatur. Forteljaren omtalar seg som *vi*: «Vi var glad i ham som i vår egen bror.»²²⁰ Minneordet tek éin side og eit portrett av Imerslund er trykka på neste. Over minneordet står runeteiknet **λ**. Vidare i heftet kjem innlegga frå Imerslund sine kameratar.

Som nemnt har redaksjonen vald runeteiknet **λ** over minneordet, og runa finn stad gjennom fleire sider i heftet. Bruken av runer er påfallande gjennom heile *Ragnarok* sitt liv. Som nemnt var bruken av runer ikkje berre for å trekke og historiske band og eigedom over fortida, men også revitalisere den norrøne mytologien som religion. Her påpeiker tidsskriftet sitt nyheidenske perspektiv som var eit av hovudfokusa frå byringa. Elles er minneordet av allmenn karakter og er ei kort skildring av Imerslund sitt liv og virke. Perspektivet er det Imerslund har gjort for saken *Ragnarok* kjempar, og framhevar *kamp*. Minneordet framstiller Imerslund blant anna som karismatisk, brennande, modig og som ein askeladd i norsk politikk. Utanom dette avslører også minneordet det som vil komme, og oppfordrar til vidare kamp. Håpet om *Det norrøne riket* ligg framleis der framme. I ei historie om Imerslund som ung skriv redaksjonen seg vekk og projiserer sin eigen kamp saman med Imerslunds:

Som ung gutt heiste han opprørsfanen mot all ynkligheten og feigheten i sitt samfunn, brennende av begeistring etter å samle ungdommen mot det som skulde falle, om det som måtte komme – og som v i l komme, trass i all motstand fra mørkemenn og kompromissets fanebærere i alle land, i det gamle som i det nye.²²¹

Dette utdraget kan overførast til tidsskriftet som heilskap. Den unge guten er også kretsen rundt *Ragnarok* i 1935 då dei protesterte mot Quisling sitt NS, og sitt standpunkt som norske nasjonalsosialistar. «Ynkligheten og feigheten» er pasifismen og ettergjevinga, som dei meinte regjeringa utøvde på 1930-talet med blant anna *Grønlandsaka* og å ikkje ruste militærtilstrekkeleg opp. Imerslund var i mars 1935 22 år gammal og eit sentralt medlem i

²²⁰ *Ragnarok*, Heftet 9/10, desember 1943, 223.

²²¹ *Ragnarok*, Heftet 9/10, desember 1943, 223

den indre kretsen. Saman var *Ragnarok* ungdommen som skulle samlast mot det som skulle falle – undergangen, og det som skal kome etter. Vidare kan vi merke oss at det er mørkemenn og kompromissetts faneberarar i alle land som (forgjeves) hindrar ragnarok, og her er det tydeleg at forfattar(ane) projiserer eigne erfaringar i det Noreg som blei ein satellittstat under Terboven. Det er ikkje tvil at det er snakk om politikarar som ifølge *Ragnarok* har forsømt sine pliktar gjennom å bli påverka av den *jødiske konspirasjonen* og hindrar den germanske vekkinga. Det er dermed tydeleg at Jacobsen er hovudforfattar av minneordet. Ikkje er det berre han som er redaktør, men det litterære røper han. I teorikapittelet framheva eg Stefan Zweig og Anna Elgström si omtale av litteraturen i mellomkrigstida. Ifølge Zweig blir mennesket framstilt i kamp med maktene, og som eg nemnte var dei namnlause, staten, folket og massane, i tillegg til plikten, ansvaret, trua og vantrua. Elgström påpeikte også som nemnt at det primitive i litteraturen i sitt forenkla perspektiv var mannsprega og stoisk. Denne mannlege skikkelsen er i kamp med dei namnlause massane. Eg har også i førre del avslørt at denne karakteristikken visar seg seinare i Noreg enn lengre syd i Europa. Ideologiske forfattarar som blant anna van den Bruck fekk fotfeste hos kretsen og lesarar av *Ragnarok*, nesten 20 år etter utgjevinga – via Jacobsen, som eg har vist var sterkt prega av van den Brucks verk. Her blir Imerslund framheva som stoisk og kyklopisk, og som reiser seg opp og fram i kampen mot dei namnlause maktene i form av mørkemenn og kompromissetts faneberarar. Lengre nede står det:

vidunderlandet Noreg, som Per ved leirbålet diktet inn i indianerne. Noreg slik han meinte det burde være, men slik han aldri fant det. Det herlige land Noruega! Og hvilket fortellergeni, denne Askeladden i norsk politikk – øynene ble store og varme når han skildret sine ritt ved Stillehavet over millioner av krabber som i månelyset krøp opp over stranden, sin kjærighet til hester og naturlige, instinktive indianere, sine fengselsopphold i Portugal, krig og eventyr i Spania, kamper og opplevelser i Ukraina og Karelen.²²²

Her blir Imerslund skildra som ein eventyraar, reisar, soldat. Han blir framstilla som ein Peer Gynt-skikkelse, noko som både Jacobsen og Ola O. Furuseth samanliknar ham med i sine personlege minneord seinare i heftet.^{223, 224} Den kykloiske og stoiske karakteren er på eventyr og opplevingar i Ukraina og Spania, og Jacobsen skildrar ein roleg og ikkje-påverka Imerslund. I Ukraina kjempa han på tysk side i operasjon Barbarossa. Kampane og grufulheitene som på begge sider skjedde under Tyskland sin invasjon av Sovjetunionen blir

²²² *Ragnarok*, Hefte 9/10, desember 1943, 223

²²³ Hans S. Jacobsen, «Ved Per Imerslunds bålferd», *Ragnarok*, Hefte 9/10, desember 1943, 226.

²²⁴ Ola O. Furuseth, utan tittel, *Ragnarok*, hefte 9/10, desember 1943, 247.

allment rekna som blant dei verste i heile krigen – både sivilt og militært. At ein her teiknar eit bilde av ein som «er på opplevelser», visar både kor verkelegheitsfjern redaksjonen har framstill krigen, men også graden av redigering. Eg har tidlegare i omtala av det omsette innlegget til van den Bruck kommentert at redaksjonen ikkje er framand for å redigere og arrangere tekst for at det skal passe inn i eige bodskap. I realiteten hevdar Emberland og Roughtvedt at Imerslund var sterkt prega av erfaringane frå austfronten. Han blei innlagt med dysenteri på eit sjukehus i Wrocław (då Breslau). Vidare brukte han sine kontaktar for å blir overført til Finland, og var glad for å hamne der.²²⁵ Skildringane av en psykisk sliten og prega soldat innlagt på sjukehus med diaré, og som i tillegg flyktar frå fronten passar ikkje inn i eit nazistisk narrativ omkring ein sterk leiar og friske og sunne norrøne soldatar, som *Ragnarok* har postulert gjennom alle desse åra. Invasjonen og reinsinga av den slaviske populasjonen i Sovjetunionen skulle vere clouet i den ariske kampen, og her blir Imerslund i eit minneord brukt som eit ideal. Fleire av dei norske frontkjemparane i Waffen-SS ved austfronten var hyppige lesarar av *Ragnarok*, og var godt kjent med Imerslund gjennom å lese tidsskriftet. Dette er noko dei sjølv påpeiker gjennom innsendte brev frå fronten. I tre hefter i 1942 trykker tidsskriftet brev frå norske (inkludert Imerslund) og nokre danske frontkjemparar, både frå austfronten og Finland. I breva finn vi helsingar til kameratar andre stader ved fronten og heime (som også les *Ragnarok*), takk til redaksjonen for å ha sendt dei utgåver av *Ragnarok* til fronten, rapportar om humøret til soldatane og skryt om å ha drepe russarar (blant anna). Breva er skrivne både frå feltsjukehus og frå sjølve fronten – som t.d. bunkers eller skyttargrav.^{226, 227} I det Imerslund døyrr blir han fremja som martyr og helt i narrativet omkring *Det norrøne riket*. Der minnetalen peiker fram mot «det som vil komme», er også dette eit nik til frontkjemparane og andre som anno desember 1943 framleis er i kamp. Det er med andre ord framleis ei tru på *Ragnarok* framleis skal få gjennomslag. I skildringane av Imerslund møter vi ein stoisk, karismatisk og inspirerande skikkelse med pågangsmot og tru på planen og tanken. På ei anna side var verkelegheita som eg har vist ikkje heilt dette. Det var ein prega Imerslund som kom heim frå fronten i Ukraina. Om Jacobsen harhatt kjennskap til dette er uvisst, men her blir Imerslund i litteraturen brukt omgjort til ein mytisk skikkelse. I årsskiftet 1943 var fronten på veg tilbake. Både angrepet på Moskva og *Operasjon Barbarossa* hadde feila og blitt slått tilbake av Sovjetunionen, og på andre frontar hadde frigjeringa av Italia byrja i juli. Med andre ord er det nok nedgangstider tid både for

²²⁵ Emberland og Roughtvedt, «Det ariske idol», 390 – 391.

²²⁶ «Brev til Ragnarok fra fronten», *Ragnarok*, Hefte 2/3, 1942, 75 – 77.

²²⁷ «Brev til Ragnarok fra fronten» *Ragnarok*, Hefte 1, 1942, 30 – 31.

tidsskriftet, frontkjemparane og krigens gang for Tysklands del. Bolsjevismen hadde slått Nazismen tilbake, og her blir Imerslund sin død brukt som eit slør for lesarane. Dei mest ihuga lesarane var truleg ikkje støttespelar av Quisling og hans regjering, og med tanke på *Ragnarok* sin SS-orienterte nazisme, nok frykta større for tapet mot bolsjevismen samt dei allierte representert av Storbritannia og Amerika.

I nesten 9 år hadde *Ragnarok* fremja trua på den germanske og nordiske rase med sitt fokus på biologiske naturlovar. Den skulle overvinne og kurere «det sjuke» og innføre ei ny verdsordning. Slutten av minneordet fremjar framleis kamp, og det er trua på et ungt og kommande Noreg som er i fokus. Imerslund blir støypt inn i profetien som mønster på *Det norrøne riket*:

Det unge og lovende Noreg vil ikke gløyme ham. I sin lidenskapelige kamp mot alle opportunister, mot ethvert åk, har dette store og rastlause mennesket risset seg runer i våre sinn og i vårt folk, og stukket opp vegen vi vil gå. Kamp var hans liv, og vilje til kamp er hans arv til oss alle.²²⁸

«Det unge og lovende Noreg» har ikkje skjedd ennå og er eit mål lengre framme, framheva av «stukket opp veien vi vil gå». Dette er forteljinga om Imerslund som ein segnhelt i kamp med massane, og som i tillegg førar vegen å gå. Jacobsen avbildar ein ferdar som rissar runer og visar veg. Her kan vi igjen kjenne att momentet eg framheva i teorikapittelet der nazismen og fascismen framheva dei greske og romerske ideala i kunsten som dei fullkomne. Jacobsen gjendiktar Imerslund sine opplevingar, og Imerslund blir med Askeladd-similen nærmast gjort om til den kanskje mest velkjente eventyraren og reisande frå litteraturen – Odyssevs. *Ragnarok* blir til bålet der Imerslund sit seg ned og fortel om sine opplevingar på same måte som Odyssevs sit med faiakarane på Skjeria og fortel om sine. Imerslund det «store og rastlause mennesket» blir gjort til ein mytisk skikkelse i med trekk frå både den norrøne og greske mytologien. Dei «norrøne» trekka er den rastlause vikingen på tokt. Dette minneordet og dei som følger omtalar ein leiarskikkelse, eit sentralt element som mangla *Ragnarok* sin «teori». I massestrøymane si tid var idealet å underlegge seg livslovane, manifestert i ein ophøgd skikkelse: føraren. I Imerslund hadde kretsen i *Ragnarok* og *Det norrøne riket* ein førar. Han blir tillagt mytiske krefter, og nærmar seg ein norrøn halvgud. Dette er ein samanlikning som blir gjort i neste minneord: «Ved Per Imerslunds bålferd», av Hans S. Jacobsen.

²²⁸ Ragnarok, Hefte 9/10, desember 1943, 223.

Det norrøne idol

Dette er Hans S. Jacobsen sitt personlege minneord til Per Imerslund. Over tittelen «Ved Per Imerslunds bålferd» er det trykka eit brennande svastika, som er blitt brukt fleire gonger tidlegare. Teksta er på tre sider, og inneheld svulstige skildringar med hjelp av eit utdrag frå Imerslunds bok «Das Land Noruega», utdrag frå dikt av Bertel Gripenberg og Herybert Menzel, samt Nietzsche, Bjørnstjerne Bjørnson, ein romersk rhetor – antakeleg Cicero eller Tacitus, Hagalrunen, Håvamål og Halvdan Svartes saga. I tillegg til dette Balders død som blir omtala blant anna i Gylfaginning, Balders draumar og Voluspå. Jacobsen får med andre ord pressa inn mykje intertekst på eit tresiders minneord. Sjølve tittelen er henta frå måten Balder blei lagt på skipet sitt, som så blei satt fyr på.

Balder er som kjent ein av yndlingane i gudesegna, og æsene får etter hans død alt i verden til å gråte for å få Balder tilbake frå dødsriket. Her blir yndlingstempelet til Imerslund framheva, i tillegg til tradisjonen rundt gravferd i den norrøne mytologien. Ifølge segna blei Balder lagt på skipet sitt som deretter blei satt fyr på. Dette er ein velkjent trope for gravferd i den norrøne mellomalderen. Helten blir gjerne lagt på skipet sitt i full rustning, blant pynt og personlege eigedommar. Det presiserer også helte- og gudebildet sidan bålferd konnoterer noko høgtideleg, rojalt, gudommeleg og gjerne tildelt personar med høg rang. Balder var også som kjent usårleg, med unntak av misteltein.

Tidlegare framheva eg at Jacobsen fremja eit *absolutt ideal*. I sin omtale av den norske nazistiske litteraturen under okkupasjonen, poengterer Gudrun Lello *det ideale individ*. Ho påpeiker at idelet er «ung mann søker et sett livsverdier.», samt at dei forkastar det borgarlege liver sine normar.²²⁹ Lello fortset med å seie at livet etter det borgarlege mønsteret: utdanning, fast arbeid, sosiale posisjonar og økonomisk sikkerheit(med andre ord intellektualismens mønster) er eit inautentisk liv, som berre kan overvinnast gjennom naturopplevingar (og seksuell ekstase).²³⁰ Vidare hevdar ho at dei nasjonalsosialistiske forfattarane meiner det å leve hardt er sjølve meininga med livet. Dette blir knytt til krig og død, og ho hevdar at dødsfaren er «mannens katarsis.»²³¹ Denne omtalen er identisk med omtala av Imerslund, ikkje berre i dette minneordet, men også dei andre. Imerslund blir til den ideale mann. Dette samsvarar også med synet på litteraturen i mellomkrigstida som Elgström og Zweig presiserte i sin omtale. Sjølv om denne omtalen gjeld litteraturen etter den første verdskriga, samt at den for det meste gjeld litteraturen midt i Europa, treff den i det

²²⁹ Lello, «Den nasjonalsosialistiske litteraturen under okkupasjonen», 112 – 113.

²³⁰ Lello, «Den nasjonalsosialistiske litteraturen under okkupasjonen», 111

²³¹ Lello, 111

breie lag litteratursynet og kritikk av litteraturen i *Ragnarok* – spesielt Jacobsen og den indre kjerne. Dette har med at omtale, utgjeving, og trykk av litteratur frå det konservative og ytre høgre fann stad i Noreg via *Ragnarok* 15-20 år etter t.d. van den Bruck eller Spengler var aktiv. Spengler og hans *Der Untergang des Abendlandes* blir t.d. referert til heilt fram til mars 1945.²³² Som eg også viste i «Det germanske Noreg» utmerker Jacobsen dei japanske kamikazepilotane, som han dermed ser på som det absolutte ideal. Dette følger linjene til Gudrun Lello sin omtale av *det ideale individ*.

Jacobsen sitt absolutte ideal er dermed Imerslund. Dette legg Jacobsen i måten han samanliknar Imerslund med krigargudane frå segna om Balder. Lello skriv også at den ideale mannen var totalt fri for emosjonelle band, noko som gjer han i stand til å gå i krigen: «Mannen kan ikke oppleve friheten dersom andre mennesker gjør krav på hans omsorg og lojalitet. Slike forbindelser vil hindre ham i å gå i nærkamp med dødsopplevelsene.»²³³ Her slutter parallellet mellom Lello sin omtale av okkupasjonslitteraturen og *Ragnarok*. Tidsskriftet sitt syn på det primitivistiske følger den reaksjonære tanken. Samla sett er det underkastinga til naturen og det kategoriske den representerer som er idealet. Mannen som har underkasta seg dette er ikkje berre ein valdsmann som går i krigen, men også med komplekse emosjonelle band. Dei er hefta til slekta, landet, nasjonen, kameratar og plikten knytt til desse. Banda blir dermed også kategoriske, og dermed blir også det emosjonelle bandet både omsorg og lojalitet – til sine «eigne». Det finst ikkje eit emosjonelt band som omsorg eller lojalitet mot t.d. jøden, utanom hat og sjalusi.

Kanskje har synet på litteraturen i mellomkrigstidas Europa nådd Noreg litt seint og gjennom nisjen som *Ragnarok* representerer. At det kom seint, blanda med den norrøne mytologien førte til at den nasjonalsosialistiske litteraturens ideale individ, slik Lello karakteriserer det, her har blitt til ein mann med kjensler til det som ikkje er knytt til krig, død og vald, men også slekt, land, nasjon og plikten knytt til dette. I mytologien omkring Balder er sorga over hans død sentral, men også korleis tolkinga av segna i moderne tid blir til at (gude)krigarane i mellomalderen var omsorgsfulle fedrar, husbondar, ektemenn og politikarar. Dette synet kjem fram i minneordet til Imerslund, men også synet på menn generelt i *Ragnarok*. I måten dødsfallet til Imerslund blir mottatt i tidsskriftet kan vi sjå korleis det litterære og kulturelle blir ein del av det ideologiske materialet. Det handlar om korleis Imerslund blir dradd inn i *Ragnarok* sin mytologisering. Måten han blir mytologisert

²³² Gunnar Furuseth, «Der Untergang des Abendlandes?», *Ragnarok*, 11. årgang, Hefte 1/2, mars 1945, 50.

²³³ Lello, «Den nasjonalsosialistiske litteraturen under okkupasjonen», 112

følger funna til Andersen om idealet som prega norsk nazistisk litteratur. Dette er då særleg *heltekåd* og *den norrøne arven*. Heltedådane til Imerslund er veldig uttalte i dette heftet, med bland anna tanke på tokta hans som soldat. *Den norrøne arven* er knytt til at Imerslund blir løfta opp på høgde med skikkelsar frå den norrøne mytologien, og då særleg Balder. Med problemstillinga i mente kuliminerar nesten 9 år med ideologi, verdi- og litteratursyn i dette nummeret.

Kapittel 3 - Ragnarok mot slutten

Ragnarok si klagesong

Dei to siste hefta i *Ragnaroks* historie er slått saman til to dobbeltnumre: 1/2 og 3/4. Hefte 1/2 er datert mars 1945 og 3/4 april 1945. Hefte 1/2 er på 64 sider inkludert omslag og 3/4 på 60 sider inkludert omslag. Hefte 1/2 sluttar med side 60 og hefte 3/4 begynnar med side 61. Dette peiker på at hefta blei gitt ut omtrent samtidig. Frigjeringa av Finnmark hadde begynt i oktober 1944, og Tyskland kapitulerte som kjent natt til 8. mai 1945. Hefta kom ut i sluttfasen av okkupasjonsmånadene, og er prega av dette. Den raude tråden i hefta er vanskeleg å få fatt i, noko som sannsynlegvis har grunnlag i mangel på tid og preg av uvissheit. Redaktør er Jacobsen og dei faste bidragsytarane har framleis spalteplass, medan det finst fleire debutantar. Eg skal gjennomgå begge hefta, og derfor kjem eg til å hoppe litt i kronologien. Med tanke på oppgåva sitt omfang er dette eit kortare kapittel. I *Ragnarok si klagesong* forsvinn litt det som til nå har vore et stort fokus på det litterære. Det litterære har framleis plass, men faller lengre ned over prioriteringar. Når det er sagt skriv Tor Strand ein artikkel om den danske forfattaren Johannes Vilhelm Jensen som vant Nobelprisen i litteratur i 1944. Strand var av tidsskriftets indre krets. Som ein konsekvens av å vise til bøker som blei gitt ut på Kamban Forlag, gjer tidsskriftet seg sjølv moglegheit til å endre kurs. Dette blir også illustrert av innlegg som polemiserer det problematiske forholdet til NS og Tyskland etter 5 år med krig og okkupasjon. Litteraturen får dermed eit anna fokus og blir framstillinga av den er for å problematisere og drøfte tidsskriftet sine eigne val gjennom dei ti åra med utgjevingar.

Sluttens radikale motsetningar

Dei to siste hefta er eit forsøk på å ikkje køyre seg fast. Dei er prega av radikale motsetningar form av dikotomi: fortid og framtid, krig og fred, kvinne og mann. Det er krigens ytterpunkt,

og mellomkrigstidas polemikk kokt ned til ca. 120 sider. Motsetningane opptrer trykka ved sidan av kvarandre: stemmer som framhevar ordveksling for å løyse problem, trykka rett etter stemmer som talar for «å ta opp igjen de middelalderske korstogene mot aust.»²³⁴ Sjølvsagt er dette element som pregar tidsskriftet som heilskap, men i desse to hefta er det meir kompakt. Hefta er eit oppkok av 10 års meiningsutveksling: for eller mot NS, forholdet til dei andre stormaktene, kva som utgjer rase og blodet, narrativet omkring mellomalderen, religion, fiendebilde, rase mot rase, nasjon mot nasjon, kultur mot kultur, konflikt mot forsoning og ikkje minst kva som ligg på andre sidan av ragnarok. Redaksjonen skulle skape eit nytt narrativ og ei ny framtid i møte med det varsla skisma. For å oppnå dette måtte *Ragnarok* legge seg over på ei ny linje. Samanlikna med dei førre 10 åra er hefta er radikale på fleire måtar. Det første er at Jacobsen har gitt spalteplass til Sigrid Børdsalen. Mangelen av representasjon av kvinner er påfallande gjennom alle dei 10 åra. Dette er det fleire grunnar til, og den største er misogynien som gjennomsyrar tidsskriftet og nazismen generelt. Der kvenna er nemnt er det oftast i eit befolkningsperspektiv: ho var utelukkande til for å føde barn. I *Ragnarok* sine augne var kvenna grunn til samfunnets forfall og degenerering viss ho ikkje fødde barn. Kvinnehatet er gjennomgåande gjennom heile *Ragnaroks* liv, men er uttrykkeleg framstilt i det aller siste heftet i ein artikkel med overskrift: «Hva er nasjonal sosialismen?» Skribenten Hans Birger Johannesen skriv at nazismen i Noreg ville hatt utvikla seg naturleg, men at landet blei okkupert og dermed stansa utviklinga opp. Om den generelle hovudgrunnen til samfunnets undergang skriv han:

Det betyr at de mange kvinnene som ikke har fått lov til å bli mødre etter hvert blir mer og mer nervøse, og gir seg til å begå dumme ting, som f.eks. å ville avruste Noreg, importere jøder etc. Hele samfunnet blir sykt av denslags.²³⁵

Med tanke på eit så uttalt kvinnehat er det ikkje rart at kvenna blei utestengd. Kor mange kvinner som sendte inn er uvisst, men med ein lesarskare beståande av menn er det ikkje underleg at redaksjonen ikkje gav spalteplass til ei kvenne - ho skulle uansett vere opptatt heime og med barn. Som Johannesen skriv blir kvenna på same måte som jødar kopla til det sjuke, og degenererte. I desse to hefta blir som nemnt Sigrun Børdsalen trykka. Ho skriv to artiklar. Den første er ei kort utgreiing om NS og Hitlers forhold til kristendommen. Den andre er ei lengre analyse av *Voluspå* der ho drøfter den kristne påverknaden i guddediktet. Dette er radikale tema med tanke på *Ragnaroks* profil, ikkje minst kjem drøftinga frå ei kvenne. I drøftinga fremjar ho vitskapleg forsking på den norrøne litteraturen, og kritiserer dei

²³⁴ T. Aamlund, «Eurasia – Et framtidsperspektiv», *Ragnarok*, Hefte 1/2, mars 1945, 30.

²³⁵ Hans Birger Johannesen, «Hva er nasjonal sosialismen?», *Ragnarok*, Hefte 3/4, april 1945, 110.

som «norrønifiserer» dei allereie etablerte kristne dogma. Eg har i delen som omtalar Per Imerslunds død illustrert at i møte med dødsfall trer *Ragnarok* skildringane frå den norrøne mytologien over dei etablerte kristne skikkane. Dei framhevar t.d. bålferd, utan å heilt vite kva som faktisk var skikkane i mellomalderen. I skildringa om Balders død blir han kremert. Derimot veit vi at høvdingar og kongar ofte blei gravlagt i jorda med personlege eigedommar. *Ragnarok* har fostra eit narrativ om at det autentiske, altså instinktet og rasen, kjem frå naturen og at dette stammar frå mellomalderen. Det autentiske ligg i fortida, og var dermed ubesudla utan påveknad. Børndalen kritiserer dette og trekk fram religionen som eit døme:

Våre fedres tro som vi har bevart den i Eddadikningen, er en slik religion [en mellomtype mellom det opprinnelige og det fremmede], som tydelig nok har vært under fremmed innvirkning. Den har tatt imot sterke innslag fra den kristne samtid i Europa. No har det aktuell interesse å behandle forholdet mellom den naturlige nordiske religion og de fremmede ideene, fordi det i den seinere tid har vist seg tendenser til å overvurdere Eddadikningen, særlig Voluspå.

[...] Det ville være å ønske om denne lille sammenstillingen kunde gi dem som «tror» på Voluspå noe å tenke på. En kan ikke komme fram til en verdig nordisk religion ved å bytte ut én utforming av mytene med en annen, og overføre den gamle, orientalske pregede trosinnstillingen på den. [...] Det er enda mindre skilnad mellom mannen som tolker framtiden ut fra Voluspå og han som finner den i Johannes Åpenbaring, enn det er mellom de myter som disse verkene er bygger opp over.

Ein tenkt analyse som hadde passa *Ragnarok* i større grad ville nok ha dratt linjene til kristendommen inn i det ariske opphavet og dermed inn i det germanske og nordiske. Her skriv Børndalen at det er det nordiske som er påverka. Dette illustrerer også eit skisma. *Ragnarok* brukte 10 år på å lage narrativet om at det germanske og nordiske var det autentiske og originale. Skiljet ligg i at den varsla slutten var nær. *Ragnarok* måtte dermed peile seg over på eit nytt narrativ og ein ny veg. Denne artikkelen er dermed også eit forsøk frå redaksjonen si side å skape debatt omkring kva tidsskriftet skulle vere etter at Tyskland tapte krigen. Som nemnt brukte *Ragnarok* 10 år på å legge seg tett opp til sine Tyske trusellar, men nå handla det om å skape noko nytt igjen med fokus på det norske. Børndalen drøfter her at viss ein skulle finne fram til ein norsk religion, så måtte trussamfunnet finne fram til dei verdiane og lovsettet som faktisk skulle vere gjeldande saman, og at det ikkje nødvendigvis var viktig at alt skulle vere så autentisk som mogleg. Børndalen framhevar også at tolkinga av og narrativet omkring det norrøne, rasen og kulturen ikkje er objektivt. Dette illustrerer også at redaksjonen her legg opp til eit meir nyansert syn på seg sjølv. I tillegg nærmar Børndalen seg ei metafysisk tolking som spør kva som eigentleg er den norrøne

religionen sitt opphavelege grunnlag. Børndalen sin artikkel blir satt opp mot dei ti førre åra radikal og hardslåande, i tillegg til at ho er kvinne.

Som eg tok opp i kapittel 1 skriv Lello at i den reaksjonære litteraturen under krigen skapte det angst hos mennene viss kvinnene viste sjølvstende. For Johannesen førte dette sjølvstende til at nazismen i Noreg stoppa opp, samt at samfunnet i eit nazistisk perspektiv gjekk til grunne. Børndalen gjer akkurat det som Johannesen åtvarar mot i sin utgreiing om kva nazismen er, og innlegga hennar omtalar ikkje barn med eitt ord. Artikkelen der ho analyserer og drøftar Voluspå er særslig hardslåande og nyansert. Det er med andre ord ein spaltist med ei meir radikal hand sett i eit *ragnaroksk* perspektiv. Med tanke på det massive kvinnehatet gjennom dei ti åra vil eg hevde at det redaksjonelle arbeidet går meir i oppløysing i tråd med at ein følar på at slutten nærmar seg. Det er i alle fall ein forklaring på kvifor Børndalen her får spalteplass til å kritisere deler av *Ragnarok* sitt litterære program. Derimot er det også ein måte for redaksjonen å legge seg over på ei meir moderat linje, spesielt med tanke på det tette samarbeidet mellom Jacobsen og Himmler. Krigens slutt nærma seg og det gjaldt nå å fjerne seg frå okkupasjonsmakta og skape eit friskt narrativ. At Jacobsen valde å trykke Børndalen illustrerer dei radikale motsetningane som prega slutten av tidsskriftet. Børndalen og Johannesen sine artiklar er ein månad frå kvarandre, og representerer desse motsetningane i bladet. På den eine sida har vi lestarar som framleis sender inn artiklar av den meir «gamle» typen. På den andre sida er redaksjonen som vel å trykke Børndalen på den andre som eit spett for å gjennomføre endring eller skape ein ny veg. Motsetningar i tidsskriftet finst sjølv sagt gjennom alle dei 10 åra, og det finst fleire artiklar som polemiserer kvarandre. Her er det på ei anna side meir uttalt med tanke på vissheita om at Tyskland held på å tape krigen, som igjen førte til at tidsskriftet trong eit fornøy uttrykk.

Sjølvkritikk?

Den første store motsetnaden har samanheng med den neste. Meiningskilnadane og den bitre kampen med NS i tidsskriftet gjennom dei 10 åra blir illustrert av Leif B. Skander. Skander er sjølverklært leser av tidsskriftet, og blir her gitt spalteplass for å problematisere forholdet til NS. Skander har ikkje før blitt publisert. Artikkelen har tittel «Det åndelige nivå», og er på 2.5 sider. Aartikkelen opnar med: En skal ikke kunne si at «Ragnarok» er ensrettet.²³⁶ Videre skriv Skander: «Kritikk er sunt, uten den kommer uvegerlig forfallet og utglidningen før eller seinere. Tidligere var det «Ragnarok» som refset forfallet i folket vårt, [...] men no

²³⁶ Leif B. Skander, «Det åndelige nivå», *Ragnarok*, Hefte 1/2, mars 1945, 32.

må den snart igjen ut og rope i ørkenen.»²³⁷ Saman med opninga, avslørar *Ragnarok* seg sjølv gjennom Skander i denne artikkelen. Konsekvensen av dette er dermed å kunne gje rom for at tidsskriftet polemiserer seg sjølv. Skander drøfter vidare dei tysk-orienterte utrykka til NS sine uniformer, og verknaden av propaganda. Mot slutten kjem Skander inn på kritikk av ikkje berre NS sitt program, men også som ein konsekvens av korleis *Ragnarok* har drive med *nazifisering* av norske kultur- og kunstuttrykk:

Det er klart at et hvert land har sin egenart og den må bevares. Men den bevares ikke ved en import av utpregede tyske former direkte omplantet i norsk jord, selv om bakgrunnen blir utsmykket med vikingeskip, stavkirker og bunader.

Denne bakgrunn blir forresten i det lange løp litt ensformig, vi har jo også andre frambringelser innen den norske kulturen.

Heller ikke nytter det å skru utviklingen tilbake. Vi skriver ikke lenger 945, men 1945. Det er det visst enkelte som har glemt.

Krigen må vinnes utad og innad. Skal ideen seire også i folket, må den ha et åndelig innhold og innebære noe en ser fram og opp til. Den ytre utforming må også svare til tiden og folket og ikke være en naiv og tom kopiering av andre folks systemer.

Noreg for n o r d m e n n.²³⁸

Ironien er ikkje til å sjå vekk ifrå. Eg har fleire gonger framheva at *Ragnarok* sitt teorigrunnlag, bruk av mellomalderen, syn på soldat og krig er direkte omsettingar og bruk av tyske skikkelsar og tekster frå 1920-talet og oppover. På den måten låg heile tidsskriftets eksistens på ein «norskifisert» SS-ideologi gjennom direkte kontakt med Himmler og organisasjonen. *Ragnarok* skulle skape ein *norsk nazisme*, men låg framleis ikkje skjul på sine tyske forbilda og ideal. Dette innlegget er meint som kritikk av NS, men treff også *Ragnarok*. Artikkelen er trykka midt i heftet, ved første augekast kan den sjåast på som ein artikkel på side med redaksjonelle føringar på grunn av opningssetninga. Kritikken og ordlyden gjer at artikkelen heller kan bli sett på som eit lesarinnlegg. Skander peiker utan tvil på NS i sin kritikk, men treff uforskyld heile *Ragnarok* sitt program. Eg vil hevde at Skander avslører at *Ragnarok* har hatt eit for stort fokus på det *tyske* i det pangermanske riket – det som Jacobsen kallar for Germanien. Noko som sjølvsagt var eit dilemma med tanke på okkupasjonen. Etter okkupasjonen viste dette seg å vere eit stort problem, uansett om okkupanten er din trusfelle: trusellar invaderer ikkje kvarandre. Kritikken til Skander gjer at *Ragnarok* derimot kunne fjerne seg frå okkupanten.

Det er ikkje berre konflikten med NS og okkupasjonsmakta som blir illustrert, men

²³⁷ Leif B. Skander, 30.

²³⁸ Leif B. Skander, 32.

også synet på framtida. *Ragnarok* har gjennom dei 10 åra laga eit narrativ med fokus på segna og kongane frå mellomalderen. Det har fremja den nyheidenske religionen, skapt eit fiendebilde, samt lagt det teoretiske grunnlaget med tanke på kulturell, økonomisk, politisk og sosial styreform. Kort sagt skulle *Ragnarok* vere løysinga på det problemet tidsskriftet sjølv framstiller. Skander kritiserer NS for å kopiere heile det tyske uttrykket, og framhevar behovet for eit *norsk* uttrykk – noko som var viktig med tanke på at Tyskland var på veg til å tape krigen. Saman med Børddalen sitt innlegg som drøfta den norrøne religionens opphav oppstår det ein samtal omkring vegen vidare. Dette gjeld også det ideologiske grunnlaget. Nå som Tyskland heldt på å tape krigen, korleis skulle ein stille seg til at det ein i 10 år har framheva som det ypparste går til grunne? *Ragnarok* brukte 10 år på å konstatere at rasen over alle raser skal vinne gjennom pågangsmot, kamp og offervilje – alt med grunnlag i uforanderlege naturlovar, samt at framtida ligg i dette. Børddalen og Skander illustrerer kanskje at tidsskriftet fjernar seg frå det tyske prosjektet, men samstundes at det framleis kjemper for å finne fram til «det sunne i folket». Okkupasjonsmakta sitt samarbeid med NS har vore vanskeleg for lesarane og personane bak *Ragnarok*, samt at okkupasjonsmakta. var den same nasjonen dei framheva I oppgjerstimen gjaldt det som nemnt å fjerne seg frå Tyskland og NS med tanke på represaliar.

Eit skifte i narrativet

I hefte 1/2 - mars 1945 trykker redaksjonen eit utdrag frå *Opprøret mot kulturen* (The Revolt Against Civilisation: The Menace of the Under Man) av Lothrop Stoddard. Boka kom først ut i 1922, og blei omsett til norsk ved Kamban forlag i 1944. NSDAP approprierte *Untermensch* frå termen *Under Man* som Stoddard introduserte i boka. I boka drøfter og fremjar Stoddard eugenikken samt skilnadene mellom rasane og klassane, han åtvarar mot bolsjevismen og promoterer tvangssterilisering som ei løysing på «å reinse rasen».

Samstundes som redaksjonen forsøker å finne fram til ein ny veg, har dei framleis ideologien i botn: djupt rasistisk og med fokus på eugenikk. Det er framleis tankane frå 1920-talet som gjer seg gjeldande. Der det ideologiske grunnlaget låg i SS og tyske skikkelsar som van den Bruck, opptrer den amerikanske forfattaren Lothrop Stoddard i heftet får mars. I 1944 gir Kamban Forlag ut boka *The Revolt Against Civilization: The Menace of the Under Man* (1922) av Lothrop Stoddard, og her trykker redaksjonen eit utdrag frå boka. På norsk fekk den tittel *Opprøret mot kulturen* og blei omsett av Per Schulstad som var kollega til Jacobsen. (Schulstad omsette også *Slik talte Zarathustra* av Friedrich Nietzsche på Kamban Forlag i 1944.) Stoddard blir dermed løfta fram på nytt i dette heftet og utdraget er med på

stake ut den nye retninga. Utdraget blei henta frå kapittelet «Det nye aristokrati» og har i heftet fått tittel «En krise i verdens historie». Det opnar med:

Vår tid er en vanskelig overgangstid. Etter alle solemerker å dømme befinner vi oss i en av disse betydningsfulle kriser i verdens historie da menneskeslekten er på veg fra en avgrenset epoke av vidt forskjellig karakter.

Overgang betyr kamp. Og dette gjelder i høyeste grad nutiden. Når en fjern framtidens historikere skal til å gjøre opp vår tids regnskap, vil de kanskje komme til den slutning at verdenskrigen bare var et symptom – en episode i en langt mer veldig kamp mellom idéer og elementære krefter som begynte lenge før krigen og varte lenge etter den var forbi.²³⁹

Det er ikkje tilfeldig at redaksjonen valde å begynne med «vår tid er en vanskelig overgangstid». Dei brukar Stoddard til å referere til at krigens slutt nærmar seg, og at det på ny er ein ny krise i verden: undergang. Sjølvsagt snakkar Stoddard om den første verdskrigen, men her blir det brukt om krigen verda er på veg ut av nå. Utdraget sluttar med at overgangen til den neste epoken kjem til å krevje kamp, og *Ragnarok* viser sine leserar at det er med på endringa. Tidsskriftet har ifølge seg sjølv historia på si side, og viss det ikkje klarte å finne fram til det sunne i folket saman med sine tyske trusellar kjem det til å finne fram på andre måtar. Stoddard seier at verdskrigen var eit symptom på ein kamp mellom idéar og elementære krefter både før og etter den skal ta slutt. Dei elementære kreftene er naturkreftene som hos menneska gjer seg utslag i biologien og dermed rase. *Ragnarok* viser at dei framleis har biologien på sin side og at det er den nordiske rase som framleis står øvst i hierarkiet. Det at *Ragnarok* trykker Stoddard er også for å ta avstand frå Tyskland. På denne måten kunne det subtilt vise band til amerikanarane som saman med dei allierte var med på å vinne krigen og frigjere Europa. I 1945 var USA framleis segregert etter hudfarge, og ved å tilnærma seg det amerikanske kunne *Ragnarok* framleis fremje sitt syn på blod og rase. På denne måten kunne Jacobsen og *Ragnarok* opne opp for ei linje som låg seg på det segregerte USA. Tidsskriftet hadde sidan oppstarten peika ut USA som ein stor del av krisen i verden. Dette har fleire grunnar, men dei to største var det enorme talet på jødiske som hadde emigrert til USA frå midten av 1800-talet og utover, samt landets liberalistiske politiske retning. Det som derimot *Ragnarok* kunne identifisere seg med var segregasjonslovane, og i tillegg fremjinga av eugenikken og tvangssteriliseringa som var utbreidd praksis i landet. Dei to siste var sjølvsagt også gjeldande i mange land frå slutten av 1800-talet og fram til etter andre verdskrig, i tillegg Noreg.

²³⁹ Lothrop Stoddard, «En krise i verdens historie», *Ragnarok*, Hefte 1/2, mars 1945. 45.

Ragnarok og årets Nobelpisvinnar i litteratur 1944

Sjølv om *Ragnarok* legg om til ein ny kurs og produksjonen er prega av uvissheit, finn vi framleis artiklar av den gamle sorten. Medlemmen av den indre kjernen Tor Strand får trykka ein artikkel i hefte 3/4 frå april der han omtalar Johannes V. Jensen (1873-1950) som blei tildelt Nobelpisen i litteratur i 1944. I omtala på fire og en halv side skriv Strand om Jensen sitt forfattarskap, liv og dikting, samt analyserer utdrag. Artikkelen er ei hyllest til Jensen og hans forfattarskap, men også ei lesing av den. Strand sin lesing av Jensen illustrerer fleire element i litteratursyntet som pregar *Ragnarok*. Det er framleis synet på dei naturgitte og biologiske kjernelementa i den nazistiske lesinga som rådar, og eit sterkt fokus på det reine og autentiske som blir kopla til det nordiske.

Dei betydelege motsetnadane som pregar dei to aller siste hefta blir utrykka i ein passasje der Strand skriv om korleis Jensen løftar opp og omtalar kvinner. Strand derimot tvingar lesinga over i eit fruktbarheitsperspektiv der kvinner blir knytt til menneskerasens overleving:

Men vi må nettopp gi oss hen til det skjønne, til det malende i diktningen, til de lange toner av ømhet og kraft og underfundighet. Og her møter vi kvinnen, ren, lys og nordisk skrider hun hen over mennenes kamp, hun er og bærer livet med sine spede lemmer, hun er sjel, hun rommer den fine gåte som mennene i hvilelaus søker etter, går forbi, men vender tilbake til.²⁴⁰

Strand setter kvenna i eit meir positivt lys enn det Johannesen gjer i «Hva er nasjonalsosialismen?», men framleis er hovudfokus fruktbarheit, og ho eksisterer berre i forhold til mannen. Ifølge Strand er kvenna i Jensen si dikting rein, lys, og nordisk. Ein rein og lys skikkelse konnoterer til engleaktig, og ho skrider over mennene sin kamp. Jensen si kvenne får karakteristikk som «nordisk». Som vi har sett blir det nordiske brukt som det gjævaste i tidsskriftet. Denne kvenna er heilt ulik Johannesen sine karakteristikkar av kvenna som. Ho får mystiske og positive karakteristikkane. Kvenna som Johannesen framstiller har ikkje desse karakteristikkane, og ho blir framstilla som samfunnets undergang. Her framstiller Strand kvennene i Jensen si dikting som samfunnets frelse og framgang. Ho «er» og bærer sjølve livet, og her er det fruktbarheits- og barselsperspektivet dukkar opp. Som vi ser blir kvenna gjort til eit middel for å føre menneskerasen fram og føde fleire soldatar. Den nordiske kvenna er den som førar menneskerasen vidare. Strand følger dermed den nazistiske framstillinga av kvenna. Lello sin karakteristikk av litteraturen under okkupasjonen treff

²⁴⁰ Tor Strand, «Johannes V. Jensen», *Ragnarok*, Hefte 3/4, april 1945, 95.

Strand sine ideal. Lello skriv at det viktigaste er at kvenna gjer si plikt i heimen, og lindre mannen sine samfunnsskapte påkjenningar.²⁴¹ Viss vi ser vidare på Strand si lesing av Jensen:

[Mannen] ender på slagmarkene, i fengslene, på havet, i forferdelig, ødeleggende erkjennelse av sin egen avmakt innfor livets høgeste ting, tvinges alltid tilbake til kvinnen som det store opphav, som livets umistelige nøkkel.²⁴²

Her er mannen sine påkjenningar lindra av at han alltid vender tilbake til kvenna. Strand skriv at i Jensen si dikting blir mannen tvungen tilbake til kvenna som innehar livets nøkkel og dermed frelsa. Strand følger altså dei nazistiske verdiane si litteraturen. Det er snakk om Strand sin lesing av Jensen, og verdisynet hans følger den nazistiske lesinga av litteraturen. Denne lesinga stillar seg dermed inn i rekka av den «gamle» sorten i *Ragnarok*, og står kontrast til Børddalen si lesing av Voluspå. Lello skriv i same avsnitt at: «Kvinnene må for all del ikke konkurrere med mennene på deres eget område. Da går det galt, for mennene.»²⁴³ Lello skriv om kvinnene som blir framstilla i litteraturen under okkupasjonen, men framhevar framleis verdisynet som rådar i den reaksjonære lesinga. Verdinormene speglar både litteraturen og resepsjonen av den. Strand representerer det reaksjonære synet på kvenna gjennom *Ragnarok* sine ti år. Norma er dermed at kvenna ikkje skal delta i denne arenaen som tidsskriftet representerer, men skal heller akkommadere for mennene og barna rundt seg. Med dette ekstreme kvinnehatet som fundament for tidsskriftets eksistens, blir kontrasten til at Børddalen får publisert ein analyse av norrøn litteratur ikkje anna enn eit mirakel. Om det er eit bevisst redaksjonsval for å legge om til ei meir moderat linje, eller om det heller er uvissheita og kaoset rundt krigen som gjekk mot slutten er vanskeleg å seie. Gjennom Strand si lesing oppstår det eit motstridande verdisyn. For Strand og *Ragnarok* er kvenna først og fremst mor og skal føre menneskerasen vidare. Som vi ser i Lello sin karakteristikk skal ikkje kvinner opptre i den same sfæren som menn, då vil det gå direkte negativt ut over mannen. Kvinner som ikkje følger morsinstinktet blir for Johannesen rett og slett farlege og utfordrar den sfæren han meiner menn har ein naturgitt rett til. Medan Strand viser gjennom sin lesing av Jensen kor storstått det er når kvenna blir framstilt som omsorgsperson. Begge desse står i kontrast til Børddalen si analyse av Voluspå.

Vidare framhevar Strand bonden og naturmennesket i Jensen: «[...] han [Jensen] har puls, nerve, alt det som gjør livet rart og spennende. Han er bonde i sine røtter, men

²⁴¹ Lello, «Den nasjonalsosialistiske litteraturen under okkupasjonen», 109 – 110.

²⁴² Tor Strand, «Johannes V. Jensen», *Ragnarok*, Hefte 3/4, april 1945, 95.

²⁴³ Lello, «Den nasjonalsosialistiske litteraturen under okkupasjonen», 110.

utadvendt, inntrykks-øm, en vandrer og jordomseiler.»²⁴⁴ Nedanfor påpeiker Strand at Jensen kjem frå ei bondeslekt.²⁴⁵ Dette er i tråd med det litteratursynet som karakteriserer *Ragnarok*. Det som er sunt er det naturgitte og autentiske. Dette er som vi har sett kopla til instinkta, og det er underkastinga til dei kategoriske naturlovane som er vegen til emansipasjon og oppvakning. Med andre ord antiintellektualisme. I tillegg blir Jensen plassert øvst i hierarkiet basert på hans slekt og opphav. Igjen passer det med Lello sin karakteristikk av litteraturen under okkupasjonen. Verdisynet blir spegla i litteraturen, og Lello hevdar at bonden sin «politiske makt er rasemessig og naturmytisk begrunnet.»²⁴⁶ For Strand ligg dermed Jensen sin litterære styrke i det at han er bonde. Den rasemessige styrken gjer at i Strand sin lesing har Jensen tilgang til urinstinkta og sann kunnskap. Dette synet blir også spegla av at Jensen her blir til ein Isak Sellanaa, berre meir utadvent. Medan Isak haldt seg på garden sin, reiser Jensen ut og nyttar sin kunnskap og innsikt som er tildelt ham gjennom blod og instinkt, som Strand framhevar i utdraget over. Synet på rase gjer at Strand kan heise opp heile Jensen sit forfattarskap, og samanlikninga til Isak Sellanaa kjem også av at Strand brukar Hamsun i sin lesing av Jensen: «slik sang han [Jensen] om seg sjøl, denne store himmelstormer i nordisk litteratur, Knut Hamsuns stallbror». ²⁴⁷ Hamsun var høgt akta i tidsskriftet, og hans støtte til nazismen både før og under okkupasjonen var gjengs. Strand tek eigarskap over Jensen sitt forfattarskap på vegne av tidsskriftet. Det skjer ved at Strand setter Jensen ved sida av Hamsun. Men også gjennom spesifikke normverdiar Strand tildeler Jensen sitt forfattarskap. Desse er som vi har sett knytt til antiintellektualismen, bondeætta, naturmennesket, det nordiske, elitetenking basert på rase og synet på kvinna. Det er snakk om dei same normverdiane som *Ragnarok* tildeler Hamsun sitt forfattarskap, og Jensen blir gjort til ein helt i det reaksjonære normsynet gjennom Strand sin lesing og biografi. Hamsun blei tildelt Nobelpisen i litteratur for *Markens Grøde*, og som vi har sett trekker Strand parallelle mellom Isak Sellanaa og Jensen. Hamsun og *Ragnarok* delte mykje av dei same verdinormene, og her tek tidsskriftet eigarskap over Jensen sitt forfattarskap, også gjennom litteraturprisen. Hamsun blei sett på som ein trusfelle av tidsskriftet, og nå som Jensen hadde blitt tildelt Nobels litteraturpris kunne *Ragnarok* spegle sine normverdiar i ikkje berre ein, men to litteraturprisvinnarar.

²⁴⁴ Tor Strand, «Johannes V. Jensen», *Ragnarok*, Hefte 3/4, april 1945, 92.

²⁴⁵ Tor Strand, 92.

²⁴⁶ Lello, «Den nasjonalosialistiske litteraturen under okkupasjonen», 108.

²⁴⁷ Tor Strand, «Johannes V. Jensen», *Ragnarok*, Hefte 3/4, april 1945, 92

Ragnarok og ungdommen

Gjennom 10 år utsette *Ragnarok* den norske offentlegeita for sin tolking av nazismen, men også rein omsetting av SS-ideologien. Gjennom alle dei ulike tekstsjangrane skulle det refse og påverke. Med sine eigne ord i 1935 skulle det ta «stannpunkt til spørsmål av vesentlig betydning for folk og stat.» Det som derimot har mangla er døme på desse standpunkta i form av stadfesting frå lesarane, har skjeldan blitt illustrert det utretta i praksis. Det som følger er to dømer på dette. Det første er ein kort og komisk liten notis som nærmar seg det banale. Banal eller ikkje vil den illustrere eit forsøk på å *norrønifisere* samfunnet. I hefte 1 – 4 under tittel «Ordførertittelen» foreslår T. H. Dahl å endre titlar som *ordførar* eller *fylkesmann* til «berreshøvding», «byhøvding» eller «fylkeshøvding». ²⁴⁸ Dette innlegget kan overførast til det dømet som eg tek meir alvorleg.

«Ordførartittelen» illustrerer at det er lett å anta at tidsskiftet blei lest av menn rundt ca. 30 år, og særleg oppover. Dette er sidan storparten av artiklane ofte omtalar meir «vaksne stoff», som t.d. litterære analyser, Grønlandssaka, geografiske skildringar av folkevandringar, biografiar av eldre eller avdøde skikkelsar, eugenikk, politikk osv. Med andre ord ikkje typisk ungdomsstoff. I tillegg til dette var den indre kjerne og mange spaltistar på rundt same alder og oppover. Jacobsen og Wiesener var begge rundt 45 på denne tiden, og Imerslund hadde blitt 33. At *Ragnarok* var mest interessant for godt vaksne avkreftar spaltisten Carl-Martin Kramer under spalta «Post Festum til „Ragnarok“s 10-års jubileum» i Hefte 1/2, mars 1945. Spalta på to sider består av kommentarar og notisar til jubileumsnummeret frå desember 1944. Kramer skriv sjølv at han var 15 år gammal i 1933, noko som gjer at han fylte 17 år det året *Ragnarok* blei oppretta. Vidare hevdar han å ha lest tidsskriftet sidan starten og det som særleg fenga var spalta *Kringsjå*: «Når jeg i dag kan glede meg ved en sunn og frisk politisk helse så takker jeg den friske luften fra slyngelalderen for det.»²⁴⁹ «Den friske luften» er spalta *Kringsjå*, og Kramer legg storparten av sin politisk vakning i det å lese den. Spalta viser det seg har hatt den påverknaden som kanskje var tiltenkt. Som eg skildra i kapittel 1 kan spalta samanliknast med våre samtidige *I Saksa* i *Klassekampen* og *Summetonen* i Bergensavisen. *Kringsjå* var full av syrlege, humoristiske, ironiske og sarkastiske kommentarar, tankerekker, uthengingar, karikaturar (ofte rasistiske). I tillegg til utdrag frå blant anna aviser, tidsskrift og intervju med kommentarar ofte av Jacobsen. Den har tydelege populistiske trekk med sin «sunne fornuft», sitt meir «folkeleg» språk og at den talar på

²⁴⁸ T. H Dahl, «Ordførertittelen», *Ragnarok*, Hefte 1/2, mars 1945, 33.

²⁴⁹ Carl-Martin Kramer, «Så møtes vi ved neste korsveg», *Ragnarok*, Hefte 1/2, mars 1945. 49.

vegne av den etniske eininga «folket». Kommentarane er korte og presise. Med andre ord perfekt for ungdom som ikkje nødvendigvis hadde tid eller lyst til å lese lengre utgreiingar. *Kringsjå* visar seg å ha gjort tidsskriftet tilgjengeleg for yngre lesarar. Spalta og etter kvart heile tidsskriftet prega Kramer si politiske utvikling. Dette blir illustrert i same hefte der tidsskriftet trykker Kramer sin artikkel «Folkeakademier». Kramer illustrerer det *sosialistiske* perspektivet i nasjonalsosialismen, eller rettare sagt hans syn på den økonomiske statlege styringa som har direkte påverknad på det sosiale i samfunnet. I artikkelen skildrar han sine besøk til eit *folkeakademi* i ein ikkje namngitt by i Tyskland. Folkeakademia skildrar han som ein institusjon for alle der ein kunne sjå foredrag, filmar og konsertar, samt ta kurs i språk, teikning, stenografi, fotografi og anna. Kursa var lagt opp til at ein kunne kombinere med fullt arbeid, studiar eller skole. Kursa kosta ikkje pengar, og ein kunne kjøpe konsertbillettar i seriar på 12 til «en latterlig billig penge». Finansieringa var det staten eller kommunen som stod for. Kursa låg på eit høgt nivå og var anerkjent av alle.²⁵⁰ Det er her det sosialistiske perspektivet kjem fram. Staten eller kommunen må ifølge Kramer gjere undervising- og kursingsinstitusjonar til felleseiige, og tilgjengeleg for alle borgarar. Sjølv sagt er nazismen alt frå sosialistisk i den forstand at blant anna den rasistiske grunntanken gjer det umogleg å vere sosialistisk: jødar skulle ikkje ha same rettigheter. Sett vekk i frå dette fremjar Kramer her at utdanning skulle vere tilgjengeleg for heile folket, utan omtanke til individets økonomiske midlar. Folket er sjølv sagt ikkje *demos*, men *etnos*. Kramer fremjar korleis folkeakademia var organisert og dermed sitt syn på den statlege styringa. Innlegget illustrerer den faktiske nedslagskrafta til *Ragnarok* på eit ideologisk nivå, samt redaksjonen sitt syn på eget arbeid. Kramer leste tidsskriftet frå ung alder og framhevar sjølv at «en av de store opplevelser i mitt liv ble det første gang jeg så mitt eget navn utenpå «Ragnarok» som bidragsyter. Så tilfreds har jeg sjeldan følt meg.»²⁵¹ Kramer var dermed også ein måte for redaksjonen å vise fram den positive påverknaden det hadde på ungdommen. Kramer illustrerer også dei unge og eldre stemmane i samspel. Det som skulle bli tidsskriftets framtid saman med dei som allereie hadde døydd. *Ragnarok* skreiv ofte kronikkar eller nekrologar om høgtståande skikkelsar, og her passar det på å også framheve dei unge.

²⁵⁰ Carl-Martin Kramer, «Folkeakademier», *Ragnarok*, Hefte 1/2, mars 1945, 34 – 35.

²⁵¹ Carl-Martin Kramer, «Så møtes vi ved neste korsveg», *Ragnarok*, Hefte 1/2, mars 1945. 49.

Konklusjon og funn

Korleis eige kulturen?

I innleiinga skreiv eg at utvalet av leiarartiklane vil avdekke verdisynet- eller grunnlaget til *Ragnarok*. Dette synet er komplisert, og er prega av ikkje berre spaltistane si samtid, men også fortid og deira eigen førestilling om framtida. Rett frå byrjinga hevdar tidsskriftet at samfunnet er under trussel, samstundes som det er i støypeskeia. Det skulle med andre ord vekke nazismen som låg latent i folket. Der Hitler etter kvart hadde lykka i å få brei oppslutning bland folket, var det politiske og sosiale landskapet i Noreg langt frå situasjonen i Tyskland på 1920- og 30-talet. Det som skulle til for å vekke nazismen måtte vere noko anna enn å spele på dei same strengane som Hitler, men samstundes med det same ideologiske grunnlaget. Svaret på spørsmålet om kva som er *Ragnarok* sitt verdisyn- eller grunnlag, ligg i litteraturen som tidsskriftet framheva. Det var i litteraturen *Ragnarok* stadfesta og peika ut sitt verdisyn og grunnlag. Slektskapet til Tyskland og det germanske var fokus, og tidsskriftet talte på vegne av kulturen. Ved å ta eigarskap over kulturen, kunne det også overføre sin ideologi til den. Under krigen blei dette verdisynet stadfesta av okkupasjonsmakta, sjølv om tona i tidsskiftet var ambivalent til ein okkupasjon. Det handla framleis å knyte det norske til det germanske. Dette var for å fremje eit samband med Tyskland, samstundes som tidsskriftet framleis skulle manøvrere fram til det autentiske og særprega norske. Slektskapet til det germanske måtte dermed ikkje gå på kostnad over det nordiske. Med sin litteratur-tunge profil, låg framleis svaret gjennom resepsjon, lesing og bruk av litteraturen, samt andre kunstformer. Med sin kulturelle moralske overlegenheit talte tidsskriftet på vegner av alle nordmenn, og dermed vise veg til fred og eit sterkt germansk samband. Mot slutten av krigen våren 1945 rakk verdsbildet. Nazismen heldt på å tape, og *Ragnarok* måtte manøvrere fram i ein usikker periode.

Tidsskriftet gjennom alle dei ti åra å tale på vegner av folket, og den instinktive ariske skaparkrafta blei rettesnor for tidsskriftet og kretsen rundt. Det dei åtvara mot var undergang i møte med bolsjevismen og den jødiske konspirasjonen, noko som blei ein sjølvoppfyllande profeti. Dette darwinistiske perspektivet handla dermed at dei sterke arveanlegga vil alltid sigre over det svake, og det sjuke vil bli sjalta ut. Det svake var for *Ragnarok* med på å øydeleggje samfunnet og dei sunne og friske nordiske instinkta – som kan overførast til kulturen og rasen. På den måten blei motstandarane parasittiske. Ved å ta eigarskap over kulturen kunne det bruke kunsten for å vise til anten forfall eller styrking av samfunnet. Då motstandarane skulle peikast ut, blei t.d. bøkene i *Den gule serie* eksplisitt knytt til

forfallsnarrativet, medan styrkinga blei t.d. knytt til litterære uttrykk som framheva det norrøne med Ibsen som representant. Eigarskapet over kulturen blei grunna i tidsskriftets forkynning av det som blei framheva som sunne litterære og andre kunstnariske uttrykk. Måten tidsskriftet tok eigarskap over kulturen blei å vise til dei kulturelle uttrykka som stod for undergangen, samstundes som det som skulle redde den og føre Norden og Norge inn i gullalderen. Det ragnarok som *Ragnarok* fremja får dermed to lag: eitt der det handlar om moralsk og kulturell undergang lagt til den jødiske konspirasjonen, og eitt som handla om eit framtvinga skisma i samfunnet som ville leie til ein gullalder. Begge desse ragnaroka blei lagt til og stadfesta i kulturen gjennom lesing og resepsjon av litteraturen og andre kunstnariske uttrykk – både nordisk og internasjonal.

Ekkokammeret Ragnarok

Problemstillinga mi handlar om å avdekke korleis *Ragnarok* brukte og tilpassa litteraturen for å spreie nazismen. *Ragnarok* brukte litteraturen aktivt for å lage eit narrativ omkring det som skulle bli ein gullalder. Gjennom mine analysar har vi sett at verdinormene blir avdekkja gjennom korleis *Ragnarok* møter litteraturen – både samtidig og eldre litteratur og forfattarar. Veldig fort blir den nordiske rasen kopla til det ariske opphavet. Det er snakk om ei stram kurs der opphav har direkte konsekvens. Gjennom si lesing av t.d. *Upanishadane* hevdar kretsen å representere ariske uthrykk i mytiske og naturgitte eigenskapar som handlar om det biologisk overlegne. I eit sosialdarwinistisk perspektiv låg *Ragnarok* opp til konstruksjonen om skilnadar mellom rasane, og hevda med sitt opphav som øvst i hierarkiet. Opphavet er den eldste delen av det *indoeuropeiske* som også blir knytt til det autentiske og sunne. Med dette fastslått er det instinktet til den ariske rasen som førar til «trongen» om å forkynne bodskapet sitt. Perspektiva *arisk* og *indoeuropeisk* går med éi gong over til *germansk* og *nordisk*. Det er her tidsskriftet si vilje og naud til å endre narrativ viser tilpassinga til den nordiske modellen visar seg. Det kan vere at *arisk* og sambandet til det *indoeuropeiske* høyrtest for framand ut. Det retoriske verkemiddelet blei å endre dette narrativet til det nordiske, via vikingkongane og segna frå mellomalderen. På denne måten tok tidskiftet eigarskap over det opphavelege og autentiske – og overførte det til konstruksjonen om «den nordiske rasen». Dette var for å kople den fastslåtte kurset over til det kulturelt nære som nordmenn kunne identifisere seg med. Det at kretsen var tett samansveisa, og identifiserte med den nyheidenske religionen var med på å styrke narrativet omkring det opphavelege og autentiske, og var dermed urokkeleg. Med slike vendingar kunne tidsskiftet uanstrengd manøvrere ikkje berre i det kulturelle landskapet, men også samfunnet generelt.

Alle faktorar i samfunnet som hadde uønskte element, kunne enkelt peikast ut som fiendar, og som måtte utslettast for at det sunne skulle sigre. Dette blei eit kategorisk elementet i *Ragnarok* sin læresetning, og gjer seg utslag frå første stund. Som vi har sett handlar dette om at kretsen bak *Ragnarok* hevda dei var øvst i eit rasebasert hierarki. Tidleg ute er det bolsjevismen og jøden som blir stempla som grunn til undergang. At eksplisitt bolsjevismen og jødane blir stempla som fienden, er det noko som held seg gjennom heile tidsskriftet sitt liv. Motstandarane til *Ragnarok* fremja det sjuke som stod for undergangen, og dette blei kopla med *jøden*. Hovudgrunnen for den store og utstreckte bruken av litteratur var ikkje berre for å vise til kva som var grunnen og vegen til undergangen av samfunnet – pasifisme og bolsjevisme, altså det som blei knytt til det jødiske, men også at det er i litteraturen ein finn frelsa og vegen til det ragnarok tidsskriftet ønska, og dermed gullalderen – altså det nordiske. Det visar seg at gullalderperspektivet er ein antitese av politikken og samfunnet *Ragnarok* hevdar er på veg til. Med andre ord er det som blir sett på som svakt.

Undergangen blir identifisert gjennom det som blir stempla som entartet kunst. *Ragnarok* peiker dermed ut både den fullverdige og entartete litteraturen. Gjennom dette kan vi finne fram til ein modell for begge desse, og den opptrer som ganske enkel: uttrykk som framhevar det norrøne, naturbarnet, bonden, nasjonen og samarbeid mellom dei nordiske landa er fullverdig. Det som bryt med eller utfordrar dette synet er entartet. Denne modellen ligg nært opp til det populistiske, og framhevar at for *Ragnarok* var det snakk om å spele på strengane som «vanlege folk» kunne identifisere seg med. Dette kan også overførast til val av tema gjennom *Ragnarok* sitt liv. I *Ragnarok* kunne skribentane med denne modellen vise til anten forfall eller dømer på sunne tendensar ved aspektar i kulturen og samfunnet. *Ragnarok* representerer dermed eit forum som gav spaltistar og lesarar eit bredt spektrum for kritikk, lesing, omtale, analyse og innlegg. I *forumet Ragnarok* kunne ein dermed finne aksept og stadfesting for sine meiningar og idéar. For oss som studerer *Ragnarok*, opptrer tidsskriftet som eit ekkokammer for spaltistane og kretsen bak. Mellom sidene oppstod det eit talerøy der aktørane kunne stadfeste sine eigne og kvarande sine meiningar. *Ragnarok* gjorde det mogleg for kretsen å ta utanforståande element og tvinge dei inn i tidsskriftets ramme. Viss elementet ikkje passa ramma, stod det som utfordrar og fiende. Uansett om elementet var nazi-sympatisør eller ikkje, opptrer ekkokammeret *Ragnarok* som ein altoppslukande arena med kategoriske «lovar» – slik som vi ser med bruken av t.d. Ibsen, *Den gule serie* eller omtala av Grønlandssaka. Ekkokammeret *Ragnarok* gjorde det også mogleg å anvende denne modellen på skikkelsar – både ekte, oppdikta, historiske, daude eller levande. Gjennom bruken av litteraturen og andre kunstformer oppstod det konsensus om ideala, og desse

omfamnar heile arenaen som samfunnet representerer. Redaksjonen låg føringar for ideala gjennom si lesing og framheving av litteraturen.

Ein ragnaroksk kanon? Tema for vidare forsking

Den store og utstreckte bruken av litteraturen ligg altså som eit fundament for *Ragnarok*, og hovudfunnet i masteroppgåva er bruken av det litterære. Funnet er knytt til korleis litteraturen blei brukt for å fremje bodskapet til tidsskriftet. Samstundes avdekker måten litteraturen blei brukt på, korleis nazismen blei omsett til det norske og det nordiske. Nazismen hadde sitt utspring i Tyskland og det germanske, men i *Ragnarok* blei nazismen gjort nordisk gjennom å framheve litteraturen. Dette er litteratur som i tidsskriftets lesing framhevar:

antiintellektualisme uttrykka gjennom bonden og naturen, heroisme, eugenikk, imperialisme, soldatar og bandet mellom dei, kamp, og framheving og mytologisering av det norrøne via mellomalderen og segna. Alt dette blei knytt til «nordiske instinkt» og autentisitet.

Samstundes, og heilt sentralt framhevar også denne litteraturen: kvinnehat, rasisme, antisemittisme og anti-bolsjevisme. Med andre ord var tidsskriftet bevisst på utveljing og framheving av litteratur. Dette gjeld både den fullverdige og den entartete litteraturen. Måten litteraturen blir behandla i tidsskriftet, gjer at vi kan nærme oss ein kanon. Punkta over kan sjåast på som karakteristikkar av *Ragnaroks* litterære kanon, men oppstår ikkje nødvendigvis alle samstundes. I t.d. Ibsen eller Seghers er det i *Ragnarok* sin lesing at desse ofte oppstår. I Ibsen sitt tilfelle blei han knytt til panskandinavisk nasjonalisme, og i Seghers sitt tilfelle er det klassekamp som blir knytt til bolsjevismen og dermed jøden og det korrumperete. At opprøret feila i Seghers' *Fiskeropstanden i St. Barbara*, er med på å stadfeste for *Ragnarok* at det «sunne» vil sigre over det «sjuke». Medan Ibsen sin dikting om Harald Hårfagre illustrerer at dei «sunne» nordiske instinkta som skal foreine dei med «felles» opphav.

Dermed blei også segna knytt til det opphavelege reine og autentiske som blei overført til det norske og nordiske mennesket i *Ragnarok* si eigen tid, og dermed også kulturen. Eg vil hevde at Jacobsen utan tvil var den mest litterært kyndige, og var heilt sentral i det litterære aspektet i tidsskriftet, gjer at vi kan nærmast snakke om *Jacobsens litterære kanon*. Hans bakgrunn som forlagsmann er med på å styrke dette. I samanlikning med Sveen sitt forsøk på ein nasjonalsosialistisk kanon, er likskapane tydelege mellom den litteraturen som blei framheva, som t.d. *Harald Svartes saga*, *Markens Grøde* og *Ved Tusendårs-Festen*. Sveen lagde ein norsk kanon, og for å spekulere, vil eg hevde at *Ragnarok* sin kanon består av ikkje berre norske forfattarar. Eg vil hevde a litteraturen som blir framheva i *Ragnarok* er med å kategorisere den norske nazismen gjennom kulturelle uttrykk som ikkje berre ser innover,

men også utover. Dette blir stadfesta i omtalen av Imerslund. Ifølge minneorda, såg han utover og innover, og dette er som vi har sett knytt til *den ideale mann*. Imerslund blei som eg hevda gjort til ein Isak Sellanraa som såg og reise ut. Alt det som Jacobsen identifiserer med i «den nordiske rase» ligg også i dette perspektivet om å sjå utover. «Den nordiske rase» blir dermed for Jacobsen også uttrykka andre stader i litteraturen enn berre den norske.

Dette blir også støtta med at t.d. Nietzsche ofte blei framheva og sitert rundt om i hefta.

At Nietzsche saman med andre anerkjent store forfattarar blir trykka, attgjeve, sitert og omtala på lik linje med mindre kjente reaksjonære forfattarar, er med på kanoniseringa. Dei meir ukjente norske og internasjonale forfattarane som ikkje berre blei omtala i tidsskriftet, men også utgitt på Kamban Forlag, blir dermed tatt med i kanonen. Gjennom denne kanoniseringa vil dermed dei allment anerkjente forfattarane bli tvunge inn i *Ragnarok* si lesing. Dei mindre kjente reaksjonære forfattarane som var meir uttalte om t.d. rase og antisemittisme blei sidestilte med t.d. Nietzsche og Ibsen, og på same måte som Sigurd Hoel stod bak *Den gule serie*, oppstår det gjennom bruken av det litterære i *Ragnarok* nærmast Jacobsen sin «*Den ragnarokske serie*». Den tyskstyrte statsmakta legitimerte det reaksjonære (litterære) verdsbildet, og *Ragnarok* var aktivt med på å realisere dette gjennom hovudsakeleg litteraturen. Tidsskriftet tok eigeskap over litteraturhistoria, og forma det etter sitt eget bilde, og den utstrekte bruken av alt litterært er dermed ikkje tilfeldig. Detta er støtta opp om at Himmler gav *Ragnarok* kulturelle mandatet. Dette var ei tid litteraturen hadde ein større påverknad på samfunnet. I det Imerslund døyr, gjer *Ragnarok* han til martyr i den nordiske kampsaka. Han kjempa på tysk side under SS, men gjorde det i tidsskriftet sitt narrativ eine og aleine for den nordiske tanken og rasen si framtid. Ved å aktivt omsette og trykke «store» forfattarar, ta eigedom over litteraturhistoria, i tillegg til sagakongane og sagalitteraturen gjorde tidsskriftet seg til redningsmenn av Norden og den nordiske rasen. På denne måten blir også *Ragnarok*, og særleg Jacobsen, teoretikar av den nordiske nazismen. Dette kan vi ta vidare og streke ut ein «ragnarokske kanon». I dialog med Andersen sine tematiske likskapar av nazistisk lyrikk, kan vi utvide litteratursynet og finne fleire litterære likskapar. Vi kan sjå at dei tematiske likskapane som Andersen finn i norsk nazistisk lyrikk allereie ligg som grunnlag i *Ragnarok* frå byrjinga av. Desse likskapane blei dradd ut frå t.d. Winsnes og van den Bruck sine tekster frå 20-talet, og løfta opp som litterære og ideologiske ideal. Til skilnad frå Sveen sin kanon, blir fienden og trusselen om undergang peika ut i *Ragnarok*. Som vi har sett, er det ofte moderne kunst og litteratur som blir framheva som dømer på forfall. I *Ragnarok* blei fiendane peika ut får starten av.

Dette førar til at vi kan utvide Andersen sine tematiske trekk med:

- 1) Verdisynet er mannsdominert. Dette kan også utvidast til *bandet* mellom menn og kameratar.
- 2) Subjektet er ofte i kamp med namnlause og framande makter. Maktene blir framstilla med mørke hensikter som truar den nordiske rase og samfunn.
- 3) Fiendebildet er uttalt det jødiske, eller alt som fremjar det som blei sett på som jødisk påverknad.
- 4) Imperialistisk tankegods i form av å reise ut og spreie rasen, samt forkynne det «nordiske bodskapet», ofte skjult som eventyr- og reiselyst.
- 5) Eit sterkt fokus på soldaten, militæret og soldatbandet. Dette blei ikkje berre lagt til nåtida, men også til vikingane.
- 6) Litteratur som tematiserer eugenikk.
- 7) Skilnadar mellom konstruksjonen om «rasane».

Fleire av desse punkta går ofte inn i kvarandre. Punkt 1, 4 og 5 er tett knytt, og det er snakk om vikingferdene som blei mal for reiselysta. Punkt 4 kan også knytast til punkt 6 og 7 der myten om raseskilnadar og eit rasehierarki rådar, samt myten om «den reine rasen». Punkt 4 har fleire likskapar med Andersen sitt trekk om «utferdstrang».

Mange av innlegga skrivne av den indre kretsen, framheva litteratur, samt innsendte tekster i *Ragnarok*, treffer også desse punkta. I tillegg kan dei tolkast som nazistisk teori omsett til norske utrykk. Jacobsen er den som blir trykka mest, også fordi han satt lengst som redaktør. Særleg han stig opp som leiarstkikkelsen for den «ragnarokske» teori og kanon. Punkta over, samt Andersen sine tematiske likskapar kjenneteiknar Jacobsen si verksemnd gjennom alle dei ti åra.

Kanoniseringa, eller trekka som karakteriserer verdinormene og -synet i *Ragnarok* er med på å blant anna avdekke «Det norrøne riket». Gjennom *Ragnarok* si lesing basert på nazistisk tankegods som det utvida for å passe det «norske» ser vi konturane av gullalderen. Gullalderen er dermed ein syntese av ein stat som fremjar desse syna og setter dem ut i politisk, sosial, økonomisk, religiøs og kulturelle handlingar og føringar. Framstillinga av det norrøne riket opptrer i tidsskriftet med ulike namn som «Germanien» eller «Norrønariket». I tillegg til å vere resultat av min forsking i denne oppgåva, er funna også interessante tema for vidare forsking. I tillegg til dette vil det være fruktbart å forske på *Ragnarok* i eit

kjønnsteoretisk perspektiv.

Forskinga på *Ragnarok* avdekkar det kompliserte samfunnet som mellomkrigstida og krigen over store delar av verden representerer. Påverknadane frå dei store massestrøymingane som prega tida rundt og lenge etter den første verdskrigen gjer seg utslag i alle delar av kulturen. *Ragnarok* skulle påverke det norske og nordiske samfunnet i ei nazistisk retning, og gjennom tidsskriftet fant dei reaksjonære strøymingane stad i den norske offentlegheita, sjølv om det i etertida er NS som har hatt størst fokus. Kretsen bak *Ragnarok* sin gullalder blei lagt til nordiske og germanske kulturelle uttrykk. Dette blei gjort ved å ta eigarskap over kulturen, og tvinge den inn i verdsbildet til kretsen bak tidsskriftet. Litteraturen fekk ei særstak rolle, og illustrerer at det er gjennom litteraturen dei store mysteria alltid vil bli forsøkt å bli avdekka.

Profesjonsrelevans

Profesjonsrelevansen til denne oppgåva er dessverre høgaktuell. Relevansen har to lag: eitt på individnivå, og eitt på eit meir generelt samfunnsnivå. I vår egen tid er høgreekstremismen på frammarsj. I USA storma som kjent høgreekstremistar den amerikanske kongressbygningen i protest mot valresultatet. Terroristane Anders Behring Breivik og Philip Manshaus sympatiserer begge med det høgreekstreme verdisynet. Som kjent gjorde Behring Breivik nazihelsing og Manshaus hadde hakekorset hengande på rommet sitt. Det er allmenn kjent at desse to personane blei meir ekstreme gjennom høgreekstreme forum på internett. Det er dermed ein parallel mellom desse foruma på internett og *Ragnarok*. Begge er ekkokammer der aktørane egger kvarandre opp og får stadfesta meiningsane sine hos likesinna. Gjennom arbeidet med masteroppgåva mi har eg fått kunnskapar som gjer meg i stand til å tidleg kunne identifisere haldningar som han radikaliserast gjennom slike ekkokammer. I tillegg har oppgåva bidratt til at eg kan drøfte og diskutere høgreekstreme. I sakane som omtalar høgreekstreme terroristar blir det ofte framheva at det er viktig å oppdage dei tidlege stadia. Dette er på individ-nivå, og er relevant i eit klasserom eller arbeid med ungdom.

Det andre perspektivet handlar om politiske handlingar på statleg nivå. Det skjer betydelege innskrenkingar av folks retter i fleire statar over store deler av verda. Nå er det sjølvsagt langt mellom holocaust og innskrenkingar av retter. Likevel må vi alle hugse at forfølginga av jødar, homofile, journalistar, politiske motstandarar, kunstnarar, og romani før og under krigen byrja med dei same innskrenkingane som vi ser i store deler av verden, også i Noreg. Ifølge ein ekspert på menneskerettar i FN, utgjer den systematiske diskrimineringa av det palestinske folket apartheid.²⁵² I Polen har den høgrepopulistiske regjeringa stramma inn rettene til lhbt+-personar og kvinner for å fremje såkalla «tradisjonelle verdiar», og Amnesty International hevda: «I kjølvannet av den nye autoritære vendingen følger kritikk av mangfold og likestilling, angrep på kvinnernas og lhbtq-personers rettar, trans- og homofobi, og en økning i hatkriminalitet.»²⁵³ Desse to døma beviser at det internasjonale samfunnet er ansvarlege for å identifisere og hindre diskriminering og undertrykking av ikkje berre etniske minoritarar, men også kvinner og lgbt+ sine rettar over heile verda, også i Noreg. *Ragnarok* representerer eit verdisyn som truar menneskerettane. Det finst mange likskapstrekk mellom verdisynet i *Ragnarok* og korleis folk blir behandla i dei døma eg har framheva.

²⁵² United Nations, «Israel's occupation of Palestinian Territory is 'apartheid': UN rights expert».

²⁵³ Amnesty International, «Polen»

Dette er noko som går ann å arbeide med, og drøfte i eit klasserom. Det som masteroppgåva illustrerer er at desse sakane må løftast opp i lyset og drøftast. Ved å drøfte og samanlikne t.d. synet på jødar i *Ragnarok* med korleis religiøse/kulturelle minoritetar blir sett på og behandla i vår eigen tid, kan vi finne fellestrekke. Ved å vise til kva som var konsekvensen av antisemittismen, kan vi forhåpentlegvis i eit kort- og langsiktig perspektiv vere med på positive endringar.

Litteratur

Andersen, Per Thomas. *Norsk Litteraturhistorie*. Oslo: Universitetsforlaget, 2012

Egeland, Kjølv. *Mellomkrigstid*, bind 5 av *Norges litteraturhistorie*, redigert av Edvard Beyer. Oslo: J. W. Cappelens Forlag A.S, 1996.

Emberland, Terje og Bernt Roughtvedt. *Det ariske idol. Forfatteren, eventyreren og nazisten Per Imerslund*. Oslo: Aschehoug, 2004.

Emberland, Terje og Matthew Kott. *Himmlers Norge: nordmenn i det storgermanske prosjekt*. Oslo: Aschehoug, 2013.

Furuseth, Sissel. «Det litterære tidsskrift som analyseobjekt og historisk kilde» I *Kritiske Portretter – Litterære tidsskrift etter 1880*, redigert av Vassenden, Eirik, Jahn Thon og Sissel Furuseth, 283 – 299. Trondheim: Tapir Akademiske Forlag, 2010.

Furuseth, Sissel, John Holljen Thon og Eirik Vassenden. «Tidsskrift, kritikk, historie – en innledning» I *Kritiske portretter – Litterære tidsskrift etter 1880*, redigert av Sissel Furuseth, Jahn Holljen Thon og Eirik Vassenden, 9 – 19. Trondheim: Tapir Akademiske Forlag, 2010.

Groth, Helge. *Hovedlinjer I Mellomkrigstidens Norske Litteratur*. Bergen: A.S. John Griegs Boktrykkeri, 1947.

Grøtta, Marit. «Romantisk tidsskriftideologi» I *Kritiske portretter – Litterære tidsskrift etter 1880*, redigert av Vassenden, Eirik, Jahn Thon og Sissel Furuseth, 19 – 33. Trondheim: Tapir Akademiske Forlag, 2010.

Jul-Larsen, Kristoffer. «Hva må sies? Artikler om litteratur i *Veien frem* (1936 – 1937)» I *Kritiske portretter – Litterære tidsskrift etter 1880*, redigert av Vassenden, Eirik, Jahn Thon og Sissel Furuseth, 103 – 115. Trondheim: Tapir Akademiske Forlag, 2010.

Ibsen, Henrik, *Dikt*, bind 11 av *Henrik Ibsens skrifter*, Oslo [Universitetet i Oslo]: Aschehoug, 2009

Kongssund, Anita. «Kunst og ukunst – En moderne billedstorm» I *Kunst i Kamp*, redigert av Frode Sandvik og Erik Tonning, 76 – 98. Bergen: KODE, 2015.

Kittang, Atle «Fascisme og diktning i norsk mellomkrigslitteratur» I *I Nazismen og Norsk Litteratur*, redigert av Bjarte Birkeland, Atle Kittang, Stein Ugelvik Larsen og Leif Longum, 51 – 79 . Oslo: Universitetsforlaget, 1995.

Lello, Gudrun. «Den nasjonal sosialistiske litteraturen under okkupasjonen. Eksempler på litteratursyn i kulturdebatten og verdinormer i et utvalg romaner» I *Nazismen og Norsk Litteratur*, redigert av Bjarte Birkeland, Atle Kittang, Stein Ugelvik Larsen og Leif Longum, 102 – 113. Oslo: Universitetsforlaget, 1995.

Hellman, Ben. «"It's Wonderful to Be a Soviet Writer!" Vera Inber's Northern Journey in 1934.» *Slovo* 54 (2013): 19-48. <http://uu.diva-portal.org/smash/get/diva2:1263809/FULLTEXT01.pdf>

Griffin, Roger. *Modernism and Fascism. The Sense of a Beginning under Mussolini and Hitler*. London: Palgrave Macmillan, 2007.

Tonning, Erik. «Kunst, kamp og apokalypse – Nazismens kunstsysten» I *Kunst i Kamp*, redigert av Frode Sandvik og Erik Tonning, 176 – 200. Bergen: KODE, 2015.

Emberland, «Det gamle tømmerets germanske raseri» I *Kunst i Kamp*, redigert av Frode Sandvik og Erik Tonning, . Bergen: KODE, 2015.

Rottem, Øystein. *Norges Litteraturhistorie : Etterkrigslitteraturen : B. 1 : Fra Brekke Til Mehren*. Vol. B. 1. Oslo: Cappelen, 1996.

Seghers, Anna. *Fiskeropstanden i St. Barbara*. Omsette av Chr. A. R. Christensen. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, 1930.

Schaub, Christoph. «Aesthetics, Masses, Gender: Anna Seghers». *New German Critique* 42, (2015) 163 – 188. 21.05.20. <https://doi.org/10.1215/0094033X-2824261>

Stackelberg, Roderick og Winkle, Sally A. *The Nazi Germany Sourcebook: An anthology of Texts*. London: Routledge, 2002.

Sveen, Åsmund. *Norsk ånd og vilje: antologi*. Oslo: I kommisjon hos Gunnar Stenersens Forlag. 1942. <https://www.nb.no/nbsok/nb/63ec3ed70925b0236c79e771250cbf07?index=1#0>

Tjønneland, Eivind. «Åsmund Sveens antologi *Norsk ånd og vilje* og litteraturen i norsk nazisme» I «Der vårgras brydder» Nye lesinger av Åsmund Sveens diktning, redigert av Kristian Rustad, 91 – 107. Vallset: Oplandske Bokforlag, 2010.

Digitale kjelder

Aarseth, Asbjørn. «Innledning til Samfundets støtter». I *Henrik Ibsens Skrifter*. Oslo: Universitetet i Oslo. https://www.ibsen.uio.no/DRINNL_SS%7Cintro_background.xhtml

Amnesty International. «Polen». <https://amnesty.no/polen>

Arntzen, Jon Gunnar. «Ja, vi elsker dette landet». I *Store norske leksikon*. Sist oppdatert 8. oktober 2020. https://snl.no/Ja,_vi_elsker_dette_landet

Det Norske Akademis Ordbok. «baglerbisp». <https://naob.no/ordbok/baglerbisp>

Bergens Arbeiderblad. «De russiske forfattere tar aktiv del i den sosialistiske opbygning. Et interessant foredrag av Vera Inber i Studentersamfunnet». 27. oktober 1934.
<https://www.nb.no/items/d9e92dc0619aac5a506d18fdbeabc0f9?searchText=inber&page=1>

Beslaglagte bøker: liste over de bøker, forfattere og forlag som var forbudte under krigen. Biblioteksentralen. 1995. Hentet fra Nasjonalbiblioteket sine nettsider.
https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2015070108089

Dahl, Eystein og Knut Kristiansen. «Sanskrit». I *Store norske leksikon*. Sist oppdatert 30. mars 2020. <https://snl.no/sanskrit>

Dørrum, Knut og Magnus A. Mardal. «Skandinavisme». I *Store norske leksikon*. Sist oppdatert 1. januar 2019. <https://snl.no/skandinavisme>

Grieg, Nordahl. «Veien frem». *Veien frem*, Årgang 1, Nr. 1 (februar 1936): 1 – 2.
<https://www.nb.no/items/892078c8c151ae78134d827959d9a11a?page=1>

Norgesdokumentasjon. «Norge under okkupasjonen. Arbeidstjenestens organisasjon i Norge 1940 – 1945». Publisert 24. oktober 2003. <http://www.norgesdokumentasjon.no/rapporter/6-ARBEIDST.PDF>

Lorck, Anne Marie. «Søren Onsager». I *Store norske leksikon*. Publisert 13. februar 2009. https://nbl.snl.no/S%C3%B8ren_Onsager

Hatlehol, Gunnar D. «Det tredje riket». I *Store norske leksikon*. Sist oppdatert 16. januar 2021. https://snl.no/Det_tredje_riket

Teigen, Karl Halvor. «Wilhelm Reich». I *Store norske leksikon*. Sist oppdatert 4. mars 2020. https://snl.no/Wilhelm_Reich

Thorsen, Dag Einar. «Arier». I *Store norske leksikon*. Sist oppdatert 25. mars 2022. <https://snl.no/arier>

Tschudi-Madsen, Stephan. «Entartete Kunst». I *Store norske leksikon*. Sist oppdatert 10. mai 2022. https://snl.no/Entartete_Kunst

Tvedt, Knut Are og Knut Dørum. «Grønlandssaken» I *Store norske leksikon*. Sist oppdatert 22. november 2021. <https://snl.no/Gr%C3%88nlandssaken>

Rottem, Øystein. «Erling Winsnes». I *Store norske leksikon*. Publisert. 13. januar 2009. https://nbl.snl.no/Erling_Winsnes

Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter. «Norske frivillige i Waffen SS.» 29.04.2020. <https://www.hlsenteret.no/kunnskapsbasen/folkemord/folkemord-under-nazismen/bakgrunn/aktorer/norske-frivillige-i-waffen-ss.html>

Simonsson, Nils. «Upanishader». I *Store norske leksikon*. Publisert 24. februar 2021. <https://snl.no/upanishader>

Store norske leksikon. «Antiintellektualisme». Sist oppdatert 3. september 2020. <https://snl.no/antiintellektualisme>

Store norske leksikon. «Arthur Moeller van den Bruck». Sist oppdatert 9. november 2020. https://snl.no/Arthur_Moeller_van_den_Bruck

Store norske leksikon. «Den gule serie». Sist oppdatert 30. januar 2019.
https://snl.no/Den_gule_serie

Store norske leksikon. «Gau (partiorganisasjon under nasjonal sosialismen)». Sist oppdatert 20. februar 2018. https://snl.no/gau_-_partiorganisasjon_under_nasjonal_sosialismen

United Nations. ««Israel's occupation of Palestinian Territory is 'apartheid': UN rights expert». Publisert 25. mars 2022. <https://news.un.org/en/story/2022/03/1114702>

Vestli, Elin Nesje. «Anna Seghers». I *Store norske leksikon. «Anna Seghers»*. Sist oppdatert 15. juni 2021. https://snl.no/Anna_Seghers

Ragnarok

Aamland, T. «Eurasia – Et framtidsperspektiv». *Ragnarok*, 11. årgang, Hefte 1/2 (mars 1945): 25 – 30.

Barth-Heyerdahl, Stein.

- «Om demokratiet». *Ragnarok*, 3. årgang, Hefte 1 (mars 1937): 1 – 6.
- «Per Imerslund». *Ragnarok*, 9. årgang, Hefte 1 (desember 1943): 270 – 272.

van den Bruck, Moeller. «Det konservative menneske». *Ragnarok*. 2. årgang, Hefte 2 (april 1936): 33 – 38.

Dahl, T. H. «Ordførertittelen». *Ragnarok*, Hefte 1/2 (mars 1945): 33.

Damsleth, Harald. «Kunsten bak muren». *Ragnarok*, Hefte 2/3 (1942): 48 – 52.

Engelschiön, Otto. «Det norske standpunkt». *Ragnarok*, 6. årgang, Hefte 1 (januar 1940): 1.

Furuseth, Gunnar. «Der Untergang des Abendlandes?». *Ragnarok*, Hefte 1/2 (mars 1945) 50 – 59.

Fürst, Walter. «Norrøn ånd i A.T». *Ragnarok*, 3. årgang, Hefte 9/10 (desember 1937): 150 – 151.

Gundelach, Kristen. «Kunsten og dens utarting». *Ragnarok*, 8. årgang, Hefte 2/3: (1942): 39 – 41.

Jacobsen, Hans Solgaard, inkludert Kjartan Kamban:

- «Danmark og det norrøne rike». *Ragnarok*, 2. årgang, Hefte 3 (juni 1936): 57 – 60.
- «Det germanske Noreg». *Ragnarok*, 8. årgang, Hefte 1 (1942) 1 – 2.
- «Det norske folks evige liv». *Ragnarok*, 7. årgang, Hefte 1 (mai 1941): 1 – 5.
- «Ved Per Imerslunds bålferd». *Ragnarok*, 9. årgang, Hefte 9/10 (desember 1943): 225 – 227.

Johannesen, Hans Birger. «Hva er nasjonalsosialismen?». *Ragnarok*, 11. årgang, Hefte 3/4 (april 1945): 110 – 113.

Kramer, Carl-Martin.

- «Så møtes vi ved neste korsveg». *Ragnarok*, 11. årgang, Hefte 1/2 (mars 1945): 48 – 49.
- «Folkeakademier». *Ragnarok*, 11. årgang, Hefte 1/2 (mars 1945): 34 – 35.

Lothrop Stoddard. «En krise i verdens historie». *Ragnarok*, 11. årgang, Hefte 1/2 (mars 1945): 45.

Onsager, Søren. «Om «entartet» kunst». *Ragnarok*, 8. årgang, Hefte 2/3 (1942): 43 – 48.

Skander, Leif B. «Det åndelige nivå». *Ragnarok*, 11. årgang, Hefte 1/2 (mars 1945): 30 – 32.

Strand, Tor:

- «Norsk arbeidstjeneste». *Ragnarok*, 2. årgang, Hefte 1 (mars 1936): 1 – 4.
- «Johannes V. Jensen». *Ragnarok*, 11. årgang, Hefte 3/4 (april 1945): 92 – 96.

Waldschmidt, Arnold. «Gustav Vigeland». *Ragnarok*, 8. årgang, Hefte 2/3 (1942) 33 – 39.

Wiesener, Albert. «En pyroman». *Ragnarok*, 9. årgang, Hefte 9/10 (desember 1943): 275 – 276.

Ragnarok

- «Å». *Ragnarok*, 9. årgang, Hefte 9/10 (desember 1943): 233.
- «Arisk visdom». *Ragnarok*, 1. årgang, Hefte 1 (mars 1935): 0.
- «Brev til Ragnarok fra fronten». *Ragnarok*, 8. årgang, Hefte 2/3 (1942): 73 – 77.
- «Brev til Ragnarok fra fronten». *Ragnarok*, 8. årgang, Hefte 1 (1942): 30 – 31.
- «En nasjonal tragedie». *Ragnarok*, 1. årgang, Hefte 2 (april 1935): 25 – 28.
- «'Ragnarok's redaksjon». *Ragnarok*, 5. årgang, Hefte 9/10: (Desember 1939): 243.
- Første programartikkkel. *Ragnarok*, 1.årgang, Hefte 1 (mars 1935): 1 – 2.
- «Hvad man sier om 'Ragnarok'». *Ragnarok*, 4. årgang, Hefte 2 (mars 1938): 46 – 47.
- «Hvad nordmennene mener om Grønlandspørsmålet. «Ragnarok»s enquête.». 5. årgang, Hefte3/4 (april/mai 1939): 73 – 94.
- «Kringsjå». *Ragnarok*, 3. årgang, Hefte 4 (juli 1937): 117.
- «Svar, Sven Hedin». *Ragnarok*, 2. årgang, Hefte 1 (mars 1936): 17.
- «Åpent brev til Sven Hedin». *Ragnarok*, 2. årgang, Hefte (mars 1936): 16.